



Møteinnkalling

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik herad, Biblioteket
Dato:	05.09.2024
Tid:	09:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa Kjartan Haugsnes tlf. 901 89 542 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Anders Kristoffer Oppheim
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 9/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29.05.2024	2024/8	
	Politiske saker		
PS 12/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet	2022/226	
PS 13/24	Oppfølging av forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommunar	2022/337	
PS 14/24	Vurdering om Vestlandsrevisjon er uavhengig i høve Ulvik herad 2024	2024/109	
PS 15/24	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Ulvik herad.	2023/418	
PS 16/24	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 for Ulvik herad.	2023/417	
PS 17/24	Rapport etterlevingskontroll Ulvik herad 2023	2024/56	
PS 18/24	Vestlandsrevisjon IKS presenterer overordna revisjonsstrategi 2024 for Ulvik herad	2024/56	
PS 19/24	Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2025	2024/18	
PS 20/24	Eventuelt	2023/503	

GK 8/24 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2024/8-11
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	9/24	05.09.2024

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29.05.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 29.05.2024 vert godkjent

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Møteprotokoll 290524

**Møteprotokoll**

Utval:	Ulvik herad, Kontrollutvalet
Møtestad:	Ulvik, Møterom biblioteket
Dato:	29.05.2024
Tid:	09:00 - 12:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Anders Kristoffer Opheim	Leiar	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleiar	AP
Harald Gorm Johnsen	Medlem	SV
Hans Åge Ohnstad-Johansen	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Maria de Fatima Vestrheim-Gomez	MEDL	V

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Andre som møtte:

Kjartan Haugsnes, seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune
Janne Eraker, Oppdragsansvarleg revisor - Vestlandsrevisjon IKS
Trygve Solberg, økonomisjef

Anders Kristoffer Opheim
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2024	2024/8	
GK 7/24	Godkjenning av protokoll frå møte 07.05.2024	2024/8	
	Politiske saker		
PS 9/24	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet.	2022/226	
PS 10/24	Årsrekneskap og årsmelding for Ulvik herad 2023 - uttale frå kontrollutvalet.	2024/56	
	Referat saker		
RS 4/24	VS: Nytt fra FKT april 2024	2023/503	
RS 5/24	Krav om avslutting av sak 22/440, 68/3 - Grusbrekko	2022/272	
	Politiske saker		
PS 11/24	Eventuelt	2022/227	

GK 5/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 6/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.02.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 16.02.2024 vert godkjent.

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 16.02.2024

Vedtak:

Protokoll frå møte 16.02.2024 vart godkjent.

GK 7/24 Godkjenning av protokoll frå møte 07.05.2024

Forslag til vedtak

Protokoll frå møte 07.05.2024 vert godkjent

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå 07.05.2024

Vedtak:

Protokoll frå møte 07.05.2024 vart godkjent.

PS 9/24 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet.**Forslag til vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Økonomisjef Trygve Solberg orienterte.

Presentasjon vert sendt ut saman med protokoll.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 10/24 Årsrekneskap og årsmelding for Ulvik herad 2023 - uttale frå kontrollutvalet.**Forslag til vedtak**

- 1.Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale til Ulvik herad sin årsrekneskap for 2023

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet**Behandling i møte**

Økonomisjef Trygve Solberg orienterte og svarte på spørsmål.

Oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker frå Vestlandsrevisjon IKS orienterte om revisor sitt arbeid.

Presentasjon frå revisor vert sendt ut saman med protokoll.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1.Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale til Ulvik herad sin årsrekneskap for 2023.

RS 4/24 VS: Nytt fra FKT april 2024

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 5/24 Krav om avslutting av sak 22/440, 68/3 - Grusbrekko

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Referatsaka vart teken til orientering. Heradet er i prosess i saka og dette er ikkje ei sak for kontrollutvalet no.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Referatsaka vart teken til orientering. Heradet er i prosess i saka og dette er ikkje ei sak for kontrollutvalet no.

PS 11/24 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 29.05.2024 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om henvending som motteke mai 2024.

Henvendinga er sendt fleire mottakarar. Kontrollutvalet ser ikkje at dette i dag er ei sak for kontrollutvalet.

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt forslag samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet tek henvendinga til orientering og går ikkje vidare med saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek henvendinga til orientering og går ikkje vidare med saka.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/226-15

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	12/24	05.09.2024

Orientering frå kommunedirektør - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Samandrag

Kommunedirektør er invitert til dette møte. Målsettinga med denne saka er å ha eit fast møtepunkt mellom administrasjon og kontrollutvalet. Om det ikkje kjem fram noko spesielt i saka, vert det tilrådd å ta saka til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Ulvik herad har gjort vedtak om at utvalet ønskjer at kommunedirektør kan kome og orientere utvalet om «nytt frå heradet» i kvart møte.

«Kontrollutvalet ønskjer sak «Nytt frå heradet». Målsettinga er å ha eit fast møtepunkt mellom administrasjon og kontrollutvalet».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Det vert lagt opp til at dette vert fast sak på alle kontrollutvalsmøter framover. Det er ikkje sikkert kommunedirektør har moglegheit til å møte kvar gong i kontrollutvalet, men kommunedirektør vil med dette verte invitert til kvart møte.

Konklusjon

Informasjonen vert teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2022/337-12
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	13/24	05.09.2024

Oppfølging av forvaltningsrevisjon - kjøp av tenester frå andre kommunar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny status på handlingsplanen gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar til første møte i 2025

Samandrag

Heradsstyret vedtok innstillinga frå kontrollutvalet i møte 13.12.2023. Dette er andre oppfølging etter denne forvaltningsrevisjonsrapporten. Handlingsplan frå første oppfølgingsmøte ligg ved.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan forvaltningsrevisjon kjøp av tenester hst-133-23

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret gjorde slikt vedtak i møte 13.12.2023 (HST - 133/23):

Heradsstyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørge for at Ullensvang kommune som vertskommune, legg fram dokumentasjon som viser samla drifts- og lønnsutgifter knytt til heile Hardanger Barnevern. Dette er også viktig dersom heradet skal krevja tilbake eventuelle midlar etter den stor kostnadsauken i 2021 og 2022. Vidare at det vert dokumentert eventuelle refusjonar frå statleg hald samt utgifter som skal dekkjast særskilt av ein part i vertskommune-samarbeidet. Dette er viktig for å sikra tilfredsstillande internkontroll.
2. Vurdera ulike alternativ for organisering av barnevernsarbeidet. Dette kan gi betre økonomi og styrka samarbeidet med skulen og PPT-tenesta.
3. Dersom Ulvik herad fortset i Hardanger Barnevern må kommunedirektøren sørge for å få retta opp i feil og manglar i eksisterande vertskommuneavtale. Dette gjeld dei nye økonomiske føresetnadene med bortfall av Støtte frå Statsforsvaltaren og fordeling av driftsutgifter jf. Ullensvang kommune sitt behov.
4. Syta for at driftsbudsjettet for Hardanger Barnevern vert oppjustert i tråd med den nye finansieringsmodellen for drift av barnevernet sine stillingar/årsverk.
5. Sørge for at gjeldande mangelfull praksis kring fast kontordag for barnevernet i Ulvik kjem på plass i høve vertskommuneavtalen med Hardanger Barnevern
6. Vurdera om ansvaret for det kommunale barnevernet bør leggjast til oppvekstsektoren jf. at dette tenesteområdet har meir direkte kontakt med barn og unge i Ulvik herad.
7. Heradsstyret ber og om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til første møte i 2024, som viser kvar tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådinga i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Prioritert handlingsplan vert å senda kontrollutvalet sitt sekretariat innan 15.01.2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heradsstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Handlingsplan med tidsfristar vart presentert for kontrollutvalet i møte 16.02.2024, PS 1/24
Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kommunedirektør kjem med ny status på handlingsplan gjeldande kjøp av tenester frå andre kommunar til møte 05.09.2024

Partsbrev frå kontrollutvalet vart sendt 05.03.2024 og invitasjon til å orientere om vidare arbeid med revisjonsrapporten vart sendt kommunedirektør 19.08.24

Til opplysing hadde kontrollutvalet i Ullensvang kommune oppe spørsmål til rådmann i Ullensvang kommune gjeldande Hardanger barnevern i møte 30.05.2024, PS 9/24 Følgjande vart protokollert frå dette møtet: (Utdrag)

- Ulvik herad har sagt opp avtalen med Hardanger barnevern.
- Kommunane vert fakturert etter vertskommuneavtalen. I tillegg vert det sendt refusjonsskrav i høve born i kvar enkelt kommune.
- Hardanger barnevern er inne i fleire store saker.
- Ullensvang kommune skal svare ut førespurnader frå samarbeidskommunar i framtida. Rådmannen skal sjekke ut at opplysningar som er etterspurt frå Ulvik herad vert sendt.

- Det er sett i verk eit utviklingsprosjekt saman med KS - konsulent med fokus på leiing, organisering og kvalitet i tenesta.

Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny status på handlingsplanen i første møte i kontrollutvalet 2025.

Handlingsplan jf HST-133/23 vedk Forvaltningsrevisjon på kjøp av tenester frå andre kommunar med frist 15.01.2024

Utarbeidd av: Kommunedirektør Thore Hopperstad

Bakgrunn:

Pkt 7 i samrøystes vedtak i HST-133/23: Heradsstyret ber om at det vert laga ein prioritert handlingsplan til første møte i 2024, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å fylgja opp tilrådinga i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga. Prioritert handlingsplan vert å senda Kontrollutvalet sitt sekretariat innan 15.01.2024.

Nr	Tiltak	Frist	Ansvarleg	Status
1.	Sei opp avtalen med Voss herad om PPT og kommunepsykolog	31.12.2023	Kommunedirektør	Ok
2.	Sei opp avtalen med Ullensvang kommune om barnevern	31.12.2023	Kommunedirektør	Ok
3.	Utgjeie nytt tenesteområde i eigen regi, med arbeidstittel «Familiens Hus», der barnevern, PPT, kommunepsykolog, skulehelseteneste, logoped, m.m. inngår.	31.12.2024	Kommunalsjef oppvekst (i samarb med kommunalsjef helse.	I gang
4.	Tilsetja prosjektleiar/avdelingsleiar for «Familiens Hus»	Våren 2024	Kommunalsjef oppvekst	Under arbeid
5.	Vurdera organisatorisk plassering av «Familiens Hus»; Oppvekst eller Helse	31.12.2024	Kommunedirektør	
6.	Vurdera oppseiing av logoped og tilsetja eigen logoped i %-stilling.	30.06.2024	Kommunedirektør	Under utgr.
7.	Sendta formelt brev til Statsforvaltaren og be om bistand til å få ut fulle rekneskap frå Ullensvang kommune for barneverntenesta for åra 2018-2023.	29.02.2024	Kommunedirektør	
8.	Revisjonsgjennomgang for Ulvik sin del av rekneskapa for barneverntenesta, når dei er mottekne (åra 2018-2023), for å sjå desse opp mot våre rekneskap for tenesta.	31.12.2024	Kommunedirektør bestiller oppdrag frå Vestlandsrevisjon IKS	
9.	Tilsetjing av medarbeidarar til «Familiens Hus», med startdato (helst) 01.12.2024	31.08.2024	Kommunalsjef oppvekst (saman med kommunalsjef helse og hovudtillitsvald)	
10.	Dersom me ikkje kjem i mål med å etablere «Familiens Hus» med respektive tenester; starte forhandling med kommunar om kjøp av PPT, barnevern og kommunepsykolog, med mål om å kjøpe alle tenester frå ein og same kommune.	31.12.2024	Kommunedirektør	
11.	Startdato for «Familiens Hus» i Ulvik	01.01.2025	?	

Oppdatert januar 2024



Saksframlegg

Saksnr: 2024/109-2
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	14/24	05.09.2024

Vurdering om Vestlandsrevisjon er uavhengig i høve Ulvik herad 2024

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå oppdragsansvarleg revisor Janne Eraker vedrørende om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad, til etterretning.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til om Vestlandsrevisjon IKS er uavhengig i høve Ulvik herad. Vedlagte uavhengigheitserklæring frå Janne Eraker ligg til grunn for saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Uavhengigheitserklæring_til_KU_-_Ulvik_2024_-_Janne

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon skal ansvarleg revisor for kommunar og fylkeskommunar løpande vurdere sin uavhengighet. Oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka jf. Kommunelova § 23-2, jf. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16 og 19.

Vurderingar og verknader

I kommunelova § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet står det m.a. dette:

«Kontrollutvalget skal påse at

a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

I Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16 Krav til revisors uavhengighet står det dette:

«Revisor kan ikke utføre revisjon eller annen kontroll for kommunen eller fylkeskommunen hvis det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisorens uavhengighet og objektivitet. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen eller i en interkommunal samarbeidsordning medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.»

Vidare står det i § 19 Krav til egenvurdering av uavhengighet i same forskrift dette:

«Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune, skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. En skriftlig egenvurdering om revisjonens uavhengighet skal følge alle tilbud om revisjon.»

Ansvarleg revisor hjå Vestlandsrevisjon IKS, Janne Eraker har sendt over slik egenvurdering dagsett 21.08.2024 Eigenvurderingane ligg ved som vedlegg til saka.

Som det går fram av kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ein tryggande revisjon.

Kontrollutvalet si handsaming av ansvarleg revisor si egenvurdering, vil vera ein lekk i å sjå til at heradet har ein tryggande revisjon.

I nokre kommunar har revisor utført oppgåver / prosjekt for heradet, som ikkje er bestilt av kontrollutvalet. Det er ingen ting i veien for at dette kan gjennomførast, dersom det ikkje kjem i konflikt med uavhengigheit og objektivitet eller er arbeid av stort omfang. Det bør difor opplysast om revisor har utført oppdrag for heradet ut over det som er bestilt av kontrollutvalet, og storleiken på oppdraget.

Vestlandsrevisjon har stadfesta at dei ikkje har andre prosjekt i Ulvik herad enn det som er bestilt av kontrollutvalet for 2024. Sekretariatet kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar i eigenerklæringa som svekkar Vestlandsrevisjon IKS sin uavhengighet i høve Ulvik herad.

Konklusjon

Ut frå innhaldet i eigenerklæringa vert det tilrådd å ta informasjonen til etterretning.

Til Kontrollutvalet i Ulvik herad

Kopi:
Heradsstyret
Kommunedirektøren

Stadfesting av revisor sin uavhengigheit

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, gjer med dette undertekna oppdragsansvarleg revisor si eigenvurdering av vår uavhengigheit til kontrollutvalet. Undertekna er kjend med at kravet til uavhengigheit og objektivitet også gjeld for revisor sine medarbeidarar. Krava til uavhengigheit og objektivitet gjeld for alle som utfører revisjon for heradet, herunder rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I Vestlandsrevisjon IKS sine revisjonsplanar inngår ei vurdering av uavhengigheiten til kvar einskild revisor i verksemda sitt revisjonsteam som eit eige punkt i revisjonsplanen.

Ifylgje kontrollutvals- og revisjonsforskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gje ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet. Denne eigenvurderinga følgjer nedanfor.

Oppdragsrevisor si eigenvurdering av krava

Forskriftskrav	Eigenvurdering
1. Krav til revisor si uavhengigheit, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 16	§ 16. Undertekna stadfestar at det ikkje føreligg særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisoren si uavhengigheit og objektivitet.
2. Revisor si tilknytning til den reviderte verksemda, jf forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 17	§ 17. Undertekna stadfestar at revisor ikkje har ei slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte verksemda eller verksemda sine tilsette eller tillitsvalde at den er eigna til å svekke revisoren si uavhengigheit og objektivitet. Heller ikkje revisor sine nærstående har slik tilknytning.
3. Revisor sine stillingar, verv og tenester, jf.	§ 18 a. Undertekna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i heradet.

forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18	§ 18 b. Underteikna stadfestar at revisor ikkje har andre stillingar i ei verksemd som heradet deltek i, eller er eigar av utover at Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjon og er organisert som eit interkommunalt selskap.
	§ 18 c. Underteikna stadfestar at revisor ikkje er medlem av styrande organ i verksemd som heradet deltek i eller er eigar av, utover at revisor si verksemd utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
	§ 18 d. Underteikna stadfestar at revisor ikkje deltek i, eller har funksjonar i noko anna verksemd, som medfører at revisor sine interesser kjem i konflikt med interessene til heradet eller på anna måte er eigna til å svekke tilliten til revisoren
	§ 18 e. Underteikna stadfestar at revisor ikkje utfører rådgjevingstenester eller andre tenester for heradet som er eigna til å svekke revisor sin uavhengigheit og objektivitet
	§ 18 f. Underteikna stadfestar at revisor ikkje yter tenester som høyrer inn under den reviderte verksemda sine egne leiings- og kontrolloppgåver
	§ 18 g. Underteikna stadfestar at revisor ikkje opptrer som fullmektig for den reviderte verksemda, unnateke ved bistand i skattesaker etter domstolsloven § 218.

Isdalstø, 21. august 2024

Janne Eraker
Oppdragsansvarleg revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Eraker, Janne

Statsautorisert revisor og oppdragsansvarleg

På vegne av: Vestlandsrevisjon

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2024-08-22 08:20:08 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2023/418-10

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	15/24	05.09.2024

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 - 2028 i Ulvik herad.

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for forvaltningsrevisjon for Ulvik herad for perioden 2024 – 2028. Planen skal vidare til heradsstyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 ROV - Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028 - Ulvik herad ferdig

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd slik:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Det er verdt å merka seg at det i den nye kommunelova er lagt opp til at forvaltningsrevisjon av verksemda i heradet sine selskap no skal inngå som ein del av plan for forvaltningsrevisjon. I gammel kommunelov var dette ein del av det som den gong heitte plan for selskapskontroll. Etter ny kommunelov heiter denne planen plan for eigarskapskontroll og den planen skal omfatte heradet si oppfølging av selskapa som eigar (eigaroppfølging), jf. anna sak til dette møtet.

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2024 – 2028
- å gjennomføre ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av heradsstyret som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalget gjorde slikt vedtak i sak PS 27/23, 07.12.2023:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Ulvik herad og verksemda i heradet sine selskap og av Ulvik herad sin eigarskap i selskap med ein timeressurs på inntil 140 timar inkl. planarbeidet
2. Vidare ber kontrollutvalet Vestlandsrevisjon IKS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggst fram for heradsstyret i juni 2024.

Denne saka gjeld forslag til plan for forvaltningsrevisjon, jf. første del av punkt 2 i vedtaket over.

Prosessarbeidet med plan for forvaltningsrevisjon har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for eigarskapskontroll.

Vidare går det fram av punkt 3 i vedtaket over at det var tenkt at prosessmøte 1 skulle gjennomførast i møte i kontrollutvalet i februar 2024. Det viste seg at Vestlandsrevisjon IKS sitt kartleggingsarbeid ikkje blei ferdig tidnok til at det lot seg gjera. Prosessmøte 1 vart gjennomført 2. mai 2024.

Det betyr at prosessmøte 2 vert gjennomført i dette møtet. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon som ligg ved som vedlegg til denne saka skal også gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Vestlandsrevisjon IKS vil redigere planen ut frå det som kjem fram i møtet og endeleg versjon av planen vert lagt ved saka som går vidare til heradsstyret som fattar endeleg vedtak.

Vestlandsrevisjon IKS har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) m.a. gjennomført møte med kontrollutvalet, administrasjon og politisk nivå, dokumentgjennomgang, analyse av statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase.

Det er difor gjort eit grunnlagsarbeid, i tråd med bestillinga frå kontrollutvalet, for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram i kontrollutvalet i dette møtet saman med utkast til plan. (Sjå vedlegg) Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Ulvik herad, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføra planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2028 føreligg, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til heradsstyret, som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2024 – 2028. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2027, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2028, med nasjonal frist ved utgangen av 2028.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom ei rekke område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for nokre av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett opp i ei uprioritert gruppe.

Av praktiske omsyn vert det tilrådd at det vert delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i planen, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette m.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført minst ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til heradsstyret for endeleg

handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til heradsstyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av heradet sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2024 – 2028 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for heradsstyret for endeleg avgjerd.



Vestlandsrevisjon IKS

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag

Ulvik herad

Risiko- og vesentlegvurderingar til plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028

Oppdrag for kontrollutvalet

2024

Forord

Forvaltningsrevisjon er systematiske vurderingar av kommunen sitt arbeid og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Ulvik herad har Vestlandsrevisjon IKS fått i oppdrag å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering og plan for forvaltningsrevisjon.

Til grunn for arbeidet har revisjonen nytta ulike informasjonskjelder som kommunale plan- og økonomidokument, årsmelding, prosessmøte med administrative og politiske leiarar samt dialog med medarbeidarar i administrasjonen. Prioriterte områder i planen vil byggja på resultata i analysen etter drøftingar med kontrollutvalet.

Vedlagt følger analysearbeidet for risiko- og vesentlegvurdering og forslag til tema for forvaltningsrevisjon.

Vestlandsrevisjon IKS takker kontrollutvalet for oppdraget. Me vil også takke dei involverte i administrasjonen, heradsstyret og kontrollutvalet i Ulvik for godt samarbeid.

Arbeidet er utført av Arne Gilbakken, Tommy Aarethun og Geir Underhaug som er tilsette i Vestlandsrevisjon IKS. Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Voss, 12.08.2024

Arne Gilbakken

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Innhald

1	Innleiing.....	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Datagrunnlag og analysemetode.....	4
2	Ulvik herad	7
2.1	Organisasjon	7
2.2	Demografisk utvikling	8
2.3	Økonomisk utvikling	9
3	Risiko- og vesentlegvurderingar.....	10
3.1	Sentraladministrasjon	10
3.2	Barnehage	20
3.3	Skule og kultur.....	24
3.4	Helse og omsorg	31
3.5	Teknisk	40
4	Gjennomførte forvaltningsrevisjonar og tilsyn	48
5	Oppsummering	49

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet skal sørge for at det vert utarbeidd ein plan og gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Dette kjem fram av lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 23-3 og § 24-2.

Kontrollutvalet tinga i sak PS18/23 at Vestlandsrevisjon IKS skulle utarbeida risiko- og vesentlegvurdering av heradet som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon . Den skal gje kontrollutvalet og heradsstyret eit overordna verktøy til å velja område innan heradet si verksemd som det kan vera hensiktsmessig å setja spesielt fokus på, ved å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vedtakast av heradsstyret. Dette inneber at heradsstyret får ein aktiv og sentral rolle innan forvaltningsrevisjon og knytter forvaltningsrevisjonsarbeidet nærmare kontrollorganet. Det kjem fram av lovforarbeida til kommunelova at bakgrunnen for ovanståande bestemmingar er å styrke forvaltningsrevisjonen i kommunane.

1.2 Datagrunnlag og analysemetode

Me har nytta data frå følgjande kjelder som grunnlag for analysen:

Statistikk

Me har henta inn relevante statistiske data frå KOSTRA for Ulvik herad og tilhøyrande KOSTRA-gruppe og landet utan Oslo. Ulvik herad endra KOSTRA-gruppe frå 6 til 14 frå 01.01.2019. Datagrunnlaget er analysert med tanke på vesentlege avvik og risiko i forhold til KOSTRA-gruppa. Vesentlege avvik kan vera indikasjonar på at tenesta ikkje er løyst på ein tilfredsstillande måte. Det kan også vera eit uttrykk for ei effektiv organisering og drift eller eit prioritert satsingsområde i heradet. KOSTRA-tala kan innehalda feil grunna feil i rapportering eller at norske kommunar ikkje har ein felles kontoplan og nyttar ulikt skjønn i fordelinga av t.d. kostnader i enkelte prosjekt og tenester. Ein bør vera varsam med å trekkja endelege konklusjonar på større avvik i datagrunnlaget.

Me har også nytta tal frå www.skoleporten.no, som eit grunnlag for å vurdere resultat frå skuleområdet, samt tal frå www.barnehagefakta.no.

Prosessmøte

Prosessmøte vart gjennomført med følgjande deltakarar:

- ordførar med politiske gruppeleiarar,
- kommunedirektør med administrative nøkkelpersonar,
- kontrollutvalet og sekretariat

Deltakarane vart inndelt i fire arbeidsgrupper. Kvar gruppe bestod av 4-5 medlemmar samansett av representantar frå administrasjonen, politiske leiarar og kontrollutvalet. Gruppene gjekk igjennom ein felles mal med omtale og risiko knytt til dei ulike tenesteområda i heradet.

Formålet var å identifisera områder med potensiale for høg risiko. Det gjaldt både generelle utfordringar heradet står overfor og særskilde utfordringar innan dei ulike tenesteområde.

Risikoskjemaet som er nytta er delt inn i tre risikonivå: låg (L), middels (M) og høg (H).

Dokumentanalyse

Me har analysert mogeleg risiko og vesentlege forhold i heradet sine overordna styrings- og resultatdokument. Nokre av dei sentrale dokumenta er:

Årsmelding og rekneskap 2023 for Ulvik herad
Gjeldande Kommunal planstrategi - Ulvik kommune
Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027Kommuneplan samfunnsdel
Gjeldande kommuneplan samfunnsdel
Gjeldande kommuneplan arealdel
Delegeringsreglement
Heilskapleg Ros Ulvik herad 2024 – 2028
Overordna beredskapsplan for Ulvik herad 2024 – 2028
Beredskapsplan for Brakanes skule 2024-2034
Beredskapsplan for Ulvik barnehage 2024 – 2034
Handlingsplan vald og seksuelle overgrep
Plan for pos skulemiljø 2018 (1)
Rutineskildring spes. Ped.
Vedlikehaldsplan 2019 - 2031 Ulvik herad
trafiksikringsplan-2023-2026-med-vedtaksdato
Leva heile livet
Strategisk nærings- og utviklingsplan 2019-2024

Generell risiko

Vår analyse vil ta for seg risiko på eit overordna og generelt grunnlag. Det betyr at undersøkinga ikkje er uttømmende i forhold til dei områder som analysen dekkjer. Formålet og resultatet frå den overordna analysen er å peika på områder som kan vera hensiktsmessig å følgje opp med kontrolltiltak i form av mellom anna ein forvaltningsrevisjon. Kommunen er ein organisasjon som i utgangspunktet skal forvalte og tilby innbyggjarane det same tenestetilbodet uansett kvar i landet kommunen ligg. Med dette utgangspunktet kan ein sei at kommunane har stor grad av felles trekk og utfordringar. Såleis er kommunane også utsett for ein del felles risikofaktorar. Dette kan me definere som generell risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan vera eksponert for fordi kommunen leverer ein konkret tenestetype. Risikofaktorar som er generelle for kommunane er ofte omtalt i Fylkesmannen sine tilstandsrapportar. Me kan også finna generelle risikofaktorar i blant anna Helsetilsynet sin årlege tilsynsrapport.

Kommunespesifikk risiko


Det kan eksistera forskjellar mellom kommunane som bl.a. kjem til syne der lokaldemokratiet har valt å tilby tenester som ikkje er lovbestemt. Andre forhold kan t.d. vera når kommunen vel å setja bort tenesteproduksjonen til andre, for eksempel til private aktørar eller samarbeider med andre kommunar om å utføre tenestene. Andre forhold som kan skapa forskjellar mellom kommunar er knytt til demografi og geografi. Dette kan gje ulike utfordringar i forhold til omfang av og val av løysingar som vert ytt til innbyggjarane i relasjon til tenestene dei har krav på. I tillegg er det forskjellar i kommunane sine økonomiske føresetnader på dei einskilte tenesteområda. Dette kan definierast som

kommunespesifikk risiko. Dette er risikofaktorar som kommunen kan utsetjast for på bakgrunn av korleis kommunen har valt å organisera, produsera og levera ei teneste på.

Risikofaktorar – sannsynlegheit og konsekvens

Dersom det på eit område (eller for ei teneste) er vurdert at risikoen er høg med stor konsekvens, bør ein vurdere å iverksetja nærare undersøking. Hvis vektinga viser at det er høgst sannsynleg at forhold oppstår, men mindre konsekvens, eller at det er mindre sannsynleg at forhold oppstår, men konsekvensen er stor, vil det også vera naturleg å vurdere trongen for grundigare undersøkingar.

Revisjonen har vurdert moglege konsekvensar knytta til områda for risiko- og vesentlegvurdering og illustrert dette i ein tabell under kvart hovudområde. Det er særleg brukarkonsekvensar, økonomi og psykososialt miljø ein har lagt vekt på. Konsekvensane er ofte samansette og dei kan påverka prioriteringane for tema i forvaltningsrevisjonar.




Plan for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal vurdere risikoforholda og gjera ei innstilling til kommunestyret over prioriterte områder i plan for forvaltningsrevisjon. Heradsstyret vedtek endeleg plan.

2 Ulvik herad

2.1 Organisasjon

Figur 2.1 Organisasjonskart



Kjelde: Ulvik herad si nettside.

Syssette personar i Ulvik herad 2019-2023

	2019	2020	2021	2022	2023
Alle funksjonar	179	181	186	197	193
Administrasjon, styring og fellesutgifter, kommune	26	27	26	31	30
Helse- og omsorg, barnevern og sosialtenesten	65	66	73	75	67
Kultursektoren, kommune	6	6	5	6	7
Tekniske tenester	13	11	14	13	14
Barnehage	23	24	20	19	18
Grunnskulesektor	39	40	40	45	49
Anna	7	7	8	8	8

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Merk at tal tilsette har auka frå 179 i 2019 til 193 i 2023. I årsmeldinga for 2023 er det vist utviklinga i tal årsverk i same periode. Der har talet auka frå 163 i 2019 til 180 i 2023.

Sjå spesielt at tal lønsmottakarar innan skulen har auka frå 39 til 49 i perioden, og står dermed for mesteparten av denne auken. Bakgrunnen kan vera at organiseringa er endra i perioden 2019-2023, men det er ikkje avklart.

Åpenhetsindeksen

Åpenhetsindeksen kontrollerer kommunane sin handtering av innsynskrav, tilgang til journalar, dokument, informasjon og kontaktdata på heimesidene. I tillegg vurderer indeksen kommunane sin praksis på ein del område som bruk av teieplikt utan heimel i lov og tilbøyelegheit til å lukke møte. Indeksen blir publisert av Pressens Offentlighetsutvalg.

Ulvik herad skåra 16,0 poeng i [Åpenhetsindeksen 2018](#). I 2023 skåra Ulvik herad 18,5. Dette gav Ulvik delt 22 plass blant kommunane i Vestland og 136 nasjonalt. Gjennomsnittet for Norge var 16,5 poeng, høgaste poengsum i landet var 25,0 og lågaste 0,0.

Produksjonsindeksen

Produksjonsindeksen er eit samlemål for tenestetilbodet til kommunane basert på produksjonsindikatorar for utvalde sektorar. Indeksen gir eit bilete av korleis nivået på tenestene er i ein kommune samanlikna med andre kommunar.

Det manglar data for Ulvik i produksjonsindeksen 2018.

2.2 Demografisk utvikling

Tabell 2.1 Befolkningsprofil

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra-gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Innbyggjarar	tal	1080	1089	36 309	4832493
Fødde per 1000 innbyggjarar	per 1000	6,5	7,3	7,8	9
Døde per 1000 innbyggjarar	per 1000	11,1	11,9	10,4	8,2
Netto innflytting	tal	-8	38	810	48 360
Del skilte og separerte 16-66 år	prosent	7,7	8,8	9,4	10
Del einslege innbyggjarar 80 år og over	prosent	68,1	68,1	60,4	136 387
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkninga i alderen 15-74 år	prosent	1,3	..	0	..
Del innvandrarbefolkning	prosent	16,9	19,1	12,9	18,7
Samla fruktbarheitstal	tal	1,56	1,42	..	..

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 2.2 Befolkningsframskrivingar frå 2018-2028. Prognose med middels vekst

	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033
0 år	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8	8
1-5 år	45	39	44	44	47	47	49	49	49	49	49
6-12 år	90	92	95	86	81	82	75	71	68	68	68
13-15 år	37	40	28	40	37	40	37	41	45	38	34
16-19 år	44	41	48	44	49	44	47	47	45	52	49
20-44 år	258	263	263	261	265	267	275	274	273	271	277
45-66 år	313	311	310	312	306	308	301	302	305	300	294
67-79 år	178	179	173	172	171	170	172	173	174	180	182
80-89 år	61	62	71	76	85	85	87	89	88	88	94
> 90 år	17	17	13	12	8	9	11	11	12	15	16
	1051	1052	1053	1055	1057	1060	1062	1065	1067	1069	1071

Kjelde. Statistisk sentralbyrå, Befolkningsframskrivingar Ulvik

2.3 Økonomisk utvikling

Tabellen under viser den økonomiske utviklinga i Ulvik herad i 2019 og 2023.

Tabell 2.3 Rekneskap

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	1,1	-3,1	2,6	1,0
Året sitt mindre/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	0,3	0,0	0	-0,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	22,7	10,2	22,2	16,1
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	..	32,7	29,9	50,1
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	113,4	80,1	87,1	115,1
Frie inntekter per innbyggjar	kr	83372	95653	88749	68010
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	7,3	6,7	18,6	13,3
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	prosent	75,7	15,5	13,9	14,0

Eigenfinansiering av investeringane i prosent av totale brutto investeringar	prosent	37,8	57,5	44,7	37,4
--	---------	------	------	------	------

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

3 Risiko- og vesentlegvurderingar

3.1 Sentraladministrasjon

3.1.1 Prosessmøte

Tabell 3.1 Sentraladministrasjon

Vurder risiko og vesentlegheit knytt til:

L/M/H Kommentar:

a. helse, miljø og tryggleik (HMT)	M	- NAV kontor ligg i same bygg og same publikumsområdet som tenestetorget, kontordørene må få kortlesar - Legekontor, ALIS lege har kontor direkte tilgjengeleg utan kortleser på døra - Legekontor/venterom og gangen til IT må byggast om slik at det ikkje er fri tilgang - Kortlesar på alle kontor er på planen og dei fleste kontor har fått - Jamleg vernerunde der ein kartlegg behov for utbedringar og utfordringar innan HMT - Eigen årleg HMT budsjettpost - Me har fått nye møterom som gjer at kantina er tilgjengeleg for alle heile døgnet
b. IKT-tryggleik	M	- Samarbeid med Kvam og Eidfjord er ei god støtte - Samarbeid Digi vestland - Stillingen på IT er auka frå 100% til 180% - Stor auke i digitalisering – både positivt og skaper nye tryggleiksutfordringar
c. personvern	L	- kjøpe personvernombod frå Bergen - tilsett ressurs som jobba lokalt med personvern - GDPR/databehandlaravtalar er utfordrande - Sjå også J.

d. økonomistyring/budsjettoppfølging	M	- overgang til nytt ERP system (Visma økonomi) - rapporteringsmodul og budsjetteringsverktøy er på plass - jobbast med rutine for budsjettprosess og årshjul
e. oppfølging av politiske vedtak	M	- det er laga ei eige rutine for oppfølging av politiske vedtak - det er eitt nytt på gang for betre oppfølging og rapportering
f. internkontroll/interne rutinar	L/M	- med er i ein prosess med stor fokus på det - me har mange rutinar på plass som er arkivert i internkontrollsystem, som er heilintegrert med avviks og kvalitetforbetringssystem
g. mislegheiter av ulik art	L	- me følger anbudsreglane - alle kontantkasser er avvikla med unntak av ein liten på tenestetorget - ingen indikasjonar på svinn eller andre mislegheiter
h. etikk og varsling	L	- me har varslingsrutinar på plass - me har etisk reglement både politisk og administrativ - infomappe til nyttilsette inneheld bland anna desse dokument
i. innkjøpsordning/offentlege anskaffingar	L	- enten anbud eller prisførespurnad på alt over kr. 100.000 - me har ikkje formelt kompetanse for store anskaffingar og må leige konsulent
j. rutinar for offentleg arkiv og innsyn	L	- gode rutinar på plass - nytt sakssystem til journalføring er på plass, regelmessige kurs i dette - postliste med fulltekstpublisering (3 dagar forsinkelse) - tilsett på tenestetorget har arkivutdanning
k. innhaldet i saksutgreiingar frå administrasjonen	L	- eige kurs/internopplæring for sakshandsamar - tekstmal med ledetekst på innhald er på plass
l. leiaravtalar	M	- me har ingen leiaravtalar men det gjennomførast utviklingssamtalar
m. servicefunksjonar/kundetorg i kommunen	L	- me har ope 9-14 (meir en det er behov for) - telefonsvarar etter opningstid - nye heimesider og gode rutinar for informasjonskontroll - me har innbyggjar APP og facebook sida
n. sjølvkosttenester	L	- me har opna for månadleg fakturering på sjølvkostområde

o. forvaltning av kommunen sine eigendelar og kunst	L	- alt er kartlagt og registrert og arkivert i Askeladden og i eige rom i kjellaren - me har ein tilsett som jobba - eigen kulturminneplan
p. miljø- og klimatilpassingar i kommunen	L/M	- miljøfyrtårn sertifisert kommunehus - me har NVE rapport som vert brukt - Me har klima og energiplan i planstrategien - Me har ein naturmangfaldsplan - Me skal vurdera og legge inn eit punkt om klima, miljø og energi i saksmaal for saksframlegg - Kunnskapsgrunnlaget til samfunnsdelen til kommuneplanen skal handsamast i heradsstyre til sommaren
q. beredskap	L	- pågåande tilsyn frå statsforvalter - det kjem stadig nye krav frå staten - me har nytt loggføringssystem RAYVN - ny overordna beredskapsplan er på plass - heilskapleg ROS er på plass - me har beredskapsråd - KKL har avklarte roller og ansvar - Me har 4 satellitt telefonar (plassert på Finse,Osa,sentrum) - God kompetanse på publisering av lokale forskrifter
r. bemanning	M	- Me er sårbar, særleg på fagområde der det er behov for eitt eller mindre årsverk - Vanskeleg og rekruttera fagstillingar - Store kostnader på innleige av ekstern kompetanse - stabil bemanning med lite utskifting
s. psykososialt miljø	L/M	- me har innført og gjennomført 10. faktor undersøkinga - vernerunde kvart år og verneombod på huset - lokale AMU på alle einingar - medarbeidarsamtale årleg
t. sjukefråvær	L/M	- sjukefråvær (korttid) har auka i forbindelse med pandemien - me har ei heimekontorordning - god samarbeid med bedriftshelseteneste - følgje retningsliner for sjukefråværsoppfølging
u. økonomi	M	- generelt god kommuneøkonomi men lite disponible midlar på fond - store ekstraordinære inntekter siste åra (Kraft) - me må tilbakestille oss til normal situasjon på drift

		- potensielt framtidige inntekter (skatt, eigedomsskatt, havbruksfond og kraft)
v. inntekter/refusjonar innan helse/sjukepengar/barnevern/...	L	- gode interne rutinar på lønskontoret - me har ikkje tap
w. interkommunalt samarbeid	M	- omfattande interkommunalt samarbeid (innkjøp, IKT, arkiv, hardangerrådet) - me har ofte for lite innflytelse grunna storleik av kommunen
x. rekruttering	M	- sjå punkt r.
y. anna	M	- utfordring å vere ein liten kommune i eit statleg styrt system som er bygd for større kommunar (stor belastning økonomisk, krev hjelp/samarbeid med andre kommunar)
	L	- Bibliotek høyrer til sentraladministrasjon (me har 75% ressurs på bibliotek og skulebibliotek)

Årsmelding og rekneskap

Kommuneøkonomien til Ulvik herad er under press. I kommunestyremøtet der årsrekneskapen for 2023 vart handsama og vedteke gjekk administrasjonen gjennom status og hovudårsakene til at netto driftsresultat i 2023 vart vesentleg dårlegare enn budsjett og prognose. Året 2022 viser i tillegg eit svakt netto driftsresultat, og det er av stor betydning for Ulvik herad å snu denne trenden og bygge seg gradvis opp til å oppnå tilfredsstillande netto driftsresultat ut frå den utviklinga heradet ynskjer.

Det er etablert eit minimumsnivå for netto driftsresultat tilsvarande 1,75% av driftsinntektene. For Ulvik herad ville eit minimum målt mot 1,75% vera om lag kr. 3,3 mill. i 2023. Heradet bør etablere realistiske mål for netto driftsresultat som er vesentleg høgare enn dette minimumsmålet på 1,75%.

Bakgrunnen for denne tilrådinga er behovet for tilstrekkeleg oppbygging av frie fondsmidlar for å sikre at tenesteproduksjonen og elles den ynskja kommunale utviklinga vert økonomisk sikra.

	2023	2022	2021	Kommentar
Netto driftsresultat	-6001000	-2369000	4830000	
Frie fondsmidler	12889000	34324000	30038000	
Bundne fondsmidler	21630000	21868000	24835000	
Lånegjel	-151000000	-141000000	-137000000	
Tal årsverk	180	179	163	
Ekstraordinære inntekter (utbytte)	Ca. 4000000	0	0	Utbytte Hardanger Energi
Måltall:	2025-2028	Status 2023		
Netto driftsresultat	5,0-7,5%	-3,2%		
Lånegjeld	Maks 80%	80%		
Frie fondsmidler		6,8%		
Bundne fondsmidler		11,5%		
Totalt	Minimum 30%	17,3%		

Det er utfordrende å styre inntekter, så endringer må i all hovedsak gjerast ved å redusere kostnader.

Ulvik herad har lite tilgjengelige lånemuligheter, og slike midlar kan ikkje nyttast til drift.

Fondsreserve er langt på veg brukt opp og det er behov for å styrke netto driftsresultat vesentleg for å kunne bygge opp att fondsreserven.

Personvern opplysningar

Administrasjonen har peika på at Personvernforordninga vart innført i 2018. Det har ikkje vore gjennomført tilsyn med ordninga i Ulvik herad frå eksterne tilsynsmynde. Ulvik herad kjøpte personvernombodsteneste frå Kvam herad frå 2018, men gjekk i 2022 over til kjøp av tenesta frå Bergen kommune slik mange andre kommunar har valt å gjera.

Arkivleiar i heradet er kontaktperson overfor personvernombodet når det gjeld personvern/GDPR, og kommunedirektørens leiargruppe er såkalla «Tryggleiksforum» for spørsmål som gjeld personvern/GDPR.

3.1.2 Vurderingar

Samfunnsmessig risiko

Effekten av pandemien som råka Norge i 2020-2022 har etter kvart vorte eit tilbakelagt stadium. Bruk av heimekontor, samarbeid via digitale verktøy og til dels høgare sjukefråvær er eksempel på forhold som har påverka samfunnsutviklinga. Generelt kan det vera utfordrande å rekruttera naudsynt kompetanse til fleire områder i kommunen. Samtidig får kommunane tillagt stadig fleire oppgåver som krev meir kompetanse og ressursar, samtidig som Norge har vore i gjennom ein utfordrande økonomisk utvikling med høg inflasjon og behov for store endringar i prioriteringar som fylgje av m.a. krigen i Ukraina. Dette har ført til at ein større del av statlege midlar er vorte prioritert til styrking av forsvaret, generell beredskap samt økonomisk, humanitær og militær bistand til Ukraina. Resultatet er strammare kommunebudsjett.

Dette er ein ny samfunnsrisiko som må takast omsyn til. Korleis staten sine stimuleringsiltak vil påverka arbeidsmarknaden og hardt råka verksemdar må sjåast på som ein auka samfunnsrisiko. Det er også uvist i kva omfang og på kva måte staten vil forsetja å stimulera næringslivet for å tryggja arbeidsmarknaden i distriktkommunar og regionen i dei komande åra. Dess lenger den politiske og økonomiske uroa globalt fortsett de hardare kan norske kommunar bli råka med mellom anna strammare rammeoverføringar og flyktningar frå Ukraina og andre folkegrupper som lever under vanskelege forhold. Dette kan påføra ekstra risiko knytt til integrering, busetting og ikkje minst utfordringar knytt til arbeidsplassar. Dette er ein risiko som kan gi både økonomiske og sosiale kostnader for heradet i åra som kjem.

Tala frå årsrekneskapen syner at Ulvik kommune har fleire år med eit negativt nettoresultat. Den langsiktige gjelda har auka monaleg som fylgje av fleire investeringar som fleirbrukshall og ny sjukeheim. Nyleg fullførte også heradet bygging av ny møtesal i sentrumsbygget. Dette har påverka fondsreservane til kommunen og gir lite handlingsrom framover sjølv om det er behov for investeringar knytt til barnehagen, skulen og ulike kontorfasilitetar innan helse- og sosialtenesta.

Kraftinntekter, straumprisar og skattereglar vil vera døme på faktorar som kan gi auka risiko for kommunen sin økonomi for åra som kjem.

Aktuelle risikoområder knytt til økonomi er mellom anna:

- Underbudsjettering og meirforbruk innan helse og velferd
- reduserte inntekter frå foreldrebetaling i barnehage/SFO,
- auka sosialhjelp pga. auka levekostnader, auka innvandring og arbeidsledigheit
- øvrige ekstra utgifter og inntektstap i kommunane (t.d. tap på plasseringar av aksjar og obligasjonar, utbytte rammeoverføringar.

Organisasjon

KOSTRA-tala viser at Ulvik herad har hatt ein viss auke i tal tilsette sidan 2015 frå 169 til 179 i 2019 og 193 i 2023. Frå årsmeldinga kan det sjå ut som tal årsverk har auka med 17 stillingar frå 2021 til 2023. Det vil vera ein viss risiko forbundet med ein auka lønnsmasse og kor stillingane er heimla. Fleire tilsette innan t.d. Pleie og omsorg kan vera fordelaktig i forhold til bruk av dyre vikarar, mens det er meir utfordrande å forsvare stillingar som ikkje er lovpålagde. Statestikken viser ikkje kor mange deltidsstillingar som er i kommunen. Sentraladministrasjonen har hatt ei auke på tal tilsette frå 26 til 30 frå 2019 til 2023.

Det er uråd å sei om dette betyr at kommunen har ein meir eller mindre effektiv administrasjon enn tidelegare då tabellen ikkje målar årsverk eller inneheld detaljar om arbeidsoppgåver og stillingsandelar i heradet generelt og i administrasjonen spesielt. Tal utførte årsverk ville truleg gje eit betre grunnlag for å sei noko om personressursar knytt til kommuneadministrasjonen. Kor vidt arbeidsomfanget er det same eller om enkelte oppgåver er overført til tenesteområda kjem ikkje fram i datagrunnlaget frå KOSTRA som er nytta.

Åpenheitsindeksen som målar m.a. korleis tilgang til arkivverdig dokumentasjon er og evne til å halda ein open kommunikasjon til sine innbyggjarar viser at Ulvik med 18,5 poeng scorar godt over kommunesnittet i landet og har bevega seg oppover på skalaen sidan førre ROV med delt 22. plass i Vestland fylke.

Demografien viser ein nedgang i folketalet for Ulvik frå 1116 i 2015 til 1080 innbyggjarar i 2019. Folketalet har vore stabilt fram til 2023 mellom anna på grunn av tilflytting av Ukrainske flyktningar. Del tilflyttarar til kommunen har også stege med om lag 3 prosentpoeng og denne gruppa utgjer nær 1/5 av innbyggjarane i Ulvik herad i fylgje KOSTRA. Tal yngre innbyggjarar ser ikkje ut til å stiga framover. Dette kan gi ein risiko for stagnasjon i tal nyfødde, som på sikt kan redusera talet på yrkesaktive innbyggjarar. Behov for barnehageplassar og kapasitet innan skulen kan verta påverka om fødselstalet stagnerer. Framskrivingane viser også at tal eldre over 80 år vil auka i åra som kjem. Dette vil setja endå større krav til ein effektiv pleie og omsorgssektor og det er ein risiko for at utgiftene vil auka samstundes som tilgang til kvalifisert pleie- og omsorgsarbeidarar kan verta utfordrande.

Ulvik er allereie i ferd med å vurdere tiltak for å styrkja økonomien innan helse og velferd.

Prosessmøte og dokumentanalyse frå budsjett og økonomiplan peikar på ein stram økonomi med fleire store investeringar bak seg og behov for nye investeringar framover. Heradet har fått tilført ekstra midlar gjennom høge kraftprisar på konsesjonskrafta dei siste to åra, men denne høge prisen vil kunna svinga framover. Det er difor ein høg risiko å budsjettera med meirinntekter i same storleik som heradet har hatt i føregåande år.

Eigenkapitalen som del av brutto driftsinntekter har minka frå 13,1 prosent til 6,7 prosent sidan 2015. Ein viktig grunn er enkelte år med negativt driftsresultat og behov for å nytta frie midlar til inndekning av underskotet. Tal frå KOSTRA syner at Ulvik har auka eigenfinansieringa i investeringsprosjekt frå om lag 37 til 57 prosent. Viktigare er det å registrera at heradet har gått frå over 4 mill. kr. i overskot til meir enn 6 mill. i underskot frå 2021 til 2023. Vidare at dei frie fondsmidlane har minka med kring 22 mill. kr. På eit år til vel 12. mill. kr. Dette vil føra til redusert handlingsrom i åra framover om ikkje kommuneøkonomien går med vesentleg overskot.

Dei bundne fonda har også minka noko dei siste tre åra, men gir ikkje same grunnlag til uro som reduksjonen i frie fond. Det har også vorte ein viss auke i den langsiktige gjelda, noko som fører til auka kapitalkostnader som fylgje av meir lånekapital og høgare lånerenter enn tidlegare. Denne kostnaden vil også påverka disponible driftsmidlar i budsjettet framover, då rentenedgangen truleg vil ta fleire år før den er tilbake på historisk nivå.

Det kan vera ein risiko for at kommunen må avgrensa sine investeringar i framtida for å unngå for stor gjeldsgrad i forhold til driftsinntektene til heradet.

Konsekvensane av ein trongare økonomi kan ramma tilsette og tenestetilbodet til innbyggjarane i forhold til investeringsbehovet.

Frå årsmeldingane kan ein lesa at tal årsverk i heradet har auka frå 163 til 180 dei to siste åra. Dette fører til ein vesentleg auke i faste lønnskostnader. Risikoen er mellom anna knytt til kor stillingane er heimla. Fleire tilsette i pleie og omsorg kan vera positivt i forhold til redusert bruk av kostbare vikarar, medan nye stillingar knytt til ikkje lovpålagde oppgåver kan verta ei større økonomisk byrde.

IKT-tryggleik

IKT-tryggleik er eit område med stor ibuande risiko. Stadig meir av tenesteproduksjonen byggjer på utstrakt bruk av IKT- og kommunikasjonsløyser. Dette gjer kommunen sin tenesteproduksjon sårbar for fleire forhold. Me vil peika på fylgjande forhold:

IKT og kommunikasjon

Enkelte risikoar forsvinn, noko varer ved og ny risiko oppstår gjennom bruk og utvikling av IKT- og kommunikasjonsløysingar.

- Ny IKT- og datakommunikasjon gir forenkling og effektivisering for tenestedområda i kommunen
- Teknologien skapar spennande utfordringar for medarbeidarar med samansette og innovative løysingar
- Moderne IKT- og kommunikasjonsløysingar endrar tenesteproduksjonen og skal gje betre informasjonstilgang og effektivitet for brukarane/kommunen.

Sårbare forhold

- Overgang til automatisert styring gjennom nettverk kan gi hackarar og utru tjenarar uynskt tilgang
- Brot på ekstern Internet tilgang gjennom fiber og anna telekommunikasjon
- Små feil kan gje store konsekvensar for tenesteproduksjon og utstyr
- Manglande risikoforståing og brukarkompetanse kan gje uønskte hendingar og svekka tryggleik og tillit
- Auka fare for misbruk av sensitive personopplysningar som kan få store uønskte konsekvensar for individ og heradet.

Sentrale områder/infrastruktur

- Styring og kontroll av vatn og avløp
- System som inneheld personopplysningar
- Økonomi og støtteverktøy i kommune administrasjonen
- Kontroll og styringssystem

Aktuelle risikofaktorar

- Tilgangskontroll
 - Tildeling og fjerning
 - Passordrutinar
 - Brannmurar
- Vern mot virus og annan "ondsinna" kodar
- Backup/sikkerheitsoppdatering av programvarer
- Fysisk sikring av anlegg og installasjonar
- Samband mellom enkeltutstyr og system
- Bruarkompetanse
- Endringshandtering, kontinuitetsplanlegging og avvikshandtering
- Styring av eksterne leverandørar
- Arbeidsdeling/samarbeidspartar i det offentlege

Det er frå prosessmøte peika på at kommunen kan ha utfordringar med å ivareta krav til dataavtalar knytt til handtering av personsensitive opplysningar. Kommunedirektøren har også peika på området som eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon. Ulvik samarbeider elles tett med Kvam og Eidfjord om sine dataløysingar.

Revisjonen ser på handsaming av personvernopplysningar som eit mogeleg risikoområde som kan ha uynskte konsekvensar for både kommune og innbyggjarane. Ein eventuell forvaltningsrevisjon kunne med fordel vore utført i samarbeid med Eidfjord kommune.

Personvern

Ein stor del av informasjonsflyten i ein kommune inneheld personopplysningar om innbyggjarane til kommunen, tilsette og politikarar. I 2018 tredde ny personopplysningslov i kraft, og dermed vart GDPR^[1] (EUs personvernforordning) innført som del av norsk regelverk. Mange av krava i GDPR er dei same som i gammal personopplysningslov, men det er òg komme ein del nye krav. Temaet har derfor særleg aktualitet, både pga. risiko ved innføring av nytt regelverk, auka digitalisering i kommunane og økonomisk risiko knytt til brot på regelverket.

Målet med informasjonstryggleik er å sikra konfidensialitet, integritet og tilgang. Revisjonen har ikkje avdekt særskilde risikoforhold knytt til temaet i Ulvik herad.

Etterlevering av arkivlov og rutinar

Kommunen si arkivordning er nervesystemet som skal sikre dokumentasjon av aktiviteten i kommunen. Administrative og politiske vedtak, kontraktar, saksgrunnlag m.m. har både ein rettsleg, historisk og samtidsfunksjon som skal vera tilgjengeleg for innsyn og kontrollarbeid. Revisjonen har gjennomført ein forvaltningsrevisjon i førre periode. Kontrollen avdekka enkelte svakheiter, men viste samtidig at administrasjonen har fokus på arkivarbeidet i heradet. Revisjonen ser ikkje grunn til å vurdere område for ein ny forvaltningsrevisjon i denne perioden.

Internkontroll

I prosessmøte vart det ikkje peika på noko særleg risikoområder knytt til internkontroll, etikk og varsling, forvaltning av kommunen sine eigendelar og kunst.

Internkontroll er eit område der risikoen kan verta høg om det ikkje eksisterer eit heilskapleg system for kontroll og rapportering. Heradet deltok for fleire år sidan på KS sitt program om etablering av internkontroll i kommunane som ledd i eit forsøk på å få på plass eit heilskapleg regime for eigenkontroll. Seinare innførte kommunen eit eige verktøy, Compilo, for å ivareta alle kontrollfunksjonar, rutinar, avvik, kvalitetskontroll mm. Revisjonen har ikkje fullstendig oversikt over korleis systemet er implementert og brukt av dei ulike tenesteområda. Tida kan no vera inne for å evaluera heradet sitt internkontrollsystem og etterleving av vedtekne rutinar.

Avvikshandtering

Administrasjonen arbeidar med avvikshandtering og kvalitetskontroll gjennom felles system, omtalt ovanfor. Det er ein ibuande risiko for at tilsette ikkje rapporterer avvik samstundes som det kan vera ein risiko for at avvik ikkje vert handtert på ein tilfredsstillande måte. Risikoen kan vera relatert til handtering av sjølve avviket eller rutinar for læring i organisasjonen. Området kan vera aktuelt for forvaltningsrevisjon saman med internkontroll som er omtalt ovanfor.

Vedtaksoppfølging

Ulvik har ei rutine for vedtaksoppfølging. I følgje prosessmøte vert det også arbeid med å forbetre dette systemet. Risikoen er sett til middels. Det er så langt ikkje avdekka alvorlege avvik knytt til oppfølging og rapportering. Tema var gjenstand for forvaltningsrevisjon for om lag 10 år sidan.

Revisjonen meiner det kan vera formålstenleg for kontrollutvalet å få ei orientering frå administrasjonen om systemet og korleis administrasjonen sine rutinar fangar opp vedtak og dokumenterer framdrift i dei ulike sakene.

^[1] General Data Protection Regulation

Beredskapsarbeid

ROS-analyse og beredskapsplanar er viktige tiltak for å redusera risiko i kommunen. Ulvik har vedteke ein overordna ROS-analyse og beredskapsplan. Tilsvarande analysar og beredskapsplanar på dei ulike tenestoområda som oppvekst og helse- og omsorg skal også vera oppdaterte og innhaldet formidla til dei tilsette. Korleis rutinane for desse oppgåvene fungerer i Ulvik har revisjonen ikkje konkret kjennskap til. Som følgje av at nye planar knytt til beredskapsarbeidet er vedteke, og at det er fleire nye nøkkelpersonar i viktige stillingar medører at det er behov for gode øvcelsar og evaluering samt eventuelle revideringar av plandokument.

Stab

I prosessmøte vart det peika på at administrasjonen er liten og at det kan vera risiko grunna krav til kunnskap innan mange fagfelt. Dette kan føra til utfordringar med kapasitet og moglege lovbrøt. Sjukefråvær kan føra til store utfordringar med tanke på kompetanse og evna til å serva oppgåver innan fellestenestene. Ledige leiarstillingar med midlertidig leiing er ei kjelde til risiko og kan vera utfordrande for dei tilsette. Fleire nye leiarar kan også vera kjelde til auka risiko meinte deltakarane på prosessmøtet. Samla sett kan forholdet få uønska konsekvensar som heradet bør vera ekstra merksam på. Revisjonen ser ikkje grunnlag for forvaltningsrevisjon knytt til organisasjon og leiing på noverande tidspunkt.

3.1.3 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon
Høg	Sentraladministrasjonen	Økonomioppfølging, budsjettering og analyse.
Middels	Sentraladministrasjonen	Internkontroll, avvikshandtering og kvalitetskontroll
Middels	Sentraladministrasjonen	IKT-tryggleik knytt til GDPR og dataavtalar

3.2 Barnehage

3.2.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.2 Barnehage

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Del barn 1-2 år i barnehage, ift. innbyggjarar 1-2 år	prosent	73,9	71,4	78,8	88,8
Del barn 1-5 år i barnehage, ift. innbyggjarar 1-5 år	prosent	87,5	86,7	89,6	94,0
Del barn 3-5 år i barnehage, ift. innbyggjarar 3-5 år	prosent	95,1	100	96,6	97,3
Del barn i kommunale barnehagar ift. alle barn i barnehage	prosent	100	100,0	97,4	50,1
Tal barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehagar	tal	5,9	4,3	4,7	5,7
Del barnehagelærarar ift. grunnbemanning	prosent	50,8	32,5	39,2	41,3
Del barn i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp	prosent	5,2	..	2,5	4,0
Del barn i private barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp	prosent	..	..	:	
Del minoritetsspråklege barn i barnehage ift. innvandrarbarn 1-5 år	prosent	57,9	63,6	76,8	85,8
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehagar (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimar i kommunale barnehagar	kr	78,1	124,3	109,5	97,2
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimar i kommunale barnehagar	kr	66,6	111,2	94,6	76,2
Netto driftsutgifter barnehagar i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	11,3	9,0	10,0	14,2
Netto driftsutgifter barnehagar, per innbyggjar 1-5 år	kr	173109	262067	240800	211694

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620


3.2.2 Statistikk frå Barnehagefakta.no (Utdanningsdirektoratet)

Nettsida Barnehagefakta¹ til Utdanningsdirektoratet viser at barnehagen i Ulvik per 15. desember 2023:

¹ Barnehagefakta.no er Utdanningsdirektoratet sin portal for publisering av nøkkeltal og nøkkelinformasjon for barnehagar i Norge.

- oppfylte grunnbemanningsnorma (minimum 1 tilsett pr. 6 barn) – med 4,3 barn per tilsett,
- oppfylte pedagognorma –
- hadde 9,4 m2 leike- og opphaldsareal vs. 5,9 m2 nasjonalt.

Tabell 3.3 Del tilsette i barnehagen med ulike typar utdanning/bakgrunn




Kjelde: Barnehagefakta, <http://barnehagefakta.no/barnehage/975308995/ulvik-barnehage> (oppdatert per 15. desember 2023)

3.2.3 Effektivitetsanalyse frå Senter for økonomisk forskning (SØF)

Senter for økonomisk forskning (SØF) har utarbeidd berekningar for effektiviteten i dei kommunale tenestene². Ifølge berekningane til SØF var effektivitetsverdien til barnehagen i Ulvik herad 78 i 2021 og 57 i 2022. Det gjer at Ulvik ligg på 22. plass i si gruppe med totalt 24 kommunar i 2022 når det gjeld effektivitet i barnehagen. Figur 3.1 Effektivitetsverdi for barnehagen. Ulvik si kommunegruppe. 2012

Resultater 2022 for kommuner i samme kommunegruppe som Ulvik. Barnehage



² Metoden seier noko om den enkelte kommune sin effektivitet i forhold til beste etablerte praksis. Dei mest effektive kommunane innanfor eit tenestekområde og ei gruppe av samanliknbare kommunar får effektivitetsverdi 100. Dersom ein kommune får verdien 70 innanfor eit tenestekområde, tilseier dette at kommunen er 30 prosentpoeng mindre effektiv enn den mest effektive kommunen.

3.2.4 Prosessmøte

Tabell 3.4 Barnehage

Vurder risiko og vesentlegheit knytt til: **L/M/H** **Kommentar:**

a. barnehagedekning	L	Opptak heile året.
b. inneklima og miljø	H	Kommunelærkjar har ikkje godkjent barnehagen. Skal utgreiast. Slik kommunelegen vurderer Ulvik barnehage pr 6. des 2023, fyller den ikkje forskrifta sine krav til helse og miljø, og vil neppe gjere det ved flikking av den gamle bygningsmassen. Ein søknad på noverande tidspunkt vil verta avslått. Rapporten er gått til heradsstyret i Ulvik. Politisk vedtak i øk plan 2025 -er det sett av midlar til utgreiing av forbetring av bygningane.
c. barnehagebygg og uteområde	H	Samme som b)
d. pedagogisk kompetanse	L/(H)	Pr no har barnehagen god og rett pedagogisk kompetanse. Regjeringa har lannsert ein barnehagestrategi med mål for barnehagesektoren fram mot 2030. Mangel på kompetanse kan då bli ei utfordring i 2025 når målet er at barnehagane skal vera bemanna med 50% barnehagelærarar som er ei auke frå noverande bemanning.75% i 2030. I tillegg skal tal barnehagelærarar og styrarar med mastergrad auka. Regjeringa ynskjer å auka tal fagarbeidarar i barnehagane fram mot 2030. Det er planar i Voss og Hardanger å setja i gang med 4 årig desentralisert barnehagelærarutdanning med start haust 2025.
e. einingskostnadar	L/H	Reduserte barnehage Kjem an på kva me kjem til å få frå stat, gunstigare for innbyggjarane.
f. foreldrebetaling	L/H	Frå 1. august 2024 vert det gjort endringar i foreldrebetalinga for barnehageplass i Norge. Makspris for barnehageplass i Ulvik herad vert 1 500 kroner per månad. For barn nr 2 reduksjon med 30%, 3. barn gratis. Bra for innbyggjarane, men dersom heradet ikkje får, øyremerka midlar vert ordninga kostnadskrevjande for oppvekst/ heradet.
g. IKT-tryggleik	H	Barnemapper skal inn i websak, sikkert arkiv. Personale må få auka kompetanse innan handtering av personopplysningar. Det skal lagast rutinar for handtering av personopplysningar. I rutinane må det

		også koma fram kvar ein skal kommunisera sensitive opplysningar. Ikkje pr SMS eller e post.
h. lover og regelverk	H	Risiko dersom spesialpedagogisk hjelp etter vedtak ikkje vert gjeven på grunn av fråvær. Det kan føra til at born får ein utfordrande overgang til skulen og seinare, i verste fall, hamna i utanforskap.
i. leiing/administrasjon	L	
j. bemanning	L	Held norm og har kompetansen det er trong for. Litt få fagarbeidarar. Ein bør jobbe for å assistentane tek fagbrev
k. psykososialt miljø	L	Ingen dokumentasjon på at dette er ei utfordring- kjem til å jobbe med førebyggjande arbeid, lærande organisasjon- brukarinvolvering. Bli sett og høyrte.
l. sjukefråvær	H	Jobbe med utfordringa saman med dei tilsette. Førebyggjande, Mykje av fråværet er knytt til avspasering, kurs, ferie, permisjonar og liknande. Det skal arbeidast med førebygging av sjukefråvær i barnehagen, der heile personalet vert involvert.
m. økonomi	L	Jobber med omorganisering, ser på ulike løysingar til det beste for borna og dei tilsette. Dei 3 fyrste åra er dei viktigaste i eit menneske sitt liv!
n. rekruttering	L	Pr no låg, men kan vere utfordring i 2025 med 50% barnehagelærar. Sjå over.,
o. anna		PPT og barnevern tettare på.

3.2.5 Vurderingar

KOSTRA tal viser at Ulvik er nær snittet i KOSTRA gruppa i forhold til ulike rapporteringar relatert til bruk og kostnader. Statestikk som omhandlar bemanningsnorm og tilsette med formell pedagogisk kompetanse viser at Ulvik tilfredsstiller nasjonale krav på området med minst 1 tilsett pr. 6 barn og 1 pedagog pr. 7 born under 3 år og 1 pedagog pr. 14 barn over 3 år. (justert for barne 1-3 år) det kan likevel vera ein risiko for at den nye pedagognorma kan bli ei utfordring ja. Nye krav i 2025 og 2+30. Tiltak er sett i verk saman med grannekommunane for å få til ei fire års studie for tilsette som manglar den etterspurte utdanninga. Det kan vera hensiktsmessig for kontrollutvalet å etterspørja status på kompetansekrava i løpet av perioden. Tema er truleg ikkje relevant for forvaltningsrevisjon i denne perioden.

Effektivitetsanalysen for kommunegruppa viser at Ulvik scorer 70 av 100 poeng på drift av barnehagen. Resultatet tilseier at heradet brukar meir ressursar på barnehagen enn mange andre kommunar. Effektivitetstalet har gått nedover frå 90 sidan 2019. samstundes ser ein frå KOSTRA at heradet har vesentleg færre barn pr. tilsett enn minimumskravet (4,3 versus 6). Dette kan også komme av svingingar i barnekulla frå år til år. Økonomisk kan heradet oppleve ein nedgang i inntekter frå barnehagebetaling som fylgje av dei nye rettningslinene for foreldrebetaling. Det er difor ein risiko for at kommunen får mindre inntekter knytt til barnehagedrifta om staten ikkje fullt ut kompenserer denne reduksjonen i sine rammetilskot.

I prosessmøte vart det peika på risiko knytt til innemiljøet og det byggetekniske forholda ved barnehagen. Det er revisjonen si forståing at forholdet er godt kjent i kommunen si administrative og

politiske leining, og at forholdet vil krevja ei prioritering om å investera for at situasjonen skal bli betre. Forholdet er vesentleg og kan ha konsekvensar for HMT for dei tilsette og borna i barnehagen. Det er likevel ikkje hensiktsmessig med ein forvaltningsrevisjon på noverande tidspunkt.

Sjukefråværet er peika på som eit område med relativt høg risiko innan barnehageområdet. Årsmeldinga omtalar ikkje sjukefråværet for barnehagen særskilt, men som eit samla tal for heile oppvekst. Det er ikkje komme fram noko konkret informasjon på moglege årsaker til høgt sjukefråvær. Analysen gir ikkje informasjon om korleis kortidsfråværet eller langtidsfråværet er fordelt i barnehagetenesta. Det er difor ein risiko for at tenesta ikkje har naudsynt fokus på handtering av sjukefråværet og bruk av vikarar. Revisjonen meiner mellom anna at kortidssjukefråværet bør få større merksemd når kommunen har økonomiske utfordringar.

Handtering av sjukefråvær kan vera eit mogleg tema for forvaltningsrevisjon i perioden om forholdet er vedvarande høgt over tid, eventuelt sett saman med sjukefråværet innan andre deler av oppvekst. Uansett bør kontrollutvalet fylgja utviklinga og be om status frå rådmann for å halda seg orientert om behovet for konkrete kontrolltiltak fram i tid.

3.3 Skule og kultur

3.3.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.5 Grunnskule

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring	tal	0	117	58,2	36,7
Årstimar til spesialundervisning per elev med spesialundervisning	tal	190,3	118,3	175,7	146,2
Elevlar i kommunale og private grunnskular som får særskilt norskopplæring	prosent	0	0,7	7	5,9
Elevlar i kommunale og private grunnskular som får spesialundervisning	prosent	12	14,5	9,8	8,1
Elevlar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn	prosent	..	..	62,8	64,3
Elevlar på meistringsnivå 3-5, nasjonale prøver i rekning 8.trinn	prosent	..	..	64,1	64,9
Gruppestørrelse 2	tal	12,9	10,3	11,6	15,6
Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	tal	39,8	.	42,1	42,2
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samla netto driftsutgifter	prosent	22,8	26,3	21,9	23,2
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år	kr	182 308,90	249 992,80	208 113,40	147486,9

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.6 Kultur

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	4,7	4,3	4,1	4,1
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	0,5	1	1,1	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter	prosent	1,6	1,4	1,1	0,8
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	1000 kr	4304	5165	4246	3089
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) per innbyggjar	kr	2322	2250	1981	1388
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbyggjar	kr	700	543	2412	1118
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar	tal	625	848	635	342
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar	tal	2,2	1,3	3,7	3,8
Utlån per innbyggjar	tal	3	2,4	4,4	2,3
Barn 6-15 år i kommunen sin kulturskule	prosent	52,6	35,4	28,2	13,2
Besøk per kinoforestilling	tal	20,8	17,8	17,4	21,9

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

3.3.2 Statistikk frå Utdanningsdirektoratet.

På udir.no finn ein statistikk over kvaliteten i grunnopplæringa. Under viser me statistikk frå denne portalen om elevar, lærarar, skular, læringsmiljø og overgangar.

Elevar og lærarar

Ulvik herad har ein 1-10 skule, Brakanes barne- og ungdomsskule.

Elevtal:

År	2019/2020	2020/2021	2021/2022	2022/2023	2023/2024
Elevar	125	115	123	132	138

Kjelde: udir.no

Tabell 3.7 Tal elevar per lærar i ordinær undervisning. Skuleåret 2023/2024

Trinn	Ulvik	Norge
1.-4.	11,30	13,59
5.-7.	7,79	16,14
8.-10.	11,90	17,79

Kjelde: udir.no

Oversikten viser at Ulvik har stor lærartettleik i ordinær undervisning.

93% av all undervisning vert gitt av **undervisningspersonale med godkjent utdanning** skuleåret 2019/20.

Resultat frå elevundersøkinga for 7. årstrinn

Tabell 3.8 Resultat frå elevundersøkinga for 7. årstrinn på ein skala frå 1 til 5. Skuleåret 2023/2024.

	Ulvik	Norge
læringskultur	2,8	3,7
elevdemokrati- og medverknad	2,3	3,6
fagleg utfordring	3,4	3,9
felles reglar	3,6	4,2
trivsel	3,3	4,0
meistring	3,3	3,9
støtte frå lærarane	3,0	4,2
motivasjon	3,0	3,4
vurdering for læring	2,4	3,6
støtte frå heimen	3,6	4,2

Kjelde: udir.no

Analysen viser at snittet på svara på elevundersøkinga i Ulvik ligg i underkant av snittet i landet. Skulen har få elevar og enkelt svar kan påverka utfallet mykje. Alle svar ligg likevel målbart under snittet for Norge.

Mobbing

	Ulvik		Norge	
	7. trinn	10. trinn	7. trinn	10. trinn
Mobbing på skulen	*	53,3	12,8	10,9
Er du blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadane?	*	42,9	10,7	8,0
Er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	*	*	2,5	4,9
Er du blitt mobba digitalt (mobil, iPad, PC) dei siste månadeane?	*	42,9	4,8	4,5

* Tall som er unnateke offentlegheit/skjerma.

Overgangar

Alle elevar (16 år) som avslutta grunnskulen i Ulvik herad i 2020, 2021 og 2022, var registrert i vidaregåande opplæring same år. Tal for 2023 er unnateke offentlegheit.

Resultat

Tala i tabellen under syner gjennomsnittskaraktarar for standpunkt, skriftleg eksamen og munnleg eksamen i alle fag på 10. trinn i grunnskolen i 2022/2023.

	Ulvik	Noreg
Engelsk 10. årstrinn	3,9	4,3
Matematikk 10. årstrinn	2,8	3,7
Norsk hovudmål 10. årstrinn, skriftleg	3,3	4,0
Norsk sidemål 10. årstrinn, skriftleg	3,4	3,9
Norsk 10. årstrinn, munnleg	4,1	4,3

Kjelde: udir.no

- Merk at snittkaraktaren i engelsk, matematikk og norsk hovud og sidemål ligg vesentleg lågare i Ulvik enn snittet for Norge. Det er ein risiko for at undervisninga ikkje klarar å stimulera elevane si interesse for læring eller at spesialundervisninga ikkje gir dei øngste resultata. Små klassar kan også gi store utslag på snittkaraktaren.

3.3.3 Prosessmøte

Tabell 3.9 Skule

Vurder risiko og vesentlegheit knytt til:

L/M/H

Kommentar:

a. skulebygg og uteområde	M	Dårlege kontorfasilitetar til personale. Skulen har manglar i høve til universell utforming. Det er vanskeleg med den bygningsmassen ein har til å optimaleisera dette. Som kompensasjon må skulen ha ein rutine for å sikra naudsynt tilrettelegging for elevar som har utfordringar.
b. kompetanse for leiarar/lærarar	L	
c. læremateriell og driftsmidlar	L	
d. ordinært undervisningstilbod	L	
e. barneverntenesta	M	Sagt opp samarbeidet med Hardanger barnevern med mål om at SPIRA vert etablert. Innfrir ikkje intensjonen bak tidleg innsats og tett på. Har utfordringar i med dagens organisering å innfri måla i oppvekstreforma som peikar på verdien av tverrfagleg samarbeid. Då må heradet ha tenestene samla og koma i posisjon til å kunna førebyggja. Utfordringa kan vera å få tilsett kvalifisert personale. Det kan vere ein risiko ved hybridstillingar kan kanskje verta auka

		belastning ved å ha fleire rollar og stillingar i same årsverk/stilling.
f. PPT	M	Same utfordringar som samarbeidet med barnevernet. Utfordringar med samarbeidet når desse tenestene også er levert frå ulike vertskommunar.
g. spesialundervisning/tilpassa opplæring	M	Ved fråvær kan det vera vanskar med å få gjeve tilpassa Opplæring det same gjeld for elevar med spesialundervisning. Det vert arbeidd med å omorganisere spesialundervisning (til rettelt individuell opplæring). Meir spes ped inn som TPO. Frå reperasjon til førebygging.
vaksenopplæring	M	Reisetid til Voss kan vere ei utfordring på grunn av familiere forhold. Heradet planlegg å starta opp med grunnleggjande norskopplæring. Det er ein risiko at dei som ikkje kan norsk ikkje kjem seg ut i arbeid. Dette kan gi ekstra kostnader på sikt.
h. skulefritidsordning	L	
i. SFO-foreldrebetaling	M	1.-2. klasse 12 t gratis, frå 1. aug 2024 vil også 3. klasse få 12 t gratis SFO. Utfordring dersom heradet ikkje får kompensasjon frå staten etter innføring av reduserte satsar.
j. skuleskyss	L	
k. tverrfagleg samarbeid innan oppvekst /helse/sosial/omsorg tenester	M	Sjå BV og PPT.... Det er godt samarbeid med helsestasjon og skulehelseteneste. Forventa at tverrfagleg samarbeid vert forbetra etter etablering av SPIRA.
l. IKT-tryggleik		Elevmapper inn i websak, må bevisstgjera personale si handtering av personopplysningar. Fokus på å jobbe i sikker sone, skal over i teams på sikkert område. Må lagast rutinar for kvar ein skal kommunisere og når. Digital mobbing er ei utfordring.. Ein skal ikkje nytta SMS eller e-post ved handtering av sensitiv informasjon.
m. lover og regelverk	H	Opplæringslova 9A, Har trong for auka kompetanse for handtering av utagerande elevar, Kompetansheving vert lagt inn i førebyggjande plan.munnbruk, 5,1
n. leining/administrasjon	L	Ass. rektor skal ta rektorutdanning og skulen er administrativt godt bemanna.
o. bemanning	L	
p. psykososialt miljø	M	Utfordrande åtferd frå elevar kan gjera til at det psykososiale miljøet vert dårlegare, risiko for at tilsette sluttar eller fører til sjukefråvær.
q. sjukefråvær	M	Lågt sjukefråvær, men anna fråvær som t.d kurs, avspasering og liknande kan gje ekstra belastning for dei tilsette som er att, dersom ein ikkje får inn kvalifisert vikar. Det er store vanskar med å få tak i kvalifiserte vikarar. Det vert arbeidd med ei organisering som skal lette situasjonen.

r. økonomi	L	
s. rekruttering	L	
t. anna		

Tabell 3.10 Kultur.

Vurder risiko og vesentlegheit knytt til: L/M/H

Kommentar: Ikkje spesielle risikoområde er ikkje gruppa kjent med

a. bibliotek	L	
b. kulturskule	L	
c. idrett og fritidsliv	L	
d. kulturminnevern	L	
e. kulturelle skulesekk/spaserstokk	L	Spaserstokk avslutta?
f. IKT-tryggleik		
g. lover og regelverk		
h. leiing/administrasjon	L	
i. bemanning		
j. psykososialt miljø		
k. sjukefråvær		
l. økonomi		
m. rekruttering		
n. anna		

3.3.4 Vurderingar

KOSTRA-tala viser i all hovudsak at Ulvik er på linje med snittet i KOSTRA-gruppa 5 og fylgjer i hovudsak snittet for landet på rapporteringar gjort både innan skule- og kultursektoren. Tala viser at Ulvik hadde svært høg investering målt pr. innbyggjar i 2015 med kr. 14.704,- medan dette var nede på kr. 700,- i 2019. Truleg reflekterer investeringane i 2015 bygginga av mellom anna fleirbrukshallen. For mindre kommunar vil det slå kraftig ut i enkelt år når det vert investert i store infrastrukturtiltak som kunstgrasbanar, idrettsbygg osv. i kommunal regi. På prosessmøte vart det peika på at skulen har utfordringar med å tilfredstilla krav til kontorareal for tilsette og universell utforming. Det er ynskjeleg å få på plass ei betre funksjonalitet i skulebygget.

I prosessmøte peika deltakarane på PPT tenesta som eit risikoområde. Det vart mellom anna vist til utfordringar med oppfylging grunna at tenesta er levert av Voss herad medan Hardanger barnevern er ansvarleg for barnevernstenesta. Tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid har ikkje fungert tilfredstillande meinte deltakarar på prosessmøte.

Samtidig viser også standpunkt- og eksamenskarakterane for kjernefaga, at elevane i Ulvik i snitt skortar ca. 0,5 prosentpoeng under landsgjennomsnittet.

På prosessmøte vart det peika på at den pågåande omorganiseringa og endringar i leiarskap kan også medføre risiko for drift og organisasjonsutvikling. Mellom anna vert det arbeidd med at heradet skal overta fleire av dei interkommunale familietenestene gjennom etablering av Spira som skal levera mellom anna lovpålagde barnevernstenester og PPT tenester til barn og unge i kommunen. Sjå elles omtale av barnevernstenesta under helse og velferd. Det er ikkje peika på noko spesifikk risiko knytt til dette tiltaket under prosessmøte, men tilgang på kompetanse til å drifta ei barnevernstenesta 24/7 kan visa seg utfordrande ved sjukdom eller ved mangel på kvalifiserte ressursar. Dette kan også føra til uheldige konsekvensar for den enkelte brukar om ein ikkje har tilgang på naudsynte ressursar. Denne tenesta krev kontinuitet, noko som gjer det vanskeleg å nytta vikarar i kortare periodar om ein skal sikra gode tenester til utsette målgrupper. Det vil også vera ein viss økonomisk risiko knytt til etablering av ei eige tenesta.

Det kan vera ein risiko for at den økonomiske og pedagogiske innsatsen med mellom anna eige PPT og barnevernstenesta ikkje innfrir dei forventingane heradet har til omorganiseringa. Området inkludert tverrfagleg samhandling bør vera eit aktuelt tema for forvaltningsrevisjon i slutten av planperioden for å evaluera effekten av tiltaket.

Mobbing på skulen er ein latent risiko som krev konstant merksemd og tiltak, revisjonen har ikkje informasjon om konkrete problem i skulen som tilseier at ein bør ha ein forvaltningsrevisjon på området .

Vaksenopplæringa er eit område som prosessmøtet identifiserte som eit risikoområde. Dette er knytt til utfordringar med reisetid og kommunikasjon for å delta på språkopplæring på Voss. Ulvik planlegg å tilby eige språkundervisning til innvandrarakgrunn ikkje kjem seg ut i arbeidslivet om dei manglar grunnleggande norskkunnskapar. Dette kan igjen føra til auka sosialutgifter for heradet på sikt. Revisjonen ser ikkje at området er aktuelt for forvaltningsrevisjon i denne omgang, men meiner det vil vera hensiktsmessig for kontrollutvalet å fylgje opp administrasjonen i forhold til spørsmål om språkopplæring og arbeidsliv og utviklinga kring sosiale utgifter.

Frå tidlegare overordna analyse og prosessmøtet er farlege skuleveggar eit området som er identifisert som ein ibuande risiko. Ras utsette vegar, trafikk og dårleg standard på fleire av strekningane bidreg til at risikoen er høg for uønska hendingar/ulykker. Dette ser ikkje ut til å vera like aktuelt under drøftingane denne gongen. Revisjonen har ikkje kunnskap om at risikoforholda har endra seg vesentleg dei siste åra og meiner at klimaendringar og vegstandarden kan føra til rasfare og trafikkale forhold som det er knytt risiko til. Ein forvaltningsrevisjon kan eventuelt sjå på kva risiko som er identifisert og kva tiltak kommunen har gjort for å redusera konsekvensane relatert til farlege skuleveggar.

3.3.5 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon
Høg	Skule	Barnevern, PPT tenesta, samhandling og retten for tilrettelagt opplæring (SPIRA)
Middels	Skule/barnehage	Oppfølging sjukefråvær

3.4 Helse og omsorg

3.2.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.11 Helse og omsorg

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra-gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar	kr	52430	76736	56 166	37784
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbyggjarar 1	årsverk	480,5	493,3	470,2	238,5
Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter	prosent	28,9	32,8	37	35,7
Del brukarretta årsverk i omsorgstenesta m/ helseutdanning 1	prosent	70,4	83,1	80,7	77,5
Årsverk per brukar av omsorgstenester 1	årsverk	0,76	0,73	0,54	0,59
Del innbyggjarar 80 år og over som brukar heimetenester	prosent	37,5	33,9	33,9	27,2
Del brukarar av heimetenester 0-66 år 1	prosent	..	21,1	40,4	48,9
Del innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på sjukeheim	prosent	12,5	15,3	12,8	9,9
Del brukartilpassa einarom m/eiget bad/wc	prosent	100	100	98,3	94,8
Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon	kr	4821	10212	5738	5274
Del private institusjonsplassar	prosent	0	0,0	0	5,2
Legetimar per veka per bebuar i sjukeheim	timar	0,47	0,75	0,51	0,68
Del innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod	prosent	0	0,0	0,62	0,72
Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i prosent av kommunen sine samla netto driftsutgifter	prosent	7,3	9,3	7,8	6,4
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggjarar	årsverk	27,6	31	18,2	13
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggjarar	årsverk	21	16,5	14,2	9,8
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skulehelsetenesta per 10 000 innbyggjarar 0-20 år	årsverk	35,8	51,8	66,1	53
Del nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	prosent	110	114,3	84,9	88,4

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Merknad: Ulvik brukar 35,2 prosent meir av eit årsverk for kvar av sine mottakarar av peleie og omsorgstenester enn i KOSTRA-gruppa. Ei årsak kan vera ei tredobbling i tall brukarar av heimebaserte tenester etter Leva heile livet reforma vart innført, og at meir enn 1/3 av sjukeheimplassane står tomme. Dette vil krevja fleire helsemedarbeidarar for å gi tilsvarende tenester i heimane. Kostnader pr. institusjonsplass i Ulvik er truleg betydeleg høgare høgare enn i KOSTRA-gruppa og landet forøvrig. Dette skyldest høg bemanning i forhold til belegg og at Ulvik herad si rapportering ikkje er rettvis i forhold til kostnadsfordelinga mellom sjukeheim og heimebaserte tenester. Kostnadsnivået ligg truleg ein stad mellom landsgjennomsnittet og beløpet som Ulvik har rappotert in.

Tabell 3.12 NAV (Sosialtenesta)

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2023	2023	2023	2023
Sosialhjelpstilfeller	tal	48	961	136145	48
Sosialhjelpstilfeller som forsørger barn under 18 år	tal	7	273	33441	7
Tal barn under 18 i familiar som mottok sosialhjelp	tal	25	534	62990	25
Sosialhjelpstilfeller med sosialhjelp i 6 månadar eller meir	tal	23	274	49325	23
Langtidstifeller med sosialhjelp som hoved inntekt (6-12 månadar)	tal	11	120	22795	11
Samlet stønadssum (bidrag + lån) (1000 kr)	Kr	3055	42 799	7850650	3055
Livsoppholdsytelse etter kommunalt reglement (1000 kr)	Kr	..	10 365	452562	..
Netto driftsutgifter til yting til livsopphold (281) (1000 kr)	kr	2931	54 342	8081377	2931

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.13 Barnevern

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år	kr	4293	20 563	12674	11253
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år	prosent	2,3	5,2	3,7	4,1
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år	prosent	2,8	4,7	3,9	3,9
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år	prosent	3,7	..	..	..
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak	kr	53 750	90 500	114703	86764
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251)	kr	11 125	9286	46426	67098
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252)	kr	212 500	954 250	449673	572352
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244)	tal	17,1	12,9	11,1	14
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader	prosent	67	90	87	93

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.14 Psykisk helse og rus

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Brutto driftsutg. til tilbod til personar med rusproblem per innb. 18-66 år	kr	131,3	853,1	286,9	774,4
Netto driftsutg. til tilbod til personar med rusproblem per innb. 18-66 år	kr	131,3	853,1	224,3	673,5
Del netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem	prosent	2,4	-30,5	4,3	12,4
Årsverk av psykiatriske sjukepleiarar per 10 000 innbyggjarar (helse og omsorg)	tal	8,3	17,4	8,9	4,7
Årsverk av personar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggjarar (helse og sosial)	tal	8,3	17,4	11,5	8,8
Årsverk av personar med vidareutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggjarar (helse og sosial)	tal	0	0,0	4,1	3,4
Tall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukarar av aktørar utanfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år	tal	0	0,0	0	1,6
Tal vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmissbrukarar av aktørar utanfor komm per 10 000 innbyggere	tal	0	9,2	1,1	3

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620.


Merknad:

Det er store avvik mellom brutto og nettokostnadane i forhold til KOSTRA-gruppa og ein kraftig stigning i utgifta målt mot 2019.

3.4.1 Effektivitetsanalyse frå Senter for økonomisk forskning

Figur 3.2 Effektivitetsverdi for pleie og omsorg. Ulvik si KOSTRA-gruppe. 2022

Resultater 2022 for kommuner i samme kommunegruppe som Ulvik.
Pleie og omsorg



Kjelde: Regjeringen.no: Kommunedata: [Resultater for den enkelte kommune - effektivitetsanalyse](#)

Senter for økonomisk forskning (SØF) har utarbeidd berekningar for effektiviteten i dei kommunale tenestene³. Ifølge berekningane til SØF hadde pleie og omsorg i Ulvik herad ein effektivitetsverdi på 56 i 2021 og 58 i 2022. Det gjer at Ulvik er nummer 16 av 25 kommunar i KOSTRA-gruppe 14.

³ Metoden seier noko om den enkelte kommune sin effektivitet i forhold til beste etablerte praksis. Dei mest effektive kommunane innanfor eit tenestekområde og ei gruppe av samanliknbare kommunar får effektivitetsverdi 100. Dersom ein kommune får verdien 70 innanfor eit tenestekområde, tilseier dette at kommunen er 30 prosentpoeng mindre effektiv enn den mest effektive kommunen.

3.4.2 Prosessmøte

Tabell 3.15 Helse og sosial.

Vurder risiko og vesentlegheit knytt til: L/M/H Kommentar:

a. legetenesta	M/H	Risiko primært knytt til ambulansetenesta (tidsbruk øyeblikkelig hjelp) og legevakt (innsyn, økonomi, timebruk egne legar).
b. helsestasjon- og skulehelsetenesta	L/M	Sårbart med nøkkelressurs og eit stadig aukande behov på fagfeltet.
c. rus- og psykisk helseteneste	M/H	Nytilsett vernepleier som erstatning for tidlegare prosjektarbeid. Stort behov for tenestetilbodet. Behovet er vesentleg samanlikna med folketalet. Manglande/avgrensa lokalt psykologtilbod.
d. sosialkontoret (NAV)	L/M	Godt grunntilbod, men utfordring knytt til flyktning/integrering og lokalt jobbtilbod.
e. krisesenter	L	Kor synleg/kjent er tenesta? Kjøpt teneste frå Bergen.
f. flyktningstenesta	M/H	Vaksenopplæring, språkutfordringar, integrering, ind.plan og oppfølging, jobbtilbod, manglande langtidsfinansiering utover rammetilskot
g. oppfølging av tenester til funksjonshemma, inkl. kommunal hjelpe-middelsentral	M	Mangel på tilpassa bustadar. Har tilrettelagte leilegheiter på Brakanestunet, men ikkje tilbod om heildøgnsoppfylging. Har tilbod om brukarstyrt personleg assistent.
h. samhandling mellom kommunen og staten	L/H	Varierende risiko. Fungerer særskilt bra i nokre høve og særskilt dårleg i andre. Stadig fleire krav og stadig lågare finansiering.
i. IKT-tryggleik	H	Auka trugselbilet i verda, særskilt sensitive data, ingen nasjonal standard på programvare, kostbare lisensar med stadig behov for nye og kostbar funksjonalitet. Overveldande e-postmengder – avgrensa moglegheit for brukarane å vera vare for alle uønska forhold.
j. lover og regelverk	H	GDPR-regelverket er særskilt omfattande og kan ha store økonomiske konsekvensar om det ikkje vert fylgt. Det er også omfattande lovverk på helseområdet som gjer det vanskeleg å femna om alt.
k. leiding/administrasjon	L/M	Stillingane er dekkja per i dag
l. bemanning	H	Utfordrande å halda på tilsette med etterspurt kompetanse. Ekstra risiko når kommunen er ein liten utkantkommune.
m. psykososialt miljø	L/M	
n. sjukefråvær	H	Sårbart – få personar å erstatta sjuke med. Langtidsfråvær kan føra til overtidskostnader over lengre tid. Vedvarande høgt og høgare fråvær etter pandemien.
o. økonomi	M/H	Vikarkostnader, manglande inntening av tenesteyting grunna ulikt regelverk (privat/offentleg), kostbare institusjonsplassar om dette oppstår. Store kostnader knytt til barnevern og ressurskrevjande tenester.
p. rekruttering	H	Mangel på kompetanse måla mot behovet. Kniving mellom kommunar om alle kandidatar.

q. anna		
---------	--	--

Tabell 3.16 Pleie og omsorg.

Vurder risiko og vesentlegheit knytt til: **L/M/H** **Kommentar:**

a. heimebasert omsorg m/omsorgsbustadar	L/M	Manglar heildøgnstilsyn til omsorgsbustader.
b. omsorgsbustadar psykiatri	M	Nystarta tilbod – manglar erfaringstal.
c. sjukeheim/aldersheim	M	Nytt bygg, nokre garantisaker, teke tid å få ny organisering til å fungera, utfordrande å tilpassa bemanning til belegg og få økonomisk berekraftig belegg utan å leggja krav på plassar nye trengjande kan ha større behov for.
d. rehabilitering	L	God dekning, kanskje for god med tanke på økonomisk berekraft. Kommunalt tilsette, ikkje privat tenestekjøp – større styringsrett, mogleg med betre utnytting av personale.
e. brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	L	Ikkje tilbod eller etterspurnad etter tenesta i dag. Kan vera utfordrande å rekruttera rett kompetanse til stillinga om/når behovet oppstår.
f. samhandling mellom kommunen og staten	L/H	Varierende risiko. Fungerer særst bra i nokre høve og særst dårleg i andre. Stadig fleire krav og stadig lågare finansiering.
g. IKT-tryggleik	H	Auka trugselbilet i verda, særst sensitive data, ingen nasjonal standard på programvare, kostbare lisensar med stadig behov for nye og kostbar funksjonalitet. Overveldande e-postmengder – avgrensa moglegheit for brukarane å vera vare for alt.
h. lover og regelverk	H	GDPR-regelverket er særst omfattande og kan ha store økonomiske konsekvensar om det ikkje vert fylgt. Også særst omfattande lovverk på helseområdet som gjer det vanskeleg å femna om alt.
i. leiing/administrasjon	L/M	Stillingane er dekkja per i dag
j. bemanning	H	Utfordrande å halda på tilsette med etterspurt kompetanse. Små kommunar har ekstra utfordring å halda på personal. Vanskeleg å nytta personale på tvers med meir adskilte avdelingar. Jobbar med å betre nytta rett kompetanse på rett stad.
k. psykososialt miljø	M	Ubalansert turnus kan ha negativ innverknad på miljøet. Utfordrande å få turnus til å balansera – større press på deler av personalet. Pågåande prosjekt (TØRN, mv) for å betra dette.
l. sjukefråvær	H	Sårbart – få personar å erstatta sjuke med. Langtidsfråvær kan føra til overtidskostnader over lengre tid. Vedvarande høgare/høgt fråvær etter pandemien. Vikarbyrå
m. økonomi	H	Krevjande å halda budsjett – lovverk krev strakstiltak utan omsyn til økonomisk dekning. Store kostnader knytt

		til vikarbruk. Utfordringar med forsvarleg inntening ved sal av plassar/tenester. Førebyggjing er betre for brukaren men lite lønsamt for tenesta.
n. rekruttering	H	Mangel på kompetanse måla mot behovet. Kniving mellom kommunar om alle kandidatar.
o. anna		

3.4.3 Vurderingar

Helse- og sosial

Data innhenta frå KOSTRA for ulike helse og sosialtenester viser enkelte store avvik som tyder på at talgrunlaget ikkje er å stole på. Eit av områda med størst avvik i KOSTRA-statistikken finn ein knytt til administrative kostnader for barnevernstenesta som har auka drastisk sidan 2019 med meir enn ein firegang. Samanliknar ein tala med Eidfjord kommune som også er ein del av Hardanger barnevern og har tilnærma same barnetal er det ein vesentleg forskjell i kostnadsutviklinga sidan 2019.

Samanlikning tal «Barnevern» Ulvik herad og Eidfjord kommune 2019/2023:

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Eidfjord	
		2019	2023	2019	2023
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år	kr	4293	20 563	4855	10724
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak	kr	53 750	90 500	136500	381000
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251)	kr	11 125	9286	20500	9333
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252)	kr	212 500	954 250	452000	43667

Dette gir Ulvik dobbelt så høge driftsutgifter som Eidfjord. Revisjonen stiller spørsmål ved rapporteringa då Eidfjord er om lag same storleik som Ulvik. Me viser samstundes til forvaltningsrevisjon om kjøp av interkommunale tenester der Ullensvang kommune og Hardanger barnevern ikkje har vore i stand til å dokumentera driftsutgiftene og fordelinga mellom kommunane. Etter avtale er det Hardanger barnevern som står for rapporteringa til KOSTRA for drifta på vegne av deltakarkommunane.

Statistikken viser at utgifter til barn som har tiltak gjennom barnevernet har auka kraftig i Ulvik frå om lag 218 000,- i 2019 til heile 954 000,- i 2023. Dette er utgifter Ulvik herad må bera og kostnader som er vanskeleg å budsjettera for. Det er difor ein vesentleg risiko for at heradet kan få vesentleg større utgifter knytt til enkeltvedtak enn kva budsjettet har teke høgde for. Me viser elles til risiko forbundet

med etablering av Spira og risiko for at driftskostnadane til Hardanger barnevern ikkje er i samsvar med avtaleverket der Ullensvang er vertskommune.

Innrapporterte tal til KOSTRA for helse og sosialtenestene er ikkje mogleg å samanlikna med KOSTRA-gruppa på grunn av samanstillinga til SSB. Det er heller ikkje råd å samanlikna utviklinga i perioden på grunn av manglande tal. Det er uttrykt ei viss uro blant politikarar og administrasjon for kostnadsutviklinga i sosialtenesta om fleire av flyktningane ikkje kjem i arbeid før den statlege tilskotsperioden er over. Det er ein vesentleg risiko for at dette kan skje med enkeltpersonar når mange kjem til kommunen på kort tid.

Generelt slit norske kommunar å få til ei fullgod integrering og aktiv deltaking i arbeidslivet for alle flyktningar og asylsøklarar. Dette påverkar også trongen for sosialstøtte i norske kommunar.

Ulvik hadde eit meirforbruk innanfor området sosialhjelp går det fram av årsmeldinga. Auken i Ulvik er likevel ikkje urovekkande samanlikna med andre kommunar i høve økonomisk støtte til innbyggjarane.

Prosessmøte peika på at det er knytt middels til høg risiko kring arbeid med rus og psykiatri i kommunen. Dette er eit tenestekområde med store konsekvensar for enkeltindivid om ein ikkje får naudsynt hjelp til å handtera utfordringane ein har med rus og mental helse. Innspel frå prosessmøte peikar på at behovet er stort i forhold til innbyggartalet. Kommunen har difor etablert ei fast vernepleiarstilling for å handtera utfordringane.

Det er også peika på mangelfullt psykologtilbod lokalt. Tiltak for rusmisbrukarar og psykisk helsevern skil seg kraftig frå rapporteringa i 2019. Både brutto og netto kostnadane har auka med meir enn 350 % og ligg langt over snittet i KOSTRA gruppa. Merk at Ulvik står med same brutto- og nettokostnad, medan KOSTRA-gruppa og landet har lågare nettoutgifter. Ser ein på del netto driftsutgifter til tilbod til personar med rusproblem av samla driftskostnadar er det eit stort avvik for Ulvik med -30 %, i 2023 mot vel 2 % i 2019, noko som tyder på at dette talet er feil. Revisjonen rår til at kontrollutvalet fylgjer opp arbeidet med rus og psykisk helsevern gjennom orienteringar frå kommunedirektøren for å sikra at tenesta fungerer slik ho skal. Tilbakemeldingar kan gi verdifull informasjon med tanke på om området er aktuell for ein forvaltningsrevisjon i løpet av perioden.

Bruk av krisesenter for innbyggjarar i Ulvik er lågt. Det er usikkert om avstand til Bergen for å få hjelp kan vera ein barriere for brukarar. Tilsvarande refleksjonar har komme fram også i grannekommunane i forhold til mogleg barrierar knytt til kontakt og bruk av krisesenter.

Generelt viser drøftingane i prosessmøte kring helse og sosial at mange av tenestekområda har middels til høg risiko. Revisjonen sin analyse av budsjett og rekneskap innan heile helse og velferdssektoren i samband med gjennomgang av pleie og omsorgstenesta viser at det også er økonomiske utfordringar knytt til fleire av helse og sosialtenestene. Det er ein risiko for at inntekter og utgifter ikkje vil balansera, noko som kan føra til vesentleg underskot på drifta. Det kan difor vera hensiktsmessig å vurdere ein forvaltningsrevisjon knytt til økonomi og berekraft innan helse og sosialtenesta for å få fram kva utfordringar og tiltak som kan iverksetjast.

Pleie- og omsorg

I fylgje KOSTRA har Ulvik sine kostnadar til helse og omsorg auka med 24 000,- eller 46 % pr. innbyggjar sidan 2019. Statistikken viser også at heradet ligg 20 000,- eller 35 % høgare pr. innbyggjar enn snittet i KOSTRA-gruppa i 2023. Heradet har også 20 fleire årsverk pr. 10 000 innbyggjarar enn i

KOSTRA-gruppa og 55 fleire enn snittet for landet. Statistikken frå KOSTRA viser at Ulvik herad nyttar 4,2 % mindre til pleie og omsorg av samla driftsutgifter enn snittet i KOSTRA-gruppa med hhv. 32,8 og 37 %. Ei årsak er at Ulvik ikkje har gjort ei realitetsvurdering knytt til kostnadsfordelinga mellom tenesteområda i kommunebudsjettet. Samtidig veit ein at omsorgstenesta har erfart vesentleg meirforbruk sidan 2021.

Revisjonen viser her også til analysen som er utarbeidd av revisjonen for pleie og omsorg i 2024 på oppdrag frå kommunedirektøren. Den viser at området har ein høg risiko knytt til økonomi. På grunn av arbeidet som er igangsett internt saman med KS sitt tårn-prosjekt og analysen med tilrådingar frå revisjonen meiner me at det ikkje er hensiktsmessig med ein forvaltningsrevisjon no. Det bør likevel vurderast om ein forvaltningsrevisjon kan vera aktuell i slutten av perioden for å evaluera resultat av arbeidet for ei berekraftig omsorgstenesta.

Effektivitetsanalysen er ein annan indikator på at Ulvik herad driv pleie- og omsorgstenesta på ein mindre effektiv måte enn andre kommunar. Heradet har fått 56 poeng i effektivitetsvurderinga knytt til pleie og omsorg. Dette gir Ulvik ein 16. plass i KOSTRA-gruppa og eit kraftig fall på målinga frå 2019 då kommunen var på topp med 100 poeng.

3.4.4 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Revisjonen har vurdert fylgjande områder innan helse og velferd som relevante for forvaltningsrevisjon:

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon
Høg	Helse og sosial	Økonomi -budsjettering og rekneskap inkluder internkontroll/rolle/ansvar

3.5 Teknisk

3.2.1 KOSTRA-statistikk

Tabell 3.17 Plan, byggesak og miljø

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra-gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Reguleringsplanar vedteke i alt	tal	0	..	14	812
Del av reguleringsplanane som ble møtt med innseiing	prosent	..	..	5	417
Byggesøknader i alt behandla	tal	..	..	131	143
Behandla byggesøknader med 3 vekers frist	tal	0	1	44	899
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 3 vekers frist	dagar	..	..	36,8	37,4
Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for byggesaker med 12 vekers frist	dagar	..	..	83,3	96,9
Del av innvilga byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon frå plan	prosent	7	8	347	26446
Tilsyn for byggeverksemd som er unnateke søknadsplikt	tal	14	22	630	30868
Søknader om nye bygningar i strandsona som ble innvilga	tal	14	60	33	38
Del av søknader om nye bygningar i LNF-/LNFR-område som ble innvilga	prosent	14	20	13	19
Del av søknader om tiltak i freda eller verneverdige område/bygningar som ble innvilga	prosent	25	10,7	16,8	20,1
Sjølvcostgrad i byggesaker	prosent	2	..	40	3171
Netto endring i tal bustadar	tal	2	..	62	5989

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.18 Vassforsyning

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra-gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Sjølvcostgrad	prosent	..	47	95	98
Årsgebyr for vassforsyning - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	kr	4448	5602	6257	4809
Del fornya kommunalt leidningsnett, gjennomsnitt for siste tre år	prosent	1,52	0,18	..	0,58
E.coli: Del innbyggjarar tilknytt kommunalt vassverk med tilfredsstillande prøveresultat	prosent	100	100,0	..	97,1
Del av total kommunal vassleveranse til lekkasje	prosent	19	15	..	28,6

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.19 Avløp

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 5	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Sjølvcostgrad	prosent	0	-7	90	97
Årsgebyr for avløpstenesta - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	kr	3183	4820	6321	5264
Del fornya kommunalt spillvassnett, gjennomsnitt for siste tre år	prosent	1,06	0,0	..	0,64
Del innbyggjarar tilknytt anlegg der reinsekrav er oppfylt	prosent	..	..	..	..

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.20 Hushaldsavfall

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Årsgebyr for avfallstenesta - ekskl. mva. (gjeld rapporteringsåret+1)	kr	2495	3671	3614	3557
Del levert til materialgjenvinning inkl. biologisk behandling	prosent	46	42,3	39,2	45,7
Sjølvcostgrad	prosent	..	100	99	96
Hushaldsavfall per innbyggjar (fylke og land)	kg	0	0	546,1	366,9

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.21 Bustad

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Totalt tal kommunalt disponerte bustadar	tal	33	36	1284	99406
Kommunalt disponerte bustadar per 1000 innbyggjarar	tal	31	33	35	21
Del kommunale bustadar som er tilgjengelege for rullestolbrukarar	prosent	58	50	56	51
Brutto investeringsutgifter til bustadformål per innbyggjar i kroner	kr	2708	16	1973	1725
Lønnsutgifter per eigd kommunal bustad	kr	1000	43625	12201	13005
Del nye søkarar som har fått avslag på kommunal bustad	prosent	0	..	21	29

Husstandar i midlertidige butilbod i mindre enn 3 månadar	tal	0	1	3,0	3261
Tal bustadar godkjent av kommunen for finansiering med startlån, per 1000 innbyggjarar	tal	..	3,7	1,7	1,5
Tal husstandar tilkjent statleg bustøtte frå Husbanken per 1000 innbyggjarar	tal	11,1	22	14	19

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.22 Brann og ulukkesvern

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra-gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Brutto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 per innbyggjar, konsern 1	kr	2425	3063	3280	1604
Brutto driftsutgifter til funksjon 339 per innbyggjar, konsern	kr	2216	2551	2521	1276
Brutto driftsutgifter funksjon 338 per innbyggjar, konsern	kr	209	512	759	328
Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 per innbyggjar, konsern	kr	2032	2725	2304	1146
Netto driftsutgifter til funksjon 338 per innbyggjar, konsern	kr	-151	174	87	114
Netto driftsutgifter til funksjon 339 per innbyggjar, konsern	kr	2183	2551	2216	1031
Årsverk i brann- og ulukkesvern per 1000 innbyggjarar	årsverk	0,14	0,18	..	0,76
Årsverk til førebygging, funksjon 338, per 1000 innbyggjarar	årsverk	0,05	0,00	..	0,25
Årsverk til beredskap, funksjon 339, per 1000 innbyggjarar	årsverk	0,09	0,18	..	0,51
Tal bygningsbrannar	tal	0	1	29	2733
Tal A-objekt med tilsyn i løpet av året 2	tal	8	25	121	5741

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Fotnotar:

1. Funksjon 338 er førebygging av brannar og andre ulukker. Funksjon 339 er beredskap mot brannar og andre ulukker.
2. A-objekt er bygningar til opphald for eit større tal menneske kor brann kan medføra meir enn alminneleg fare for tap av menneskeliv.

Tabell 3.23 Samferdsel

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra-gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Del km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale veger 3	prosent	0	0,0	11,8	15,7

Del kommunale veger og gater med belysning av alle kommunale veger og gater	prosent	46,2	46,2	35,8	64,5
Utgifter til vedlikehold av kommunale veger og gater av totale netto driftsutgifter til kommunale veger og gater 4	prosent	26,3	7,0	33,5	20,8
Del kommunale veger og gater utan fast dekke av alle kommunale veger og gater 2	prosent	0,0	0,0	50,3	24,9
Brutto driftsutgifter til samferdsel per innbyggjar	kr	2584	5062	3196	2288
Brutto driftsutgifter til gatebelysning langs kommunale veger og gater per kilometer belyst veg 1	kr	28583	19333	17655	26826
Brutto investeringsutgifter til kommunale veger og gater per innbyggjar	kr	2515	2545	1471	1522
Tal km tilrettelagt for syklande som er eit kommunalt ansvar 5	km	0	0	105	5790
Netto driftsutgifter til kommunale veger og gater per innbyggjar	kr	2028	4547	2901	1633
Netto driftsutgifter til kommunale veger og gater per km	kr	84231	190462	118360	213925

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Fotnotar: Nærare forklaring til nøkkeltala kan finnast på SSB sine sider under KOSTRA- nøkkeltal for Ulvik.

Tabell 3.24 Eigedomsforvaltning

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 5	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Netto driftsutgifter til eigedomsforvaltning i prosent av samla driftsutgifter	prosent	10,1	9	11,5	9,4
Netto driftsutgifter til forvaltning av eigedom per innbyggjar	kr	0	22	825	431
Areal på formålsbygg per innbyggjar	m2	11,44	11,34	9,67	5,03
Utgifter til vedlikehold per kvadratmeter	kr	32	45	76	113
Utgifter til driftsaktiviteter per kvadratmeter	kr	559	650	704	750
Herav utgifter til renhold	kr	176	114	176	187
Herav energikostnader per kvadratmeter 1	kr	168	237	197	170

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Fotnote:

1. Før 2017 har dette talet blitt berekna ut i frå samla areal av dei utvalde (fylkes)kommunale formålsbygga kommunen eig og leiger. Her ser me kun utgiftene opp mot arealet kommunen eig.

Tabell 3.25 Klima og energi

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Energiutgifter per m2 kommunalt eigde bygg	kr	168	237	197	170
Energiutgifter som del av brutto driftsutgifter	prosent	1,42	1,42	1,17	0,78
Del av energikostnader i kommunen si eideomsforvaltning brukt på fornybare energikjelder	prosent	100	100	98,3	0
Energibruk per m2 eigd areal	kWh	197	181	145	142
Del elektrisitetsforbruk av totalt forbruk i kommunen si eideomsforvaltning, egne bygg	prosent	100	100	81	0
Del fjernvarmeforbruk av totalt forbruk i kommunen si eideomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	12	0
Del oljeforbruk av totalt forbruk i kommunen si eideomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	0	0
Del naturgassforbruk av totalt forbruk i kommunen si eideomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	0	0
Del bioenergiforbruk av totalt forbruk i kommunen si eideomsforvaltning, egne bygg	prosent	0	0	6	0
Del fornybarforbruk av totalt forbruk i kommunen si eideomsforvaltning, egne bygg	prosent	100	100	97	0
Utslipp av CO2 knytt til energibruk	g/kWh	0	0	1	3

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

Tabell 3.26 Landbruk

Nøkkeltal	Eining	Ulvik		Kostra- gruppe 14	Landet utan Oslo
		2019	2023	2023	2023
Netto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling i prosent av totale netto driftsutgifter	prosent	1	0,8	0,8	0,2
Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning korrigert for samarbeidskommunar	1000 kr	965	1116	43172	1006981
Brutto driftsutgifter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling per landbrukseigedom	1000 kr	7	7,4	5,9	5,5
Landbrukseigedomar	tal	138	150	7366	182245
Jordbruksbedrifter	tal	57	60	1427	37535
Jordbruksareal i drift	dekar	6603	6781	358591	9839711
Produktivt skogareal	dekar	42252	43843	5043799	69691096
Dyrka og dyrkbar jord omdisponert til andre formål enn landbruk	dekar	0	0,0	328,8	7349,4
Omdisponering av dyrka jord til andre formål enn landbruk	dekar	0	0,0	83,2	2751

Omdisponering av dyrkbar jord til andre formål enn landbruk	dekar	0	0,0	245,6	4598,4
Godkjent nydyrka areal	dekar	0	4,0	494	9499
Søknader i alt etter jord- og konsesjonslov	tal	6	4,0	288	6135

Kjelde: KOSTRA nøkkeltal, Ulvik 4620

3.5.1 Prosessmøte

Tabell 3.27 Teknisk.

Vurder risiko og vesentlegheit knytt til: **L/M/H** **Kommentar:**

a. brannvern	M/H	Finse, Hallingskeid, Tog, ekstra risiko om vinteren, Skal byggjast ny brannstasjon i Ulvik, deltid, Voss næraste «profesjonelle brannvesen. Høg risiko knytt til nokre områder. Låg risiko på rekruttering (men ingen kvinner)
b. byggesaksbehandling	M	Handsamingstid – for lang -seint svar til innbyggjarar, Held ikkje fristar? Får heradet gebyra dei har krav på? Vert innbyggjarar handsama likt? Rekruttering til byggesakshandsaming, kompetanse, sårbar.
c. vatn og avløp	L/H	Høge sjølvkostgebyr på sikt? Overløp? Private anlegg – gardsdrift? Høg risiko for gebyrauke for innbyggjarar. Låg risiko på vasskvalitet og forsyning
d. renovasjon	L	BIR – kommune.
e. veg og infrastruktur	M	Dårlege fylkesveg, løpande vedlikehald kommunale vegar, trafikksikringsplan og i høve mjuke trafikantar er ferdig. Fartsgrense på fylkesveg burde vore endra. Skuleskyss Vintervedlikehald?
f. forvaltning av kommunale bygg/eigedom	L/H	Vedlikehald skule og barnehage (dårlege bygg) Gammal barnehage. Ventilasjon – arbeidsmiljø for lærar og elevar Høg risiko knytt til skule og barnehage sine bygg. Låg risiko i høve andre kommunale bygg
g. oppfølging av investeringsprosjekt	L	Stort sett gode prosessar, store prosjekt har landa på budsjett
h. samfunnsikkerheit og beredskap	H	Sjå og pkt. A – lang veg til legevakt, sjukehus, knytt til ambulanse Voss – lang responstid

		Hardangerbrua som risikopunkt, oppdrag i fjellet – leiteaksjonar, rekruttering frivillige (Røde kors) risiko mobilnett – straumstans, Beredskap båt/fjord - ulukker
i. sjølvkost		Se pkt. C
j. landbruk (t.d. jordvern, konsesjonsvilkår)	L/M	Rekruttering? Matforsyning? Nasjonale retningslinjer og reglar sær utfordrande for småbruk på Vestlandet. Store investeringskostnader
k. kommunal tilrettelegging for næringsutvikling	L	Heradet har tilsette. Næringshagen i Hardanger – Voss Eige næringslag støtta av heradet Kommunal turistinformasjon Regionalt samarbeid godt Kommunalt næringsfond.
l. IKT-tryggleik	M	Manglande fiberutbygging? Samarbeid med Kvam Skyløysing i Acos GDPR - kjøper frå Bergen Ny brannmur, phishing
m. lover og regelverk	L/H	Plan og byggesak og juridisk kompetanse knytt til utanfor heradet. Stor ressursbruk der ein vert utfordra på påstandar om brot på lov og regelverk Rettigheitssamfunn Mykje innsynskrav
n. leiing/administrasjon	H	Rekruttering av rett kompetanse Lønnspress i kommunane og dels private
o. bemanning	H	Sjå n.
p. psykososialt miljø	L/M	Jobba med 10 – faktor siste året Bra arbeidsmiljø
q. sjukefråvær	M	Arbeidsbelastning i enkelte avdelingar (Reinhald t.d)
r. økonomi	H	Høg konsulentbruk?

s. rekruttering	M	Sjå n. og o
t. anna		

3.5.2 Vurderingar

KOSTRA-tala for tekniske tenester viser lite avvik i forhold til KOSTRA-gruppa på mange områder. Derimot er det enkelte områder som framstår med svært stor avstand til snittet i KOSTRA-gruppa som kan tyda på at talgrunnlaget ikkje stemmer td. Lønnskostnader knytt til kommunale bygg. Revisjonen viser også til at sjølvkost på VA-området har vore underfinansiert i ein lengre periode. Dette har negativ økonomisk konsekvens for kommunen. Innbyggjarane vil oppleve auka kostnader på VA-tenestene dersom kommunen etablerer full sjølvkost. Det er ein risiko for at kommunen ikkje har gode nok rutinar for analyse og fastsetjing av korrekt prisnivå i forhold til lovpålagt sjølvkost innan VA-området. Tema kan vera aktuelt for ein forvaltningsrevisjon der ein ser på rutinar og prosessar for å få betre kontroll på denne lovpålagde oppgåva til innbyggjarar som mottek kommunale VA-tenester. Her kan ein også vurdere om sjølvkost av septik tenesta bør inngå som tema for ein forvaltningsrevisjon.

Årsgebyret for avfallstenesta for Ulvik i KOSTRA viser at heradet er på linje med tilsvarende kommunar også etter fusjon med BIR. Som medlem i det interkommunale renovasjonsselskapet skal alle husstandar ha same prising for same abonnement.

Kommunale vegar har ikkje fått særleg merksemd på prosessmøte, men manglande utbetring av det fylkeskommunale vegnettet i kommunen er ein stor risiko for kommunen og innbyggjarane. Dette gjeld både tryggleik, næringsaktivitet og den kommunale samfunnsberedskapen t.d. brann og redning når vegnettet er stengt. Sjølv om risikoen er reel, er det det ikkje kontrollutvalet si oppgåve å gjennomføre forvaltningsrevisjon av fylkeskommunen sine oppgåver og ansvar på vegnettet i kommunen. Det er behov for meir kunnskap om dei kommunale vegane om ein ynskjer eventuelle kontrollhandlingar relatert til vedlikehald og investeringar på det kommunale vegnettet. KOSTRA statistikken knytt til samferdsel er også usikker for Ulvik herad.

Heradet har fleire bygg som krev oppgradering og vedlikehald. Ny brannstasjon, barnehage og skulen vart omtalt på prosessmøte som tre aktuelle formålsbygg som trengs fornyast/oppgraderast. Ulvik herad har etablert ein plan for vedlikehald av kommunale bygg. Denne omtalar dei ulike formålsbygga og kva rutinar og prioriteringar som ein skal fylgje med omsyn til vedlikehald. Det ligg store verdiar i den kommunale infrastrukturen og vedlikehald er viktig for å unngå nedsett funksjonalitet og store økonomiske verditap i dei kommunale bygga. Korleis kommunen i praksis etterlever målsettinga for vedlikehald i planen med prioritering av midlar til naudsynt vedlikehald kan vera eit relevant tema i plan for forvaltningsrevisjon.

Vatn og avlaup er eit svært viktig område for innbyggjarane i kommunen. Forsyningstryggleik på vatn i forhold til forureining, forgifting og kvalitet på infrastruktur er eit ibuande risikoområde. I tillegg er det viktig med gode rutinar og system for drift og vedlikehald. Kommunen har gjennomført fleire nye utbyggingar av infrastruktur med leidningsnett og vassforsyning nokre år tilbake. Det har ikkje vore utført revisjon på området dei seinare åra. Området kan vurderast i forhold til ein forvaltningsrevisjon med tanke på forsyningstryggleik og nye EU-krav.

Etterlevingskontroll utført av revisjonen i 2020 av anskaffingsprosessane knytt til fleire VA-anlegg viser at desse har vore gjort i tråd med lov for offentlig anskaffing og forsyningsforskrifta. Risiko for alvorleg lovbrøt knytt til anskaffingar er såleis ikkje avdekt i desse kontrollane.

Det er peika på risiko knytt til kommunen som tilretteleggjar for næringsutvikling. Det har vore vist til manglande tilgang på næringsareal som ei utfordring. Heradet har utfordringar med tilgang på Ressursar innan Plan og byggesaksarbeid som også kan påverka næringsutviklinga i kommunen. Ein forvaltningsrevisjon er mogleg, men revisjonen meiner det finst andre tema som er av høgare risiko og konsekvens i denne planperioden.

3.5.3 Aktuelle tema for forvaltningsrevisjon

Risiko	Område	Aktuelle tema i ein forvaltningsrevisjon
Høg	Teknisk	Sjølvkost innan VA og septikktømming
Høg	Teknisk	Oppfølging plan for vedlikehald av bygg
Middels	Teknisk	Forsyningstryggleik av vatn
Middels	Teknisk	Kommunen si rolle i næringsutvikling

4 Gjennomførte forvaltningsrevisjonar og tilsyn

Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar

Vestlandsrevisjon IKS har utført fylgjande revisjonar:

2023 Kjøp av interkommunale tenester

2021 Arkivplan og etterleving av rutinar og reglement

I tillegg har vestlandsrevisjon på oppdrag frå heradet gjennomført fylgjande evaluering og analysar:

2024 Økonomi og psykososialt arbeidsmiljø innan pleie og omsorgstenesta

2021 Ulvik herad si handtering av pandemiutbrotet i februar 2021

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har utført følgjande forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar:

2019	Indre Hordaland Miljøverk (Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)
2018	Interkommunal legevakt i Ulvik
2016	Hardangerrådet IKS (Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon)
2017	Samhandlingsreforma
2015	Offentlege innkjøp
2014	Oppfølging av handlingsplanar og vedtak
2013	Strategi for å avdekke og løyse sårbarheit/beredskap i Ulvik herad

Tilsyn

Fylkesmannen har utført fylgjande tilsyn:

2019	Tilsyn om gjennomføring av kartleggingsprøver 1. – 4. trinn
2018	Samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Ulvik herad
2017	Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskild tilrettelegging - Brakanes skule

Lista er henta frå www.fylkesmannen.no.

Helsetilsynet har utført fylgjande tilsyn:

2019	Tenesteyting til personar med utviklingshemming med minst mogeleg bruk av tvang og makt
2016	Voss kommune tilsyn med forsvarlege legevakttenester 2016
2016	Hardanger Interkommunale Barnevernteneste arbeid med meldingar til barneverntenesta
2015	Ulvik sjukeheim tvungen helsehjelp

Revisjonen gjer merksam på at det kan ha vore gjennomført fleire eksterne tilsyn i perioden som revisjonen ikkje har vorte kjent med.

5 Oppsummering

Denne analysen er ikkje meint som ein analyse for å velja ut ferdige ”spissa prosjekt”. Me peikar på risiko og mogelege konsekvensar innan ulike område som eventuelt kan/bør undersøkjast vidare. Innanfor nokre av område som er omtalt i analysen kan det vera andre kontrolltiltak som eignar seg betre enn tradisjonell forvaltningsrevisjon.

Dei prioriterte forslaga nedanfor frå revisjonen er meint som eit utgangspunkt for kontrollutvalet si vidare drøfting. Det vil vera opp til kontrollutvalet og kommunestyret og ta ei endeleg vesentlegheitsvurdering i forhold til val av tema i plan til forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028.

Revisjonen sitt forslag til plan for forvaltningsrevisjon:

Prioritet	Risiko	Område	Aktuelle tema i forvaltningsrevisjon
1	Høg	Sentraladministrasjonen	Økonomistyring, budsjettering og analyse.
2	Høg	Teknisk	Sjølvkost innan VA og septikktømming
3	Høg	Skule	PPT tenesta, spesialundervisning og samhandling (SPIRA)
4	Høg	Teknisk	Oppfølging plan for vedlikehald av bygg
5	Middels	Sentraladministrasjonen	Internkontroll, avvikshandtering og kvalitetskontroll
6	Middels	Sentraladministrasjonen	IKT-tryggleik knytt til GDPR og dataavtalar

7	Høg	Helse og sosial	Økonomi -budsjettering og rekneskap inkludert internkontroll/rolle/ansvar
8	Middels	Teknisk	Forsyningstryggleik av vatn
9	Middels	Teknisk	Kommunen si rolle i næringsutvikling
10	Middels	Skule/barnehage	Oppfølging sjukefravær



Saksframlegg

Saksnr: 2023/417-3

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	16/24	05.09.2024

Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 for Ulvik herad.

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapsforvaltning for perioden 2024 – 2028 for Ulvik herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
3. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafør dei utvalde områda i planen.
4. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
5. Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontroll til heradsstyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å leggja fram sak om plan for eigarskapskontroll for Ulvik herad for perioden 2024 – 2028. Planen skal vidare til heradsstyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 ROV - Plan for eigarskapskontroll 2024-2028 - Ulvik herad ferdig
- 2 Eigarskapsmelding 2019

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Det er verdt å merke seg at det i den nye kommunelova er lagt opp til at forvaltningsrevisjon av verksemda i heradet sine selskap no skal inngå som ein del av plan for forvaltningsrevisjon, jf. anna sak til dette møtet. I gammal kommunelov var dette ein del av det som den gong heitte plan for selskapskontroll. Etter ny kommunelov heiter denne planen plan for eigarskapskontroll og den planen skal omfatte fylkeskommunen si oppfølging av selskapa som eigar (eigaroppfølging).

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2024 – 2028.
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av heradet sin eigarskap i selskap som planen skal baserast på.
- at planen vert vedteken av heradsstyret som kan delegera til kontrollutvalet å føreta endringar i planperioden.

Kontrollutvalget gjorde slikt vedtak i sak PS 27/23, 07.12.2023:

1. Kontrollutvalet ber Vestlandsrevisjon IKS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Ulvik herad og verksemda i heradet sine selskap og av Ulvik herad sin eigarskap i selskap med ein timeressurs på inntil 140 timar inkl. planarbeidet
2. Vidare ber kontrollutvalet Vestlandsrevisjon IKS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet i 2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggst fram for heradsstyret i juni 2024.

Denne saka gjeld forslag til plan for eigarskapskontroll, jf. andre del av punkt 2 i vedtaket over. Prosessarbeidet med plan for forvaltningsrevisjon har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for eigarskapskontroll.

Vidare går det fram av punkt 3 i vedtaket over at det var tenkt at prosessmøte 1 skulle gjennomførast i møte i kontrollutvalet i februar 2024. Det viste seg at Vestlandsrevisjon IKS sitt kartleggingsarbeid ikkje blei ferdig tidnok til at det lot seg gjera. Prosessmøte 1 vart gjennomført 2. mai 2024.

Det betyr at prosessmøte 2 vert gjennomført i dette møtet. Forslag til plan for eigarskapskontroll som ligg ved som vedlegg til denne saka skal også gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Vestlandsrevisjon IKS vil redigere planen ut frå det som kjem fram i møtet og endeleg versjon av planen vert lagt ved saka som går vidare til heradsstyret som fattar endeleg vedtak.

Vestlandsrevisjon IKS har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering (ROV) m.a. gjennomført møte med kontrollutvalet, administrasjon og politisk nivå, dokumentgjennomgang, analyse av statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase.

Det er difor gjort eit grunnlagsarbeid, i tråd med bestillinga frå kontrollutvalet, for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for eigarskapskontroll.

Analysegrunnlag for plan for eigarskapskontroll vert lagt fram i kontrollutvalet i dette møtet saman med utkast til plan. (Sjå vedlegg) Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av prosjekt i Ulvik herad, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å starte opp og gjennomføra planprosessen, blant anna gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2024 - 2028 føreligg, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til heradsstyret, som vedtek plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av heradet sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver heradet sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, heradsstyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Det går fram at vedlagte forslag til plan for eigarskapskontroll skal gjelde i perioden 2024 – 2028. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2027, medan ferdigstilling av plan for eigarskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2028, med nasjonal frist ved utgangen av 2028.

Ved utarbeiding av plan for eigarskapskontroll er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av forvaltninga av eigarinteressene og utøvinga av eigarinteressene. Vidare ei vurdering av kor det kan vera størst risiko for vesentlege avvik i høve lovar og forskrifter, heradet sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

I dokumentet som ligg ved sak til dette møtet er det lagt inn oversikt over heradet sin eigarskap i selskap. Oversikta er basert på informasjon frå heradet og relevante elektroniske kjelder. Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er heradet si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028) eller som overordna eigarskapsforvaltning.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom ei rekke område som kan vera aktuelle for framtidige eigarskapskontrollar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for nokre av områda i prioritert rekkefølge.

Av praktiske omsyn vert det tilrådd at det vert delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i planen, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette m.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført minst ei evaluering av planen, normalt midt i planperioden, for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet vil senda eigarskapskontrollrapportar over til heradsstyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til heradsstyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av heradsstyret sine vedtak i samband med eigarskapskontrollar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for eigarskapskontroll 2024 – 2028 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for heradsstyret for endeleg avgjerd.

Vestlandsrevisjon IKS

Forvaltningsrevisjon | Rekneskapskontroll | Intern kontroll | Rådgjeving og oppdrag

Ulvik herad

Risiko- og vesentlegvurdering til plan for eigarskapskontroll 2024-2028

Oppdrag for kontrollutvalet

rapport nr.1

2024

Forord

Eigarskapskontroll er systematiske vurderingar av kommunens sine selskap og resultat innanfor utvalde tema.

Frå kontrollutvalet i Ulvik herad har Vestlandsrevisjon IKS fått i oppdrag å gjennomføra risiko- og vesentlegvurdering (ROV) og utarbeida plan for eigarskapskontroll.

Arbeidet er utført av Arne Gilbakken, Tommy Aarethun og Geir Underhaug som er tilsette i Vestlandsrevisjon IKS.

Revisor sin uavhengigheit er vurdert.

Voss, 12.08.2024

Arne Gilbakken

Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Innhald

Forord	2
Innhald	3
1 Innleiing.....	4
2 Om eigarskapskontroll.....	4
3 Risiko- og vesentlegvurdering	6
4 Metode	7
5 Eigarskapsforvaltning	7
6 Oversikt over selskap.....	9
7 Gjennomførte eigarskapskontrollar i Ulvik herad	25
8 Aktuelle eigarskapskontrollar nemnt i prosessmøte	25
9 Forslag til prosjekt.....	25

1 Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt etter kommunelova §23-4 å utarbeide ein plan for eigarskapskontroll for å føre kontroll med kommunen sine eigarinteresser. Dette dokumentet er analysegrunnlaget for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for eigarskapskontroll for 2024-2028.

For at planen skal vise dei viktigaste områda der det er behov for eigarskapskontroll, har revisjonen gjennomført ein risiko- og vesentlegvurdering av verksemdar som kommunen har eigarinteresser i. Analysen er av overordna karakter, og er i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom dokumentanalyse, prosessmøte, oppfølgingsspørsmål der me meinte det var nødvendig. Informasjonen er brukt som ein indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkast i ein eigarskapskontroll dersom kontrollutvalet og heradsstyret ynskjer dette basert på ein samla risiko- og vesentlegvurdering. På grunn av at all informasjon i analysen ikkje er verifisert, bør den ikkje brukast til andre formål enn som eit grunnlag for val og prioritering av eigarskapskontrollar.

2 Om eigarskapskontroll

Kva er eigarskapskontroll?

Stadig større delar av den kommunale forvaltninga blir organisert utanfor den ordinære kommunale forvaltninga. Kommunen er pålagt å føre kontroll med sine eigarinteresser, jf. kommunelova § 23-2:

Kontrollutvalget skal påse at ... d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)

Lova forklarar i § 23-4 1. ledd kva eigarskapskontroll er:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Veileder i selskapskontroll (NKRF 2018) gir døme på moglege tema for eigarskapskontroll:

- system for eigarstyring,
- praktisering av system for eigarstyring,
- val av styre, evaluering og bruk av valkomité,
- likestilling,
- oppfølging av samfunnsansvar og etikk,
- førebygging av misleghald,
- openheit/offentlegheit,
- offentlege anskaffingar,
- offentleg støtte/kryssubsidiering,
- måloppnåing.

Kven kan utføre eigarskapskontroll?

Det er revisor som skal utføre eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 24-2.

Kva selskap og dokument kan kontrollutvalet kontrollera?

Innsynsretten til kontrollutvalet følgjer av kommunelova § 23-6:

Kontrollutvalget kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra

- a) interkommunale selskaper etter IKS-loven
- b) interkommunale politiske råd
- c) kommunale oppgavefellesskap
- d) aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer. ...

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.¹

Kommunale foretak, vertskommunesamarbeid, foreiningar, stiftingar og lag er ikkje omfatta av regelverket om eigarskapskontroll.

¹ Ifølge NOU 2016:4 Ny kommunelov gjeld dette leddet ein ny utvida lovfesta innsynsrett som ligg til kontrollutvalet og kommunen sin revisor. NOU'en påpeikar at

...selv om kontrollbehovet i hovedsak vil kunne dekkes gjennom kontrakt, mener utvalget at det er nødvendig å utvide den lovfestede innsynsretten på enkelte punkter. Dette er tenkt som en sikkerhetsventil, til bruk der innsynsretten i henhold til kontrakten viser seg å ikke være tilstrekkelig til å sikre kommunens kontrollbehov.

Utvalet nemner døme på eksterne verksemd som utfører oppgåver på vegne av kommunen innan barnevern, barnehage, helse og omsorg, oppvekst.

3 Risiko- og vesentlegvurdering

Av kommunelova § 23-4 går det fram at

... Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Risiko- og vesentlegvurdering er altså ein prosess som kontrollutvalet skal initiera og nytta som eit verktøy for å velja ut relevante selskap og område for eigarskapskontroll. Det vil vera viktig å vurdere selskap ut frå kor vesentleg dei er for kommunen. To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet,
- fokus på økonomiske interesser for kommunen.

Revisjonen har utleia fylgjande kriterium for vesentlegvurderinga, som kan vera til hjelp når ein skal prioritere kva selskap som kan vera gjenstand for kontroll:

- selskap der det er avdekka mulige risikoforhold,
- selskap med berre offentleg eigarskap,
- selskap som har eit samfunnsansvar,
- selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar,
- selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen,
- selskap som er heileigd av kommunen,
- selskap der kommunen har omfattande eigarinteresse i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen,
- økonomisk gevinst/tapspotensialet for kommunen,
- etikk og omdømme.

Når me har vurdert vesentlegheit for kvart enkelt selskap, går me over til å vurdere risiko/indikasjonar på risiko, t.d.

- negativ økonomisk utvikling (eigenkapital, likviditet, avkastning),
- negativ mediemerksemd,
- større endringar (organisasjon, skifte i leiinga, målsetjingar, marknad),
- komplisert/uklar organisering,
- rollekonfliktar (t.d. sentrale politikarar i styre),
- svak eigarstyring,
- manglande etiske retningslinjer og antikorrupsjonsarbeid,
- urealistiske eller uklare mål,
- politisk kritikk,
- etterleving av regelverket,

- gjennomføring av kommunen sine vedtak,
- at den som forvaltar kommunen sine eigarinteresser i selskapet ikkje gjer dette i samsvar med kommunen sine vedtak og føresetnader.

4 Metode

Me har brukt følgjande metodar for å samla inn data og kartleggja risikoforhold knytt til relevante selskap og område for eigarskapskontroll:

- **Prosessmøte med risikodrøfting og vesentlegvurdering**
Revisjonen har gjennomført eit prosessmøte med administrasjonen, ordførar og politiske gruppeleiarar, kontrollutvalet med sekretariat. Innspela frå dette prosessmøtet er teken inn som ein del av datagrunnlaget i analysearbeidet for risiko- og vesentlegvurderinga.
- **Dokumentanalyse:**
 - **Strategisk nærings- og utviklingsplan 2019-2024**
 - Eigarskapsmelding 2019,
 - diverse selskapskontrollar,
 - nøkkelinformasjon relatert til selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kontrollutvalet vil drøfte analysen og gje si innstilling til plan for eigarskapskontroll til kommunestyret for endeleg vedtak.

5 Eigarskapsforvaltning

5.1 Krav og anbefalingar om eigarstyring

Kommunalt eigde selskap forvaltar betydelege verdier på vegner av norske kommunar. Avkastinga frå mange av desse selskapa er av stor tyding for den samla økonomien i kommunane. For å forvalta dei store verdiane som kommunen rår over på ein best mogleg måte, er det viktig å etablera ein overordna strategi for den totale eigarskapporteføljen til kommunen sett i samanheng med den totale teneste-produksjonen til kommunen, også kalla for «konsernkommunen». (Resch-Knudsen, 2011, 92²)

Ny kommunelov, som trådte i kraft 01.01.2020, set i § 26-1 (om eigarskapsstyring) krav til at kommunane utarbeider eigarskapsmelding:

² Resch-Knudsen, V. (2011) *Kommunalt eierskap - Roller, styring og strategi*. Kommuneforlaget.

Kommuner og fylkeskommuner skal minst én gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.

Eierskapsmeldingen skal inneholde

- a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.

NOU 2016:4 *Ny kommunelov* understrekar at det kan vera aktuelt å ta meir inn i eigarskapsmeldinga. Den viser til KS sine anbefalingar i heftet [*Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll*](#) frå 2015. Ifølge KS bør eigarskapsmeldingar også omfatta:

- juridisk styringsgrunnlag,
- selskapsstrategi, medrekna styringsdokument,
- samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk osv.

5.2 Ulvik sin eigarstrategi

Ulvik herad har ein vedteken eigarskapsmelding frå 2019. Denne eigarskapsmeldinga er relativt kortfatta, og inneheld to deler. Del 1 omfattar noko omkring prinsipp for eigarstyring. Del 2 er ein oversikt over dei eigarskap herad har i ulike selskap samt oversikt over vertskommunesamarbeid og andre interkommunale samarbeid.

Det er ein del endringar etter at eigarskapsmeldinga vart vedteke, mellom anna har BIR Hardanger og Voss AS erstatta Indre Hordaland Miljøverk IKS og Vestlandsrevisjon IKS har erstatta Indre Hordaland Revisjon IKS. I tillegg er samarbeidsselskapet Book Hardanger AS etablert, med vesentleg eigarskap frå både Eidfjord kommune og Ulvik herad.

Det er også andre manglar i eigarskapsmeldinga, slik at denne bør vurderes oppdatert i denne perioden.

6 Oversikt over selskap

På dei neste sidene presenterer me nokre av selskapa som Ulvik herad har eigarinteresser i, med nøkkelinformasjon som t.d. eigardel, tal tilsette, formål, eigarar, likviditetsgrad³, soliditet⁴, eigenkapital, inntekter og årsresultat.

Opplysningane kjem i hovudsak frå

- bedriftsinformasjon frå proff.no, Brønnøysundregistrene og aksjonærregisteret
- selskapa sine årsmeldingar,
- selskapa sine nettsider,
- kommunen sitt utkast til eigarskapsmelding,

Me gjer merksam på at nøkkeldata frå rekneskap kjem frå 2022 og 2023 rekneskap. For verksemdar med rekneskap frå 2022 kan ha vorte endringar som kan vera vesentlege samanlikna med den informasjon som er lagt til grunn i denne risiko- og vesentlegvurderinga.

Selskapa er kategorisert etter type selskap som kontrollutvalet har innsynsrett i, ifølgje kommunelova § 23-6. I fylgje NKRF vil kontrollutvalet også ha innsynsrett i private selskap som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsynsretten vil vera avgrensa til dei oppgåver som selskapet utfører på vegne av den respektive kommune.

Type selskap	Selskap
1. Interkommunale selskap (IKS)	BIR Hardanger og Voss AS/BIR Interkommunalt arkiv Hordaland IKS Vestlandsrevisjon IKS
2. Interkommunale politiske råd	Hardangerrådet IKS
3. Kommunale oppgåvefellesskap	
4. Aksjeselskap som er heileigd av kommunar/fylkeskommunar	Energiselskapet Hardanger AS Hardangerviddatunnelene AS Kommunekraft AS Vann Vest AS

³ Likviditetsgrad er eit mål på kor mykje kortsiktige midlar føretaket har i forhold til forpliktingar selskapet har på same tidshorisont. Kortsiktig gjeld er forpliktingar som forfall innan eitt år, mens omløpsmidlar er midlar i føretaket som kan verta likvidert innan eitt år. Berekningsmodell: $\text{Likviditetsgrad} = \text{omløpsmidlar} / \text{kortsiktig gjeld}$.

⁴ Soliditet er eit mål for evna til ein bedrift til å tole tap. Ei bedrift med høg eigenkapitalprosent, har god soliditet. Ei solid bedrift kan ha god soliditet, men likevel komme i store vanskar på grunn av dårleg likviditet. Berekningsmodell: $\text{Soliditet} = \text{eigenkapital} * 100 / (\text{eigenkapital} + \text{gjeld})$.

--	--

Type selskap	Selskap
5. Andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen	Biblioteksentralen SA Cruise Norway AS* Dag og Tid AS (ikkje omtalt i analysen) Finse Vann- og avløpsanlegg AS* Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensing (ikkje omtalt i analysen) Kommunenenes Landspensjonskasse GFS Kveik AS* (ikkje omtalt i analysen) Næringshagen i Hardanger AS * Ulvik Vatningslag SA* (ikkje omtalt i analysen) Visit Hardangerfjord AS*

*Delvis privat eigarskap

Interkommunale selskap (IKS), jf. kommunelova § 23-6 a

Vestlandsrevisjon IKS - Org nr 925 841 153			
Eigardel: 3,34 % Tilsette: 8 Utført eigarskapskontroll: Nei	Formål: Selskapet leverer revisjonstenester til eigarkommunane i samsvar med Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018, kap. 24/ til ei kvar tid gjeldande kommunelov. Selskapet leverer revisjonstenester innanfor finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll, attestasjonsfråsegner og rådgjevingstenester. Selskapet skal vidareutvikla ekspertise og effektivitet på kommunal revisjon og gje selskapet fagleg, administrativ og økonomisk gevinst gjennom tidsriktig teknologisk utvikling og kompetanseutvikling i tråd med den faglege utviklinga i bransjen. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler med andre selskap med tilsvarende formål. Selskapet kan eiga/delta i andre selskap som leverer revisjonstenester og andre tenester som naturleg høyrer slike verksemdar til. Selskapet er ope for nye kommunar som ynskjer å gå inn i Vestlandsrevisjon IKS. Eigarar: <table> <tr> <td>Aksjonærar</td><td>Eigardel</td></tr> </table>	Aksjonærar	Eigardel
Aksjonærar	Eigardel		

	Voss herad	50,60 %	
	Osterøy kommune	25,92 %	
	Austrheim kommune	9,13 %	
	Masfjorden kommune	5,21 %	
	Ulvik herad	3,34 %	
	Eidfjord kommune	3,03 %	
	Fedje kommune	1,58 %	
	Modalen kommune	1,19 %	
	Dotterselskap: Vestlandsrevisjon AS (95% b aksjar, 1,5% a aksjar)		
	Selskapet var stifta i slutten av 2020 (Samanslåing av IHR og NHR IKS) med oppstart frå 01.01.2021. Det ligg difor ikkje føre tal for 2020.		
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	12 164	9 926	
Inntekter	13 667	10 446	
Årsresultat	2 242	490	

Interkommunalt arkiv Hordaland IKS - Org nr 971 348 496		
Eigardel: 3,2 %	Formål:	
Tilsette: 15		
Utført eigarskapskontroll:	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. arkivlova § 6. 2.	
Nei		
	Eigarar:	
	Kommunar	Eigardel
	Øygarden	7,1 %
	Alver	6,2 %
	Askøy	6,2 %
	Bjørnafjorden	5,7 %
	Stord	5,1 %
	Voss	4,7 %
	Kvinherad	4,5 %
	Bømlo	4,4 %
	Ullensvang	4,3 %
	Kvam	4,0 %
	Osterøy	4,0 %
	Sveio	3,7 %
	Austevoll	3,6 %

	Etne	3,5 %
	Vaksdal	3,5 %
	Austrheim	3,4 %
	Fitjar	3,4 %
	Samnanger	3,4 %
	Tysnes	3,4 %
	Masfjorden	3,3 %
	Eidfjord	3,2 %
	Fedje	3,2 %
	Ulvik	3,2 %
	Modalen	3,0 %
	Me har ikkje funne rekneskapstal eller informasjon om likviditetsgrad og soliditet.	

Interkommunale politiske råd, jf. kommunelova § 23-6 b

Hardangerrådet IKS – Org nr 980 045 412			
Eigardel: 11% Tilsette: 3 Utført eigarskapskontroll: Ja, i 2016.	Formål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.		
	Eigarar:		
	Kommunar	Eigardel	
	Ullensvang Kommune	44 %	
	Kvam Herad	34 %	
Eidfjord	11 %		
Ulvik	11 %		
Likviditetsgrad: Meget god			
Soliditet: God			
Aktiviteten er redusert og det er bestemt at rådet framover berre skal ha ein tilsett.			
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	2 379	2 771	3 050
Inntekter	3 536	3 554	3 055

Årsresultat	-392	-271	4
-------------	------	------	---

Kommunale oppgåvefellesskap, jf. kommunelova § 23-6 c

IUA Bergen region KOF – Org nr 980 045 412			
Eigardel: 0,22 % Tilsette: 3 Utført eigarskapskontroll: Ja, i 2016.	Formål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.		
	Eigarar:		
	Kommunar	Eigardel	
	Bergen	61,51 %	
	Øygarden	8,37 %	
	Askøy	6,38 %	
	Alver	6,36 %	
	Bjørnafjorden	4,44 %	
	Voss	3,43 %	
	Kvam	1,81 %	
Osterøy	1,73 %		
Austevoll	1,13 %		
Vaksdal	0,82 %		
Austrheim	0,61 %		
Samnanger	0,53 %		
Gulen	0,47 %		
Masfjorden	0,35 %		
Hyllestad	0,27 %		
Ulvik	0,22 %		
Eidfjord	0,20 %		
Solund	0,16 %		
Fedje	0,11 %		
Modalen	0,08 %		
Likviditetsgrad: Meget god Soliditet: God			
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	2 379	2 771	3 050
Inntekter	3 536	3 554	3 055
Årsresultat	-392	-271	4

Aksjeselskap som er eigd av kommunar/fylkeskommunar,
j.f. kommunelova § 23-6 d

Energiselskapet Hardanger AS - Org nr 918 043 802											
Eigardel: 15,3%	Formål: Eiga, byggja og driva energiforsyning i heile konsesjonsområdet-medrekna overføring, produksjon og omsetning av elektrisk kraft. Selskapet skal vera ei konkurransedyktig og lønsam verksemd med drift etter forretningsmessige prinsipp.... Selskapet skal arbeide for: • Å oppretthalde ein rimeleg og sikker energiforsyning i heile konsesjonsområdet • Vera ein leiande totalleverandør av energi og energitenester innafor konsesjonsområdet. • Vera ein serviceinnstilt og miljøbevisst energileverandør. Eigarstrategi og andre forhold knytt til eigarskapet: Den skal bidra til å styrke og tydeleggjera eigarane sin eigarstyring av selskapet. Eigarstrategien vil mellom anna leggja fast rammene for eigarane si eigarstyring og uttrykkja forventningar til selskapet si verksemd. Selskapet sitt styrande organ og den einskilte eigarkommune har ansvaret for å operasjonalisera strategien. Vidare går det fram at eigarane forventar eit årleg utbytte på 7,5 mill. kroner, og inntil 50 % av netto overskot utover dette. I perioden 2018-2022 vart det gjennomført ein prosess knytt til ein mogleg fusjon mellom Energiselskapet Hardanger AS og Energiselskapet Odda AS. I KST 20/072 vedtok Eidfjord kommunestyre at «<i>Eidfjord kommune ynskjer ikkje å gå vidare med ei utgreiing av ein mogeleg fusjon mellom Energiselskapet Hardanger AS og Odda Energi AS.</i>» I arbeidet med ROV har administrasjonen i Energiselskapet Hardanger AS opplyst om at det frå gammalt av var ein signert aksjonæravtale mellom tidlegare eigarar i Indre Hardanger Kraftlag SA, men at det ikkje ligg føre ein signert aksjonæravtale etter endringar på eigarsida som følgje av kommunesamanslåingar. Eigarar: <table><tr><th>Kommunar</th><th>Eigardel</th></tr><tr><td>Ullensvang Kommune (A-aksjar)</td><td>36,3 %</td></tr><tr><td>Eidfjord Kommune (B-aksjar)</td><td>24,2 %</td></tr><tr><td>Ullensvang Kommune (D-aksjar)</td><td>24,2 %</td></tr><tr><td>Ulvik (C-aksjar)</td><td>15,3 %</td></tr></table>	Kommunar	Eigardel	Ullensvang Kommune (A-aksjar)	36,3 %	Eidfjord Kommune (B-aksjar)	24,2 %	Ullensvang Kommune (D-aksjar)	24,2 %	Ulvik (C-aksjar)	15,3 %
Kommunar		Eigardel									
Ullensvang Kommune (A-aksjar)		36,3 %									
Eidfjord Kommune (B-aksjar)		24,2 %									
Ullensvang Kommune (D-aksjar)	24,2 %										
Ulvik (C-aksjar)	15,3 %										
Tilsette: 4											
Utført eigarskapskontroll:											
Nei											

	Alle aksjetypene gjev stemmerett. Dei ulike aksjeklassane regulerer talet på styremedlemmar i selskapet. Dotterselskap: Okapi AS Indre Hordaland Kraftnett AS Hardanger Energi Eigedom AS Hardanger Energi Breiband AS Hardanger Energi AS Likviditetsgrad: Svak Soliditet: Meget god		
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	195 416	195 568	195 359
Inntekter	7 242	7 671	5 975
Årsresultat	41 158	14 209	169

Hardangerviddatunnelene AS - Org nr 999 178 812			
Eigardel: 5 % Tilsette: 1 Utført eigarskapskontroll: Nei	Formål: Etablerer sikker heilårsveg over Hardangervidda gjennom bygging av tunnelar.		
	Selskapet skal ha aktivitet fram mot neste NTP i 2024.		
	Eigarar:		
	Kommunar	Eigardel	
	Eidfjord kommune	40 %	
	Hol kommune	40%	
	Ullensvang kommune	5 %	
	Ål kommune	5%	
	Nore og Uvdal kommune	5%	
	Ulvik herad	5%	
Likviditetsgrad: Meget god Soliditet: Meget god			
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	1 573	1 999	1 640
Inntekter	1 100	1 100	1 100
Årsresultat	-452	359	409

Vann Vest AS - Org nr 924 367 148

Eigardel: 4,34 % Tilsette: 2 Utført eigarskapskontroll: <u>Nei</u>	Formål: Samarbeidsorganisasjon for eigarane. Selskapet skal fremma samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføra og leggja til rette for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemd. Selskapet skal utføra og formidla tenester, knytt til vass- og avløpsverksemd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vassmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med eller delta i andre føretak i den grada dette er formålstenleg. Eigarar: <table><tr><th>Kommunar</th><th>Eigardel</th></tr><tr><td>Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Gulen, Haugesund, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Sveio, Tysvær, Ullensvang, Ulvik, Utsira, Vaksdal, Voss</td><td>kvar 4,34 %</td></tr><tr><td>Andre</td><td>0,18%</td></tr></table> Likviditetsgrad: Meget god Soliditet: Meget god			Kommunar	Eigardel	Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Gulen, Haugesund, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Sveio, Tysvær, Ullensvang, Ulvik, Utsira, Vaksdal, Voss	kvar 4,34 %	Andre	0,18%
Kommunar	Eigardel								
Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Fitjar, Gulen, Haugesund, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Sveio, Tysvær, Ullensvang, Ulvik, Utsira, Vaksdal, Voss	kvar 4,34 %								
Andre	0,18%								
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020						
Eigenkapital	686	43	-345						
Inntekter	13 430	10 962	60						
Årsresultat	623	378	-444						

Bir AS - Org nr 983 495 400

Eigardel: 0,06 % Tilsette: 63 Utført eigarskapskontroll: BIR Voss og Hardanger AS (Tidlegare IHM) er blitt ein del av BIR AS. Det vart gjennomført eigarskapskontroll av tidlegare Indre Hordaland Miljøverk (IHM) i 2019. Det vart avdekka avvik knytt til offentlege anskaffingar, men dette ordna selskapet opp i.	Formål: Eie og forvalte selskaper som skal sørge for innsamling, transport og behandling av husholdnings- og næringsavfall. Selskapet kan også etablere innsamling, transport og behandling av produksjons-, nærings- og farlig avfall. Forøvrig kan selskapet ta på seg alle oppgaver som naturlig hører sammen med de oppgaver som er nevnt i førtse avsnitt. Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler eller delta i andre foretak dersom dette er hensiktsmessig for å oppfylle formålet. Ved fremtidig vedtak om avfallsbehandlingsmetode og tilhørende anlegg vil vertskommunen (aksjeeierne) være besluttende organ i henhold til plan og bygningslovens regelverk. Eigarar: Eidfjord har ein eigardel på 0,05 % i BIR AS, medan Ulvik eig 0,06 % og Voss eig 0,89 %. Vi har ikkje funnet den fullstendige eigarbrøken i selskapet etter at Bir Voss og Hardanger AS vart innlemma i Bir AS. Likviditetsgrad: Svak Soliditet: Tilfredsstillande Dotterselskap: Bir Voss og Hardanger AS (100 %) Bir har også fleire andre dotterselskap.		
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	350 062	313 370	341 551
Inntekter	668 179	593 201	608 701
Årsresultat	97 392	29 959	13 932

Hardanger og Voss Næringshage AS - Org nr 911 740 095

Eigardel: 1,9 %

Tilsette: 22

Utført eigarskapskontroll:

Nei

Formål:

Bidra til innovasjon og næringsutvikling i Hardanger og Voss m/ omland gjennom utvikling av og tilrettelegging for nye og etablerte bedrifter, samlokalisering, tilrettelegging for relevante prosjekter og utvikling av et sterkt nettverks- og kunnskapssenter. Det skal ikke betales utbytte og selskapets overskudd skal medgå til formålet. Ved oppløsning skal eventuell formue etter gjeldsavleggelse gis til saken som faller inn under selskapets formål, etter avviklingsstyret beslutning.

Eigarar:

Aksjonærer	Eigardel
Siva - Selskapet for Industrivekst Sf	15,98 %
Sparebanken Vest	15,52 %
Canica AS	10 %
Voss Energi Produksjon AS	9,52 %
Voss Sparebank	7,34 %
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA	7,34 %
Kvam Næringsråd	4,64 %
Kvam Herad	4,19 %
Norske Landsbrukstenester Hordaland SA	4,19 %
Kjærtveit Camping AS	2,51 %
Eidfjord Kommune	2,05 %
Andre	16,72 %

Likviditetsgrad: God

Soliditet: God

Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	4 449	3 655	1 240
Inntekter	19 796	14 124	5 288
Årsresultat	-797	363	308

Visit Hardangerfjord AS - Org nr 966 818 271

Eigardel: 7,9 % Tilsette: 6	Formål: - Som konsulent på tilskots- og konsulentbasis å samordna alle marknadsføring i Hardangerregionen og tiltak som kan vere med å styrke reiselivsnæringa i regionen. - Utføre oppdrag for verksemder og andre når det gjeld marknadsføring og reklameretta verksemd, produktutvikling m.v., samt å delta i forretningsretta relatert til reiseliv. Eigarar: <table><tr><th>Aksjonærer</th><th>Eigardel</th></tr><tr><td>Ulvik herad</td><td>7,9 %</td></tr><tr><td>Ullensvang kommune</td><td>18,1 %</td></tr><tr><td>Kvam herad</td><td>6,9 %</td></tr><tr><td>Eidfjord kommune</td><td>6,9 %</td></tr><tr><td>Andre</td><td>60,1 %</td></tr></table> Likviditetsgrad: Svak Soliditet: Ikkje tilfredsstillande			Aksjonærer	Eigardel	Ulvik herad	7,9 %	Ullensvang kommune	18,1 %	Kvam herad	6,9 %	Eidfjord kommune	6,9 %	Andre	60,1 %
Aksjonærer				Eigardel											
Ulvik herad				7,9 %											
Ullensvang kommune				18,1 %											
Kvam herad				6,9 %											
Eidfjord kommune				6,9 %											
Andre				60,1 %											
Utført eigarskapskontroll:															
Nei															

Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	-179	740	662
Inntekter	7 061	6 404	7 206
Årsresultat	-914	79	615

Kommunekraft AS - Org nr 866 818 452			
Eigardel: 0,3 % Tilsette: 5 Utført eigarskapskontroll: Nei	Formål: Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, medrekna konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.		
	Eigarar:		
	Aksjonærer		Eigardel
	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar		57,5 %
	Andre kommunar		42,5 %
	Likviditetsgrad: Meget god Soliditet: Meget god		
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	1 334	1 243	2 004
Inntekter	2 324	2 298	1 789
Årsresultat	91	-762	-316

Book Hardanger AS - Org nr 929 601 483

Eigardel: 16,70 % Tilsette: 2	Formål: Salg og distribusjon av reiselivsprodukter i Hardanger. Videre skal selskapet fremme og utvikle Hardanger som reisemål, ved å initiere og utvikle nye initiativ og produkter, enten gjennom andre, sammen med andre eller i egen regi. Selskapet skal jobbe for å gjøre lokale opplevelser, aktiviteter og attraksjoner mer tilgjengelig gjennom å legge til rette for bedre transport og mobilitetstjenester. Selskapet kan også ha eierskap i andre selskaper som driver samme eller beslektet virksomhet.		
Utført eigarskapskontroll: Nei. Oppretta i 2022.	Eigarar:		
	Eigar	Eigardel	
	Fjord Tours AS	33,33 %	
	Ulvik Herad	16,70 %	
	Eidfjord kommune	16,70 %	
	Fjordtind Hotels AS	5,93 %	
	Conrad Hansen	5,00 %	
	Kjærtveit Camping AS	5,00 %	
	Norsk Natursenter AS	5,00 %	
	Hardangertun Hytter og Familiepark AS	3,66 %	
	Trolltunga Hotel AS	1,83 %	
	Trolltunga Active AS	1,83 %	
	Hardanger Siderprodusentlag	1,50 %	
	Garen Camping AS	1,25 %	
	Dyranut Fjellstova AS	1,00 %	
	Hardanger Saft og Siderfabrikk AS	1,00 %	
	Andre	0,27 %	
	Voss	88,86 %	
	Ulvik	6,06 %	
	Eidfjord	5,08 %	
	Andre	0,0 %	
	Likviditetsgrad: Meget god		
	Soliditet: Meget god		
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	1 896	-	-
Inntekter	200	-	-
Årsresultat	- 104	-	-

Andre verksemdar som utfører oppgåver på vegne av kommunen,
jfr. kommunelova § 23-6 siste ledd

Biblioteksentralen SA - Org nr 910 568 183			
Eigardel: Uvesentleg Tilsette: 62 Utført eigarskapskontroll: Nei	Formål: Vera eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Biblioteksentralen har til oppgåve å vera hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar. I tillegg kan Biblioteksentralen delta i/etablere verksemd med det formål å betena det totale bok-, informasjon- og kunnskapsmarknaden. Biblioteksentralen skal drivast etter vanlege bedriftsøkonomiske prinsipp, slik at det vert skapt økonomisk tryggleik og utviklingsmoglegheiter og slik at andelseigarane sine interesser vert ivaretekne på beste måte. Likviditetsgrad: Meget god Soliditet: Meget god		
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	279 237	279 867	282 579
Inntekter	178 338	162 589	153 769
Årsresultat	- 630	- 2 712	4 686

Cruise Norway AS - Org nr 965 309 837

Eigardel: 0,306 %

Tilsette: 3

Utført eigarskapskontroll:

Nei

Formål:

- Å etablere, marknadsføre og videreutvikle Norge som verda sin leiande naturbaserte cruisedestinasjon og anna i samband med dette, som igjen skal danne grunnlag for marknadsføringa av den enkelte aksjonær/samarbeidspart sitt produkt.
- Ivareta aksjonærane sine felles interesser overfor myndigheitsorgan, premissgivarar og gjennom samfunnsdebatten nasjonalt og internasjonalt.
- Sikra eit geografisk spreidd eigarskap kor aksjeeigarane er aktive deltakarar i sitt distrikt til fremme av selskapet sitt hovudformål. Selskapet kan også delta i andre selskap med liknande formål og elles ta på seg nye oppgåver som står i samanheng med selskapet sitt primære formål.

Eigarar:

Aksjonærer	Eigardel
Cruise Norway AS	7,03 %
Visit Bergen	6,11 %
Narvik Hamn KF	6,11 %
Molde og Romsdal Havn IKS	6,11 %
Tromsø Havn KF	6,11 %
European Cruise Service AS	6,11 %
Stavangerregionen Havn IKS	6,11 %
Vestvågøy kommune	6,11 %
Nordkapp kommune	6,11 %
Norway`s Best Group AS	6,11 %
Destinasjon Eidfjord AS / Eidfjord kommune	4,89 %
Andre	0,3-3,6 %

Likviditetsgrad: God

Soliditet: Meget god

Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	1 073	1 259	904
Inntekter	5 727	4 272	3 729
Årsresultat	- 185	361	49

KLP - Kommunenes Landspensjonskasse GFS - Org nr 938 708 606			
Eigardel: Uvesentleg Tilsette: 658	Formål: Selskapet skal ivareta medlemmenes behov for tjenestepensjonsordninger. Selskapet kan også enten selv eller gjennom deltakelse i andre selskaper tilby andre pensjons- og forsikringsprodukter, og kan delta i eller drive enhver virksomhet som naturlig henger sammen med forsikringsvirksomhet og enhver annen virksomhet som er tillatt for livsforsikringsselskaper, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser. Likviditetsgrad: Meget god Soliditet: Svak		
Utført eigarskapskontroll: Nei			
Nøkkeltal (1000 NOK)	2022	2021	2020
Eigenkapital	42 799 000	40 678 000	39 382 000
Inntekter	44 252 000	101 386 000	62 538 000
Årsresultat	897 000	469 000	1 020 000

Finse Vann- og avløpsselskap AS - Org nr 987 000 546																			
Eigardel: 0,62% Tilsette: 0	Formål: Drift av vannverk, med forsyning av vatn til eigendomar på Finse og drift av avløpssystem for eigendomar på Finse, samt alt som står i samband med dette. Selskapet har ikkje til formål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte.																		
Kommunen sin intensjon: • Samfunnsansvar • Etterleva utsleppskrav knytt til VA																			
Utført eigarskapskontroll: Nei	<table> <tr> <th>Aksjonærer:</th><th>Eigardel</th></tr> <tr> <td>DNT Oslo og omegn</td><td>27,63 %</td></tr> <tr> <td>Finse 1222 AS</td><td>27,01 %</td></tr> <tr> <td>Finse Vann- og Avløpsselskap</td><td>4,96 %</td></tr> <tr> <td>Bane Nor Eigedom AS</td><td>3,41 %</td></tr> <tr> <td>1222 Eigedom 1 AS</td><td>1,86 %</td></tr> <tr> <td>Finse Samfunnshus AS</td><td>1,55 %</td></tr> <tr> <td>Erling Nesbø</td><td>1,24 %</td></tr> <tr> <td>Andre</td><td>32,34 %</td></tr> </table> Likviditetsgrad: Tilfredsstillande Soliditet: Svært god	Aksjonærer:	Eigardel	DNT Oslo og omegn	27,63 %	Finse 1222 AS	27,01 %	Finse Vann- og Avløpsselskap	4,96 %	Bane Nor Eigedom AS	3,41 %	1222 Eigedom 1 AS	1,86 %	Finse Samfunnshus AS	1,55 %	Erling Nesbø	1,24 %	Andre	32,34 %
Aksjonærer:	Eigardel																		
DNT Oslo og omegn	27,63 %																		
Finse 1222 AS	27,01 %																		
Finse Vann- og Avløpsselskap	4,96 %																		
Bane Nor Eigedom AS	3,41 %																		
1222 Eigedom 1 AS	1,86 %																		
Finse Samfunnshus AS	1,55 %																		
Erling Nesbø	1,24 %																		
Andre	32,34 %																		

7 Gjennomførte eigarskapskontrollar i Ulvik herad

- Indre Hordaland Miljøverk (2019) – inkl. forvaltningsrevisjon
- Hardangerrådet IKS (2016) – inkl. forvaltningsrevisjon
- Hardangerbrua AS (2014) – gjennomført av Deloitte

8 Aktuelle eigarskapskontrollar nemnt i prosess-møte

Det klart mest vesentlege selskapet Ulvik herad har eigarinteresser i er Energiselskapet Hardanger AS, Dette selskapet er viktig både som lokal aktør som medfører arbeidsplassar i heradet. I tillegg betaler dette selskapet ut vesentlege utbytte til eigarane kvart år.

Det er ikkje utført eigarskapskontroll i dette selskapet dei siste åra.

Av andre selskap som vart nevnt var Hardangerrådet IKS og det nystifta selskapet Book Hardanger AS, men dette er etablert i 2023 og bør få komme i gang før ein evt eigarskapskontroll vert vurdert.

9 Forslag til prosjekt

Vurderingar

Ulvik herad har eigarskap i fleire verksemdar som utfører ulike tenester på vegne av kommunen. Nokre selskap er interkommunale medan andre er i samarbeid med private verksemdar.

Eigarskapen til Hardangerrådet IKS er endra som fylgje av kommunesamanslåinga i Ullensvang og Voss. Dagleg Leiar er pensjonert, og det er arbeid i gang med å tilsette ny Dagleg Leiar. Ein eigarskapskontroll bør etter revisjonen si vurdering først vurderast etter at ny organisasjon er sett og har fungert ein periode.

Energiselskapet Hardanger AS er eit viktig selskap for Ulvik både som leverandør av viktig nettinfrastruktur og kraft. Selskapet er også ein viktig økonomisk bidragsytar til kommuneøkonomien for heradet. Truleg er inntektene viktigare for Ulvik enn dei to andre eigarkommunane som har store kraft og konsesjonsinntekter via andre aktørar. Det er naturleg å drøfta spørsmålet om ein eigarskapskontroll saman med dei andre eigarkommunane, og at ein slik evt. kontroll vert initiert av den største eigarkommunen.

Visit Hardangerfjord AS er eit privat offentleg selskap som arbeider for å promotera turisme til Hardanger. Ein eventuell eigarskapskontroll bør sjå nærare på dei formelle sidene ved selskapet og etterleving av formålet sett opp mot Ulvik herad sitt eigarskap og strategi bak eigarskapen. Etterleving

av formålsparagrafen og arbeidet som Visit Hardangerfjord AS gjer vil då vera ein forvaltningsrevisjon av selskapet.

På bakgrunn av informasjonen som er samla inn og analysert vil me i dette kapittelet koma med forslag til eigarskapskontrollar.

Ulvik herad har vedteke eigarskapsmelding i 2019. Det har ikkje vore gjennomført noko eigarskapsforvaltning i regi av kontrollutvalet dei siste åra. Revisjonen meiner at ein slik eigarskapsforvaltning vil vera nyttig og formålstenleg i forhold til å få avdekt korleis heradet etterlever eigen politikk og styringsrett, jfr. omtalte lovkrav.

Revisjonen vil difor tilrå at eigarskapsforvaltning vert foreslått som prioritet i plan for eigarskapskontroll.

	Selskap
1	Eigarskapsforvaltning

Det kom ikkje fram ynskje om forvaltningsrevisjon knytt til nokon av selskapa ovanfor. Me kan ikkje utelukka at andre selskap kunne vore med i den prioriterte lista.

Eigarskapsmelding 2019

ULVIK HERAD

Del I: Eigerstyring

Bakgrunn for eigerskapsmeldinga

Målet med eigerskapsmeldinga er å gjeva ei oversikt over alle selskap som Ulvik herad har eigarinteresser i og drøfta heradet sine motiv og mål for å oppretta eller delteka i selskap. Heradet har og eit kontroll- og tilsynsansvar overfor eigarinteressene i selskapa.

Ny kommunelov som gjeld frå hausten 2019 krev, etter §26-1, at heradet minst éin gong i valperioden vedtek ei eigarskapsmelding.

Selskapsformer

Kommunale foretak (KF), kommuneloven kap. 9

Vertskommune, kommuneloven kap. 20

Interkommunalt samarbeid etter kommuneloven §27 (gammel lov)

Interkommunale selskap (IKS), lov om interkommunale selskaper

Aksjeselskap (AS/AL), aksjeloven

Samvirkeforetak/andelslag, samvirkeloven

Stiftelser, stiftelsesloven

Ansvarleg selskap (ANS) og Delt ansvar (DA), selskapsloven

Tilsyn og kontroll

Kontrollutvalet skal mellom anna føra kontroll med heradet sitt eigarskap i selskap. Etter ei lovendring frå 1.7.2013 har kontrollutvalet innsynsrett også i dei § 27-samarbeid som er egne rettssubjekt. Aksjeselskap der kommune(r) eller interkommunale selskap (IKS) direkte eller indirekte eig alle aksjar, er óg teke inn i lovteksten som innsynsobjekt. Forskrift om kontrollutval heimler at utvalet pliktar å sjå til at det gjennomførast kontroll med forvaltning av heradet sine eigarinteresser og om eigarinteressane utøvast i samsvar med heradstyret sine vedtak og føresetnader. Heradsstyret kan fastsetja regler for kontrollutvalets og revisors kontroll med forvaltning av heradet sine interesser i selskapet og fastsetja kva for dokument mv. som skal sendast heradet sitt kontrollutvalg og revisor frå selskapa. Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden, og seinest innan utgangen av året etter at heradstyretstyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll som skal vedtekast av heradstyret. Fokuset i lovverket er på kontroll, men heradet sine eigarinteresser bør óg ivaretakast gjennom strategiske fremtidsretta visjonar. Kontrollutvalet bør fokusera på og bidra til at heradet sin eigarinteresse er langsiktig. Kontrollutvalget kan dermed utfordra og vera bidragsyter til at heradet vert ein god eiger av samfunnsansvarlige verksemdar.

Del II: Oversikt over heradet sitt eigarskap

Oversikt over heradet sine eigarandelar

Sidetal	Aksjeselskap	Eigarandel i kr
	Kveik AS	20 400
	A/L Bibioteksen	300

	Cruise Norway AS	1 000
	Finse vann- og avløpsanlegg AS	1 000
	Reisemål Hardanger Fjord AS	80 000
	Kommunekraft AS	1 000
	Energiselskapet Hardanger AS	9 000 000
	Næringsshagen i Hardanger AS	10 000
	Interkommunale selskap (IKS)	
	Indre Hordaland Miljøverk IKS	5 500
	Indre Hordaland Revisjon IKS	
	Andelslag	
	Ulvik Vatningslag SA	205 000
	Anna	
	Kommunenenes Landspensjonskasse GFS	5 260 341
	Vertskommunesamarbeid (kommuneloven kap.20)	Vertskommune
	Legevakt	
	Brann	
	Barnevern	
	Skatteoppkrevjar	
	Jordmorteneste	
	Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	
	...	
	...	
	Interkommunalt samarbeid (gml.kommunelov §27)	
	Interkommunalt samarbeid mot akutt forurensing (IUA)	
	Interkommunalt politisk råd (kommuneloven kap 18)	
	Hardangerrådet	
	Stiftinger	
	Legat for hjelp til eldre i Ulvik	
	Legat til stønad for landbruksutvikling i Ulvik	
	Legat for tilskot til utdanning i Ulvik	



Saksframlegg

Saksnr: 2024/56-11
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	17/24	05.09.2024

Rapport etterlevingskontroll Ulvik herad 2023

Forslag til vedtak

Etterlevingskontroll gjeldande Ulvik herad 2023 vert teken til etterretning.

Samandrag

Revisor skal etter kommunelova levere rapport om resultatet av gjennomført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga i heradet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rapport FEK 2023_Ulvik herad
- 2 4400_Attestasjonsuttale_FEK_Ulvik_2023
- 3 Nummerert_brev_-_FEK_2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltningen, står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har Vestlandsrevisjon IKS levert «Attestasjonsuttale frå uavhengig revisor om etterleving av føresegnar og vedtak for økonomiforvaltninga», dagsett 27.06.2024. Sjå vedlegg.

Vestlandsrevisjon IKS konkluderar slik:

«Konklusjon med atterhald

Basert på dei utførte handlingane og innsamla bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Ulvik herad ikkje har etterlevd gjeldande regelverk ut over dei tilhøva som er omtalt under «Grunnlag for konklusjon med atterhald».

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltninga og til Ulvik herad sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.»

Grunnlag for konklusjon med atterhald

Attestasjonsoppdraget har avdekka enkelte manglar på området for kontrollen, noko som leier til atterhald i vår konklusjon.

Ulvik herad har ikkje eit gjeldande innkjøpsreglement pr 31.12.23. Ved har vi ikkje mottatt dokumenterte protokoller på gjennomførte konkuransar. Gjennomgang av leverandørstatistikk i rekneskapen viser nokre leverandørar med omsetning innanfor beløpsintervallet som ikkje er omfatta av rammeavtalar og der vi ikkje har mottatt dokumentasjon på- eller informasjon om gjennomført konkurranse.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale i denne saka, jf. Forskrift om årsregnskap og årsberetning § 7.

Vurderingar og verknader

Revisor skriv slik i sin rapport:

Risiko og vesentlegvurdering – val av tema for 2023

Revisjonen gjennomfører jamleg risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si samla verksemd, både i samband med forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. På grunnlag av desse vurderingane og våre erfaringar med kommunesektoren har vi for 2023 vald tema «Offentlege anskaffingar etter FOA del1». Dette er anskaffingar i beløpsintervallet kr 100 000 – kr 1 300 000. Anskaffingane er omfatta av regelverket om offentlege innkjøp. Det er såleis krav om konkurranse i samband med anskaffinga, men det føreligg ingen formelle krav til prosedyre.

Problemstillingar

Kontrollen blir gjennomført med systemperspektiv. For å vurdere kommunen sitt system har vi etablert tre problemstillingar vi vil undersøkje nærare. Det er vår vurdering at desse problemstillingane samla er eigna for å vurdere om kommunen har eit system for å sikre regeletterleving på område.

1. Er det etablert innkjøpsreglement og rutinar for innkjøp for å sikre gjennomføring av konkurranse i samsvar med regelverket?
2. Er det gjennomført konkurranse for gjennomførte innkjøp i beløpsintervallet kr 100 000 – kr 1 300 000.
3. Er det etablert protokoll over anskaffinga i samsvar med FOA § 7-1?

Oppsummering og vurdering

«Rutinane for offentlege innkjøp i Ulvik herad er ikkje oppdaterte etter ny forskrift frå 1.1.2017 og malar vedlagt rutinane ser ikkje ut til å verte nytta i samband med innkjøp.»

Gjennomgang av leverandørstatistikk i rekneskapen viser fleire leverandørar med omsetning innanfor beløpsintervallet som ikkje er omfatta av rammeavtalar og der vi ikkje har motteke dokumentasjon på- eller informasjon om gjennomført konkurranse.

Tilsendt dokumentasjon på gjennomførte konkurransar er ikkje standardisert og byggjer ikkje på ein vedteken mal for heradet. Vi er ikkje kjent med at det føreligg rutine for å nytte tildelingsbrev som protokoll og som sikrar at dokumentasjonskrava i FOA § 7-1 vert overhaldne.»

Nummerert brev nr. 1

«Temaet for forenkla etterlevingskontroll for 2023 var etterleving av reglane om offentlege anskaffingar etter FOA del 1. I attestasjonsuttala har vi konkludert med atterhald. Dersom revisor konkluderer med atterhald skal vi orientere kontrollutvalet om tilhøvet i form at eit nummerert brev.

Attestasjonsoppdraget avdekka enkelte manglar på området for kontrollen, noko som leidde til atterhald i vår konklusjon. Vi har kontrollert perioden 2022 og 2023. Manglane er knytt til:

- *Det førelåg ikkje eige innkjøpsreglement for korleis innkjøp skulle handsamast i Ulvik herad pr 31.12.23.*
- *Gjennomgangen viste fleire innkjøp som er omfatta av regelverket for offentlege anskaffingar der vi ikkje er blitt gjort kjende med gjennomført konkurranse.*
- *Kontrollen avdekte avvik knytt til protokoll for 2022/2023. Det er ikkje etablert protokoll i samsvar med FOA §7-1 for dei konkurransane som er gjennomført.»*

Konklusjon

Sekretariatet rår til at kontrollutvalet innstiller til heradstyret om å ta forenkla etterlevingskontroll til etterretning.

Sekretariatet har og invitert kommunedirektør til møtet i kontrollutvalet 05.09.2024 for å gjere greie for korleis heradet arbeider med problemstillingane knytt til etterlevingskontroll 2023.

Forenkla etterlevingskontroll 2023

Offentlege innkjøp etter FOA del 1

Ulvik herad

Innhold

Oppgave, føremål og bakgrunn	3
Risiko og vesentlegvurdering – val av tema for 2023	3
Etablering av problemstillingar	3
Gjennomføring.....	4
Er det etablert innkjøpsreglement og rutinar for innkjøp for å sikre gjennomføring av konkurranse i samsvar med regelverket?	4
Er det gjennomført konkurranse for gjennomførte innkjøp i beløpsintervallet kr 100 000 – kr 1 300 000.	4
Er det etablert protokoll over anskaffinga i samsvar med FOA § 7-1?	5
Oppsummering og vurdering.....	5

Oppgave, føremål og bakgrunn

Etter kommunelova § 24-9 skal kommunen sin rekneskapsrevisor utføre ein forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga. Føremålet er å sjå etter om økonomiforvaltinga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar. Val av område for forenkla etterlevingskontroll skal skje med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal identifisere aktuelle område for forenkla etterlevingskontroll. Vidare blir risikoen ved dei aktuelle områda vurdert. Vurdering av risiko er samansett av to element- konsekvens dersom risikofaktoren inntreff og sannsynet for at det skjer.

Resultatet av etterlevingskontrollen vil bli sendt til Kontrollutvalet innan 30.06.2024.

Risiko og vesentlegvurdering – val av tema for 2023

Revisjonen gjennomfører jamleg risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si samla verksemd, både i samband med forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon. På grunnlag av desse vurderingane og våre erfaringar med kommunesektoren har vi for 2023 vald tema «Offentlege anskaffingar etter FOA del1». Dette er anskaffingar i beløpsintervallet kr 100 000 – kr 1 300 000. Anskaffingane er omfatta av regelverket om offentlege innkjøp. Det er såleis krav om konkurranse i samband med anskaffinga, men det føreligg ingen formelle krav til prosedyre.

Etablering av problemstillingar

Kontrollen blir gjennomført med systemperspektiv. For å vurdere kommunen sitt system har vi etablert tre problemstillingar vi vil undersøkje nærare. Det er vår vurdering at desse problemstillingane samla er eigna for å vurdere om kommunen har eit system for å sikre regeletterleving på område.

- I. Er det etablert innkjøpsreglement og rutinar for innkjøp for å sikre gjennomføring av konkurranse i samsvar med regelverket?
- II. Er det gjennomført konkurranse for gjennomførte innkjøp i beløpsintervallet kr 100 000 – kr 1 300 000.
- III. Er det etablert protokoll over anskaffinga i samsvar med FOA § 7-1?

Den fyrste problemstillinga ser på kommunalt innkjøpsreglement og rutinar for innkjøp, eit slikt reglement og rutinar vil vere eit godt grunnlag for å gjennomføre korrekte anskaffingar.

Reglement og rutinar sikrar ikkje i seg sjølv regeletterleving, samstundes kan etterleving skje utan formalisert reglement og rutinar. Vi har difor i den andre problemstillinga vald å sjå på kva som er gjennomført i kommunen. Vi vil i denne problemstillinga undersøkje nærare nokre anskaffingar som er gjennomført opp mot regelverket, samt undersøkje praksis for

anskaffingar opp mot rekneskapsinformasjon og vurdere omfanget av utlysingar i høve til beløpsgrensene.

I den tredje problemstillinga vil vi sjå på om det er etablert protokoll over anskaffinga i samsvar med FOA § 7-1. Forskrifta stiller krav om at vesentlege tilhøve for gjennomføringa av anskaffinga skal teiknast ned eller samlast i ein protokoll.

Gjennomføring

For å kunne svare på problemstillingane har vi etterspurt følgjande dokumentasjon:

- Innkjøpsreglement og eventuelle rutinar for innkjøp
- Gjeldande innkjøpsavtalar/rammeavtalar
- Oversikt over gjennomførte anskaffingar etter FOA del 1 (mellom kr 0,1 og kr 1,3 mill) i 2022 og 2023 med tilhøyrande anskaffingsprotokoll.

Tilsendt dokumentasjon blir sett i samanheng med heradet sin rekneskap. Vi vil gå gjennom innkjøp heradet har gjort i det aktuelle tidsrommet, leverandørreskontroar og systemrapportar og sjå informasjonen i samband.

Tilsendt informasjon frå heradet vil saman med informasjon i økonomisystemet vere tilstrekkeleg til å vurdere heradet sin praksis opp mot dei etablerte problemstillingane.

Gjennomgang av dei ulike anskaffingane er ikkje ein fullstendig gjennomgang av dei ulike innkjøpa. Dette har samband med at føremålet med etterlevingskontrollen er å vurdere på systemnivå og ikkje er ein detaljkontroll av Ulvik herad sin praksis og gjennomførte anskaffingar.

Er det etablert innkjøpsreglement og rutinar for innkjøp for å sikre gjennomføring av konkurranse i samsvar med regelverket?

Vi har mottatt økonomireglement og delegeringsreglement for Ulvik herad.

Delegeringsreglement via delegeringKF.no, viser til rådmannens mynde til å disponere budsjett innfor kvart ansvarsområde og mellom ansvarsområde, og mynde til å inngå innkjøps- og driftsavtalar. Økonomireglement viser til reglement for tilvising. Vi har ikkje blitt kjent med at Ulvik herad har etablert eige innkjøpsreglement eller rutinar for innkjøp.

Er det gjennomført konkurranse for gjennomførte innkjøp i beløpsintervallet kr 100 000 – kr 1 300 000?

Vi har gjennomgått leverandørstatistikk for 2022 og 2023. Gjennomgangen viser at det er fleire leverandørar som i perioden leverer varer/tenester for verdiar i intervallet kr 0,1 – kr 1,3 millionar, der vi ikkje har motteke informasjon om at det er omfatta av rammeavtalar. Vi har ikkje motteke informasjon om eller dokumentasjon på gjennomført konkurranse på innkjøp av ulike løpande innkjøp.

Er det etablert protokoll over anskaffinga i samsvar med FOA § 7-1?

Etter forskrift om offentlige anskaffelser § 7-1 (3) skal «vesentlige forhold» for gjennomføringa av anskaffinga nedteiknast eller samlast i ein protokoll.

Vi har ikkje motteke informasjon om eller dokumentasjon som viser at Ulvik herad fører protokoll over anbudsopninga.

Vi har ikkje motteke mal for tildelingsbrev, og er ikkje kjent med at det er etablert rutine for at dette brevet skal nyttast som protokoll over anskaffinga med dei krav det inneber.

Oppsummering og vurdering

Rutinane for offentlege innkjøp i Ulvik herad er ikkje oppdaterte etter ny forskrift frå 1.1.2017 og malar vedlagt rutinane ser ikkje ut til å verte nytta i samband med innkjøp.

Gjennomgang av leverandørstatistikk i rekneskapen viser fleire leverandørar med omsetning innanfor beløpsintervallet som ikkje er omfatta av rammeavtalar og der vi ikkje har motteke dokumentasjon på- eller informasjon om gjennomført konkurranse.

Tilsendt dokumentasjon på gjennomførte konkurransar er ikkje standardisert og byggjer ikkje på ein vedteken mal for heradet. Vi er ikkje kjent med at det føreligg rutine for å nytte tildelingsbrev som protokoll og som sikrar at dokumentasjonskrava i FOA § 7-1 vert overhaldne.

Vår kontroll avdekte avvik knytt til protokoll for 2022/2023. Det er ikkje etablert protokoll i samsvar med FOA §7-1 for dei konkurransane som er gjennomført.

På bakgrunn av gjennomgangen vil vi rå til at Ulvik herad oppdaterer gjeldande rutinar på området samt etablerer malar for å ivareta dei krava regelverket stiller til dokumentasjon av anskaffingar.

Vi vil også oppmode til at heradet gjennomgår leverandørstatistikk og vurderer denne opp mot gjeldande regelverk og eventuelt gjennomfører naudsynte konkurransar.

Utført attestasjonsoppdrag for 2023 har avdekka enkelte manglar på området for kontrollen, noko som leier til atterhald i konklusjonen i vår uttale.

Til kontrollutvalet i
Ulvik herad

Attestasjonsuttale frå uavhengig revisor om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga.

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, i samband med Ulvik herad si etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga på følgjande område:

Kontroll av etterleving av reglane om offentlege anskaffingar etter FOA del 1, der vi kontrollerer om kommunen har

1. Etablert innkjøpsreglement og rutinar for innkjøp for å sikre gjennomføring av konkurranse i samsvar med regelverket
2. Gjennomført konkurranse for innkjøp i beløpsintervallet kr 0,1 og 1,3 mill. kr. i 2022 og 2023.
3. Etablert protokoll over anskaffinga i samsvar med FOA § 7-1 dokumentasjonsplikt.

Vi har kontrollert perioden 2022-2023.

Leiinga sitt ansvar for etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga

Kommunedirektør er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørgjer for at økonomiforvaltinga vert utøvd i tråd med føresegner og vedtak, og at økonomiforvaltinga er gjenstand for tryggjande kontroll.

Vår uavhengigheit og kvalitetskontroll

Vi har utført oppdraget i samsvar med etiske retningslinjer for revisjonsselskapet, som inneheld uavhengigheitskrav og andre krav basert på grunnleggjande prinsipp om integritet, objektivitet, fagleg kompetanse og tilbørlig aktsemd, fortrulegheit og profesjonell framferd. I samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll ISQC 1 «Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og forenklet revisorkontroll av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester» har Vestlandsrevisjon IKS eit tilstrekkeleg kvalitetskontrollsystem, herunder dokumenterte retningslinjer og rutinar for etterleving av etiske krav, faglege standardar og krav i gjeldande lovgjeving og annan regulering.

Våre oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å avgje ein uttale om etterleving av føresegner og vedtak for økonomiforvaltinga på grunnlag av innhenta bevis. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat tryggleik i samsvar med føresegnene i kommuneloven og RSK 301 «forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen». Standarden krev at vi planlegg og

gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for i kva grad det føreligg vesentlege feil eller manglar ved etterleving av føresegn og vedtak i kommunen si økonomiforvalting på det området vi har gjort forenkla etterlevingskontroll. Vi baserer oppgåva på ei risiko- og vesentlegvurdering som er lagt fram for kontrollutvalet.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i høve til RSK 301, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for at føresegn og vedtak for økonomiforvaltinga vert etterlevd. Typen, tidspunktet for og omfanget av dei valde handlingane er gjenstand for revisor sitt skjønn. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn betryggende sikkerheit, og vi gjev følgjeleg ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit som i ei revisjonsmelding. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og hensiktsmessig bevis som grunnlag for vår konklusjon.

Grunnlag for konklusjon med atterhald

Attestasjonsoppdraget har avdekka enkelte manglar på området for kontrollen, noko som leier til atterhald i vår konklusjon.

Ulvik herad har ikkje eit gjeldande innkjøpsreglement pr 31.12.23. Ved har vi ikkje mottatt dokumenterte protokoller på gjennomførte konkuransar. Gjennomgang av leverandørstatistikk i rekneskapen viser nokre leverandørar med omsetning innanfor beløpsintervallet som ikkje er omfatta av rammeavtalar og der vi ikkje har mottatt dokumentasjon på- eller informasjon om gjennomført konkurranse.

Konklusjon med atterhald

Basert på dei utførte handlingane og innsamla bevis er vi ikkje blitt merksame på tilhøve som gjev oss grunn til å tru at Ulvik herad ikkje har etterlevd gjeldande regelverk ut over dei tilhøva som er omtalt under «Grunnlag for konklusjon med atterhald».

Denne uttalen er utelukkande utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltinga og til Ulvik herad sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.

Isdalstø, 27. juni 2024

Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker

Revisjonssjef/Statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Eraker, Janne

Revisjonssjef/statsautorisert revisor

På vegne av: Vestlandsrevisjon

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2024-06-28 11:43:53 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Kontrollutvalet
Ulvik herad

Isdalstø, 28. juni 2024

Nummerert brev nr 1

Temaet for forenkla etterlevingskontroll for 2023 var etterleving av reglane om offentlege anskaffingar etter FOA del 1. I attestasjonsuttala har vi konkludert med atterhald. Dersom revisor konkluderer med atterhald skal vi orientere kontrollutvalet om tilhøvet i form at eit nummerert brev.

Attestasjonsoppdraget avdekka enkelte manglar på området for kontrollen, noko som leidde til atterhald i vår konklusjon. Vi har kontrollert perioden 2022 og 2023. Manglane er knytt til:

- Det førelåg ikkje eige innkjøpsreglement for korleis innkjøp skulle handsamast i Ulvik herad pr 31.12.23.
- Gjennomgangen viste fleire innkjøp som er omfatta av regelverket for offentlege anskaffingar der vi ikkje er blitt gjort kjende med gjennomført konkurranse.
- Kontrollen avdekte avvik knytt til protokoll for 2022/2023. Det er ikkje etablert protokoll i samsvar med FOA §7-1 for dei konkurransane som er gjennomført.

Vi viser også til rapporten vi har skrive om forenkla etterlevingskontroll for 2023 for ytterlegare informasjon.

Med venleg helsing,
Vestlandsrevisjon IKS

Janne Eraker
Revisjonssjef/statsautorisert revisor

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Eraker, Janne

Revisjonssjef/statsautorisert revisor

På vegne av: Vestlandsrevisjon

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-105767

IP: 85.200.xxx.xxx

2024-06-28 11:43:53 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2024/56-12

Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	18/24	05.09.2024

Vestlandsrevisjon IKS presenterer overordna revisjonsstrategi 2024 for Ulvik herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar Vestlandsrevisjon sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimsrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2025, med frist for levering til sekretariatet 15.01.2025.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal handsamast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Samandrag

Kontrollutvalet i Ulvik herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet. I denne saka skal Vestlandsrevisjon IKS presentere sin plan for gjennomføring av rekneskapsrevisjonen, kva som er gjort av rekneskapsrevisjon så langt og risiko- og vesentlegheitsvurdering dei har føreteke om forenkla etterlevingskontroll for 2024.

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Overordna revisjonsstrategi 2024 - Ulvik

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Ulvik herad har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i heradet. Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at heradet har ein forsvarleg revisjon. Denne saka er eit ledd i oppfølginga av dette.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. Kommuneleva § 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet som lyd m.a. slik

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak»*

På bakgrunn av punkt b) over står det dette i kommunelova § 24-9 Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Vidare går det fram av Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3 m.a. dette:

- «Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at*
- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
 - b) regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
 - c) regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»*

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet si handsaming av revisjonsplan og informasjon om rekneskapsrevisjonen så langt i 2024, vil vere ein lekk i å sjå til at heradet sine rekneskaper vert revidert på ein tryggande måte og at heradet har ein forsvarleg revisjon. Sekretariatet har motteke revisjonsstrategi for 2024 og denne ligg ved saka.

Slik sekretariatet ser det, bør kontrollutvalet få høve til å koma med innspel til fokusområde i interimisrevisjonen som skal gjennomførast denne hausten, dersom dei ønskjer det, sjølv om det er revisjonen som fastset den endelege revisjonsplanen. Interimisrevisjonsrapport vert lagt fram for kontrollutvalet til handsaming i første møte i 2025.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om at interimisrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i første møte i kontrollutvalet i 2025, med frist for levering til sekretariatet innan 15.01.2025.

Sekretariatet rår og til at kontrollutvalet ber om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30. juni. Årsrekneskapen vert normalt handsama i april/mai kvart år.

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2024

Ulvik herad

Innhald

1.	Innleiing.....	2
2.	Heimelsgrunnlag.....	2
3.	Karakteristiske trekk ved oppdraget	2
4.	Rekneskapsrevisjon mv.	3
4.1.	Meir om rekneskapsrevisjon	3
4.2.	Rettleiing.....	4
4.3.	Attestasjonar	4
4.4.	Misleg framferd	4
4.5.	Revisjonsprosessen	5
4.6.	Risiko og vesentlegvurdering - rekneskapsrevisjon	7
4.7.	Prioriterte område	7
4.8.	Rapportering.....	8
4.9.	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga	9
4.10.	Risiko og vesentlegvurdering - Etterlevingskontroll.....	10
5.	Andre oppgåver.....	11
6.	Revisjonsteam	11
7.	Ressursar	11

1. Innleiing

Overordna revisjonsstrategi er regulert i internasjonal revisjonsstandard ISA 300 - Planlegging av revisjon av eit rekneskap, punkt 7. «Revisor skal utarbeide en overordnet revisjonsstrategi som beskriver revisjonens innhold, når den skal utføres og angrepsmåte, samt gi veiledning for utarbeidelsen av revisjonsplanen.»

Føremålet med dokumentet er å informere kontrollutvalet og heradet si leiing om dei oppgåver som vi har planlagt for Ulvik herad for 2024. For rekneskapsrevisjonen sin del omfattar det i hovudsak det arbeidet vi utfører i perioden 1.8.2024 – 30.6.2025. Det følgjer av dei alminnelege føresetnader for revisjonen, at overordna revisjonsstrategi og revisjonsplanar kan verta oppdatert og eventuelt endra i løpet av revisjonen.

Overordna revisjonsstrategi er ein del av vår ordinære kommunikasjon med kontrollutvalet og heradet si leiing og gjeld rekneskapsåret 2024.

2. Heimelsgrunnlag

Reglar om revisjon er gitt i kommunelova kapittel 24 og i forskrift om kontrollutval og revisjon. Revisjonen omfattar **rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og anna kontroll** som er bestemt i lov eller i medhald til lov.

Detaljerte krav til revisjonen si utføring går fram av eigne standardar. Dette dokumentet gjeld rekneskapsrevisjon.

3. Karakteristiske trekk ved oppdraget

Årsrekneskapen omfattar heradet si verksemd.

Heradet er deltakar i fleire interkommunale verksemdar/selskap. Dei utarbeider eigne rekneskap som vert revidert særskilt.

Heradet er omfatta av eit komplekst regelverk for alle forvaltningsområda. Dei fleste aktivitetane er lov- og forskriftsregulert. Heradet er sterkt påverka av endringar i lovverk, samt statlege pålegg, avgjer og prioriteringar. Frå og med 2020 er årsrekneskapen avlagt i tråd med ny kommunelov og forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.

4. Rekneskapsrevisjon mv.

Rekneskapsrevisjonen er eit løpande oppdrag der vi som revisor har ansvar for at kommunerekneskapen vert tilfredsstillande revidert/kontrollert.

4.1. Meir om rekneskapsrevisjon

Revisjon av årsrekneskapen skal bidra til auka tillit til den økonomiske informasjon som vert gitt frå administrasjonen til heradsstyret og andre brukarar av årsrekneskapen. Revisor skal gjennom revisjonen bidra til å førebyggja og avdekka misleg framferd og feil.

Revisor skal vurdere om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift og om det gir eit uttrykk for den økonomiske verksemda og stillinga ved årsskiftet, i det ligg også om rekneskapen er i medhald med av god kommunal rekneskapsskikk.

Vidare skal revisor i revisjonsmeldinga uttale seg om følgjande:

- a) om årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift
- b) om registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrift
- c) om årsmeldinga inneheld dei opplysningane som er kravd av lov og forskrift
- d) om opplysningane om økonomi i årsmeldinga samsvarar med årsrekneskapen
- e) om det er avdekka tilhøve som gir grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Revisor skal vurdere om opplysningane om økonomi i årsmeldinga samsvarar med årsrekneskapen. Vidare skal revisor sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og om vesentlege avvik frå heradsstyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Revisor skal også sjå etter om den økonomiske internkontrollen er ordna på ein tryggande måte. Denne vurderinga vil også omfatte økonomisk kriminalitet, her under kvitvaskingslova sine rapporteringskrav. Revisjonsmeldinga byggjer også på den økonomiske internkontrollen dersom revisor finn dette hensiktsmessig.

Revisor skal vurdere risikoen for at årsrekneskapen ikkje gir riktig informasjon som følge av misleg framferd og feil, og innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det føreligg lov- eller forskriftsbrot som er av vesentleg betydning for årsrekneskapen.

Kontroll av vedtak av betydning for rekneskapen er ein del av rekneskapsrevisjonen, her under kontroll av at regulert budsjett er i samsvar med gyldige vedtak og riktig presentasjon i årsrekneskapen, og at vesentlege avvik er gjort greie for i årsmeldinga. Det går fram av ny kommunelov at revisor skal vurdere risiko for brot på heradsstyret sine premisser for bruken av løyvingane, og innhente tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om årsrekneskapen inneheld vesentlege

avvik frå desse premissa. Dette arbeidet vil bli utført i tråd med tilrådingar frå NKRF og god kommunal revisjonsskikk.

Med tanke på heradet sin økonomiske internkontroll og budsjettet sin betydning for økonomistyring og rekneskap, følg vi opp perioderapportar og ser til at administrasjonen har etablert eit tilfredsstillande system for oppfølging av politiske og administrative vedtak av økonomisk karakter.

Som ein del av rekneskapsrevisjonen vert det også utført IT-revisjon, her under kartlegging av heradet sine IT-system og ei vurdering av systema sin pålitelegheit og innverknad på rekneskapen og økonomistyringa.

4.2. Rettleiing

Det er hensiktsmessig at vår kunnskap om heradet og kommunesektoren også kan koma til nytte gjennom råd og rettleiing. Råd og rettleiing kan på førespurnad verta gitt i form av utgreiing og tilrådingar eller som svar på enklare førespurnadar om ulike tema innan økonomiområdet, tolking av regelverk eller liknande. Den tida vi brukar på slike oppgåver, viser seg ofte å vera nyttig for begge partar.

Som revisor kan vi ikkje utføre rettleiingsoppdrag som kan vera eigna til å påverka eller reise tvil om vår uavhengigheit og objektivitet.

4.3. Attestasjonar

Vi gir ei rekke uttaler til offentlege myndigheiter. Dette kan blant anna vera uttaler knytt til bruken av statlege øymerka tilskot. Som til dømes:

- Kompensasjonskrav etter lov om kompensasjon for meirverdiavgift
- Uttale til spelemiddelrekneskap
- Uttale knytt til heradet si rapportering på tal personar med psykisk utviklingshemming
- Uttale om ressurskrevjande tenester

Vi vil utføre attestasjonsoppgåvene i tråd med internasjonale og norske standardar for attestasjonsoppdrag og god kommunal revisjonsskikk, i tråd med malar frå NKRF.

4.4. Misleg framferd

Om revisor avdekker eller på anna måte blir kjent med misleg framferd, skal revisor straks melde frå om forholdet i skriftleg mellombels melding i nummerert brev til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren. Når saksforholdet er nærmare klarlagt, skal revisor sende eit nytt brev om det avdekka forhold.

Det høyrer også til våre oppgåver å vurdere risiko for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen som følge av misleg framferd, og i den samanheng rette førespurnad om slike forhold til heradet si leiing.


4.5. Revisjonsprosessen

Vi legg vekt på til ei kvar tid å ha ein effektiv revisjonsprosess. Vi nyttar det elektroniske revisjonsverktøyet «Descartes». Den generelle revisjonsmetodikken bak Descartes er utvikla av Revisorforeningen, tilpassa kommunal verksemd.

Rekneskapsrevisjonen kan delast inn i tre fasar:

1. Planleggingsfase
2. Gjennomføringsfase
3. Avslutningsfase

Revisjonsprosessen kan illustrerast slik:



Planleggingsfase

Planleggingsfasen omfattar opparbeiding og fornying av forståing for verksemda, inkludert førespurnader til leiinga om tema som til dømes habilitet og nærståande partar, etikk og varsling, risikostyring og kontrollmiljø. Vidare blir det utført analytiske kontrollhandlingar, samt observasjon og inspeksjon av dokument.

I planleggingsfasen vert dei største rekneskapspostane vurdert ut frå risiko- og vesentlegheitstilhøve. Her tek vi stilling til korleis vi skal utføre revisjonen for å kunne uttale oss om at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I planen inngår også korleis den økonomiske internkontrollen skal verta gjennomgått og testa.

Gjennomføringsfase

I gjennomføringsfasa vert normalt internkontrollen fyrst kartlagt og vurdert. Føremålet med våre gjennomgangar er å kartlegge og teste at internkontrollen fungerer, og byggje vidare på dei kontrollar som heradet har etablert. Omfanget av våre kontrollhandlingar vil i stor grad vera avhengig av kvaliteten på den interne kontrollen i heradet, og kva dokumentasjon som finst på utført kontroll. Det er viktig at kontrollane fungerer effektivt for at dei skal kunne verta tillagt vekt som revisjonsbevis. Omfanget av nødvendige substanshandlingar (analytiske revisjonshandlingar og detaljkontrollar) er avhengig av konklusjonane etter testinga av rutinar og system.

Der vi finn det hensiktsmessig og effektivt, vil vi nytta analysar for å få stadfesting på at utvalde postar i rekneskapen ikkje innehar risiko for vesentlege feil. I førekan av ein slik analyse set vi opp ei forventing til analysa, og ei grense for akseptabelt avvik. Om vår analyse avdekkar avvik utover forventa avvik, vil vi rette førespurnad til leiinga, og vurdere å utvide med ytterlegare, eller supplerande revisjonshandlingar.

Avslutningsfase

I avslutningsfasen vert det oppsummert og konkludert på resultatet av det utførte arbeidet. Vi rettar førespurnad til leiinga om hendingar etter balansedagen, kommunikasjon av avdekka feil som ikkje er korrigert, og dialog med administrasjonen om funn og moglege forbetringar.

Det vert føreteke ei avsluttande analyse, og vurdering av formelle tilhøve. Til slutt kjem vi fram til ein totalkonklusjon, kor vi konkluderer på årsrekneskapen, årsmelding og god bokføringsskikk.

Utviklinga av revisjonsstandardar har gått i retning av meir omfattande og konkrete krav til revisjonen, som i tillegg til å bygge på ein reell risikovurdering, også omfattar kommunikasjon med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll.

Revisjonen av heradet sin årsrekneskap vil som nemnt vera retta mot tilhøve som er vesentlege for brukarane av rekneskapen. Med brukarane tenkjer vi fyrst og fremst på heradet sine politikarar og administrasjon, samt innbyggjarane. Inkludert eksterne rekneskapsbrukarar som statlege myndigheiter med fleire.

4.6. Risiko og vesentlegvurdering - rekneskapsrevisjon

Område	Risikonivå	Kommentar
Meriverdiavgift/-kompensasjon	●	Komplisert regelverk, mange transaksjonar, mange tilsette involvert i handsaming av transaksjonane og bokføringa av inn- og utgåande faktura. Risiko for at heradet urettmessig gjer krav på kompensasjon, eller har feil grunnlag for meriverdiavgift.
Skille investering/drift	●	Forskrift og standard regulerer avgrensing. Har betydning for adgang til lånefinansiering. Risiko for klassifiserings- og vurderingsfeil.
Budsjett- og budsjettoppfølging	●	Budsjett er retningsgivande og avgjer interne prioriteringar i stor grad.
Anna kortsiktig gjeld	●	Risiko for manglande fullstendighet av kortsiktig gjeld i rekneskapen, herunder avsetjing av løyvingar
Anleggsmidlar	●	Risiko for feil i avskrivingsgrunnlag eller avskrivingsatts, herunder risiko for feil i utrekning av minimumsavdrag. Risiko for manglande fullstendighet i anleggsregister.
Avslutning av rekneskapen	●	Risiko for at rekneskapen ikkje vert avslutta i tråd med regelverk
Offentlege avgifter	●	Risiko for fullstendighet og nøyaktigheit. Risiko for mangelfull rapportering til offentleg mynde
Løn	●	Mange transaksjoner. Liten risiko for vesentlege feil. Velfungerande prosess og kontroller
Pensjon	●	Vesentlege forpliktingar og midlar, viktig for tilsette at opplysningar er korrekt registrert hjå pensjonsleverandør.
Inntekter	●	Normalt er det høg risiko knytt til inntekter. Store deler av inntektene i heradet er knytt til statlege tilskot, som har låg risiko, medan deler av andre inntekter kan ha høgare risiko og om mogeleg ha risiko for misleg framferd av leiing og tilsette.
Utgifter	●	Risiko knyttet til regelverk for offentlege anskaffingar og mange tilsette involvert i handtering av inngåande faktura.
Fordringar	●	Risiko for svak oppfølging av uteståande fordringar. Risiko knytt til eksistens og verdsetjing.
Bundne fond	●	Risiko for at avsetjing og bruk ikkje er iht. lov, forskrift og tilskotsytar sine premisser
Bank	●	Risiko knytt til tilgang til bankkonti og utbetalingsrutinar
Leverandørgjeld	●	Risiko for manglande fullstendighet og periodisering av utgifter
Rapportar	●	Risiko for at lovpålagte årsrekneskapsrapporter inneheld manglar i høve lovverk.

4.7. Prioriterte område

Vi gjennomfører årleg naudsynte kontrollar for å kunne konkludere på om rekneskapen inneheld vesentlege feil. I tillegg har vi notert oss følgjande tilhøve som vi vil prioritere for 2024:

- Kontroll med at det er etablert tilfredsstillande intern kontroll i tråd med kapittel 25 i kommuneloven. Vi vil føreta kartlegging og testing av økonomiske og administrative rutinar på forutvalde risikoområde med vesentleg innverknad på rekneskapen.
- Kontroll av at disposisjonar er i tråd med budsjett og premiss for bruken av løyvingane, og om årsrekneskapen inneheld vesentlege avvik frå desse premissa.
- Kontroll av at avslutninga av årsrekneskapen og årsoppgjersdisposisjonar blir gjort i tråd med ny rekneskapsforskrift.

- Kontrollere at årsmeldinga tilfredsstiller krav i lov og forskrift.
- Kontroll anleggsregister.
- Vurdering bundne/ubunde fond.
- Rutinar/avstemming 3. parts opplysningar.
- Vurdere om merknader i revisjonsrapport nr. 4 om årsrekneskapen 2023, er fylgt opp.
- Eventuelle øvrige område som på grunn av spesifikke plikter eller sensitivitet krev særskilt oppfølging.

4.8. Rapportering

Vi er opptatt av å ha ein god og konstruktiv dialog med heradet. Gjennom året vert det lagt opp til ein god og kontinuerleg dialog og oppfølging med blant anna økonomiavdeling og administrativ leining. Det vil vera behov for å sikre kommunikasjon med den øvste leiinga i heradet om vesentlege forhold. I løpet av hausten vil det verta halde møte med kommunedirektør i samband med planlegging av revisjonen. Deretter vil det vera halde oppfølgingsmøter og dialog med tilsette i økonomiavdelinga.

Det går fram av kommunelova § 24-7 at revisor skal gi skriftleg melding om

- a) vesentlege feil som kan føre til at årsrekneskapen ikkje gir riktig informasjon
- b) vesentlege manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- c) vesentlege manglar ved den økonomiske internkontrollen
- d) manglande eller mangelfull utgreiing i årsmelding om vesentlege budsjettavvik
- e) ein kvar misleg framferd
- f) kvifor han eller ho ikkje har skreve under på oppgåver som kommunen eller fylkeskommunen skal sende til offentleg myndigheiter, og som revisor etter lov eller forskrift skal stadfeste
- g) kvifor han eller ho seier frå seg revisjonsoppdraget.

Slike meldingar skal sendast i nummererte brev til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren. Videre skal revisor årleg gi ei skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om tilhøve som er teke inn i nummererte brev, men som ikkje er retta opp eller tilstrekteleg fylgt opp.

Vi vil legge vekt på at revisjonsarbeidet vert utført med god kontakt med administrasjonen, og med skriftleg kommunikasjon der vi finn det naudsynt. Dette kan gjelde tilhøve som ein ynskjer å få avklart og/eller tilrådingar om forbetring i rutinar.

I tillegg til dei pliktige nummererte breva, vil vi utarbeide to statusrapporteringar til kontrollutvalet for kvart revisjonsår. Vi vil i desse rapportane gjere greie for kva som er utført og resultata av arbeidet, opp mot den overordna revisjonsstrategien. Desse rapportane vil bli utarbeidd etter utført interimrevisjon, samt etter gjennomført årsoppgjersrevisjon.

I samsvar med revisjonsforskrifta og gjeldande revisjonsstandardar vil vi utarbeide og legge fram revisjonsmelding til årsrekneskapen.

4.9. Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga

Revisor skal utføre ein årleg forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltinga innanfor eit valt område. Dette inneber at revisor skal sjå etter om heradet si økonomiforvalting i hovudsak er i samsvar med regelverk og vedtak på dette området. Oppgåva skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering som blir gjort kjent for kontrollutvalet. Vidare skal revisor utarbeide ein skriftleg uttale til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen innan 30. juni.

4.10. Risiko og vesentlegvurdering – Etterlevingskontroll

Område	Risikonivå	Kommentar
Sjølvkost	●	Risiko for at: • sjølvkostområdet vert belasta med utgifter som ikkje er relevante • sjølvkostområdet vert ikkje belasta med utgifter som er relevante • heradet ikkje har tilfredsstillande rutiner for vurdering av kostnadseffektivitet på sjølvkostområdet • heradet ikkje har ein forvaltning av sjølvkostfonda som er i tråd med lov og forskrift (nedbygging innan fem år)
Budsjettavvik og budsjettoppfølgning	●	Risiko for at kommune ikkje har tilfredsstillande rutiner for budsjettavvik, herunder at: • budsjett ikkje er realistiske • einingar med vesentlege budsjettavvik ikkje vert fulgt opp • det ikkje vert gjennomført budsjettjusteringar • avvik ikkje vert rapportert til heradstyret
Økonomireglement	●	Risiko for at: • heradet ikkje har vedteke eit økonomireglement iht kommunelova §14-2, d) • økonomireglementet er mangelfullt • økonomireglementet ikkje blir etterlevd
Offentleg støtte	●	Risiko for at heradet yter offentleg støtte ved å: • tilby lån til gunstige vilkår • selge eller leige ut tenester eller driftsmidlar til underpris • kjøpe eller leige tenester eller driftsmidlar til overpris • utvikle infrastruktur som kommer enkelte foretak til gode utan at det vert betalt vederlag • unnlate å krevje inn kommunale avgifter og skatter • betale overkompensasjon for utføring av allmennnyttige tenester
Delegeringsreglement	●	Risiko for manglande oppdatering og oppfølging. Auke av mislegheitsrisiko.
Finansreglement	●	Risiko for at: • heradet ikkje har vedteke, oppdatert og kvalitetssikra finansreglement iht lov og forskrift • heradet ikkje følger finansreglementet herav at rapportering ikkje vert utført og at avvik ikkje vert fulgt opp.
Investeringsprosjekt	●	Risiko for at: • heradet ikkje har tilfredsstillande rutiner for prosjektstyring • det ikkje vert ført prosjektrekneskap • investeringsprosjekt har vesentlege overskridingar
Innkjøp	●	Risiko for at: • heradet ikkje følger regelverk om offentleg anskaffing • heradet ikkje følger interne rutinar for innkjøp
Budsjettavvik og budsjettoppfølgning	●	Risiko for at kommune ikkje har tilfredsstillande rutiner for budsjettavvik, herunder at: • budsjett ikkje er realistiske • einingar med vesentlege budsjettavvik ikkje vert fulgt opp • det ikkje vert gjennomført budsjettjusteringar • avvik ikkje vert rapportert til heradstyret
Rekneskapsavslutning	●	Risiko for at: • heradet ikkje har ferdigstilt årsrekneskap og årsmelding iht. frist • rapportering av årsrekneskapen til KOSTRA ikkje vert gjort tidsriktig • kommunen ikkje har utarbeidd alla forskriftsbestemte oppstillingar av rekneskapen • heradet ikkje har utarbeidd dokumentasjon av alle vesentlege balansepostar.
Sjukelønsrefusjonar	●	Risiko for at: • manglande oppfølging medfører tap av refusjon for heradet • Manglande interne rutinar på oppfølging av sjukemeldingar og NAV

5. Andre oppgåver

I tillegg til revisjon og dei attestasjonsoppgåvene som er omtala, utfører vi også andre oppgåver for heradet som er foreinleg med våre oppgåver som heradet sin revisor. Vi nemnar her forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar samt forskriftsbestemte uttalar frå uavhengig instans i samband med heradet sitt reglement for finansforvalting.

For øvrig vil både kontrollutvalet og administrasjonen kunne be oss å undersøke nærmare særskilde tilhøve og problemstillingar som ikkje går inn under bestemmingane om revisjon.

6. Revisjonsteam

Revisjonsteamet har samla sett solid kompetanse og brei og lang erfaring frå rekneskap og revisjon i både privat og kommunal sektor. Om det skulle oppstå behov for ytterlegare spesialkompetanse, vil dette verta vurdert særskilt.

Revisjonsteamet vil for 2024 bestå av:

Ansvarleg revisor:

Vestlandsrevisjon IKS

Rekneskapsrevisjon:

Oppdragsansvarleg: Janne Eraker

Det vert nytta medarbeidarar på teamet. Det kan bli aktuelt å gjera endringar i revisjonsteamet undervegs i arbeidet.

7. Ressursar

Revisjonshonorar for kalenderåret 2024/2025 tek utgangspunkt i finansieringsmodell vedteke av representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS. Budsjettert honorar blir årleg gjort kjent for kontrollutvalet.



Saksframlegg

Saksnr: 2024/18-2
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	19/24	05.09.2024

Budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad 2025

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Ulvik herad.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i heradsstyret.
3. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i heradet. Forslaget skal følgje sak om årsbudsjettet til heradsstyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Budsjettforslag Ulvik herad 2025

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» står det:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

I reglement for politiske organ, som er vedteke av kommunestyret 25.09.2013, ajourført i februar 2018 står det i pkt. 4.6.2:

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal laga forslag til budsjett, som skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret.

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2025. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, tilrå direkte overfor politisk organ.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Lovgrunnlag.

§ 23-2.Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3.Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4.Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som heradsstyret har vedteke.

Første året i valperioden er det lovpålagt at kontrollutvalet skal utarbeide ein plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og ein plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast i valperioden. Begge planane skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap samt kommunen si eigarskapsoppfølging.

Sekretariatet har teke utgangspunkt i konsumprisindeks hjå SSB som pt. er på 2,8 % og at prisen for revisjonstenester vert auka til kr. 696 306,-.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 4/5 møter i kontrollutvalet for året, med like stor saksmengde som «eit vanleg år».

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er budsjettert i høve reglement. Ny godtgjersle vart justert med ikraftsetjing frå 01.07.2022, dette er og innarbeida i budsjettforslaget for 2025.

Kostnader er medtekne slik at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollutvalskonferanse. Andre kostnader gjeldande medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT), servering på utvalsmøta er og innarbeida. Det er lagt inn ein sum til ekstra tiltaksmidlar til eventuelle ad-hoc oppgåver som til dømes øvrig forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, utgreiing og ekstra oppgåver til dømes bestillingar frå heradsstyret og oppfølging etter medieoppslag.

Pris for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er lagt inn i høve avtale mellom Ulvik herad og Vestland fylkeskommune.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegg til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i heradsstyret. Det er heradsstyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontrollarbeidet i Ulvik herad.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Ulvik herad for 2025

Konto	Tekst		Budsjett 2024	Budsjett 2025
10800	Godtgjersle folkevalde		kr 27 650	kr 27 650
10803	Tapt arbeidsforteneste		kr 7 500	kr 7 500
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste		kr 900	kr 900
	Delsum		kr 36 050	kr 36 050
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)		kr 3 820	kr 3 820
	Delsum		kr 39 870	kr 39 870
11000	Diverse		kr 5 000	kr 5 000
11002	Abonement		kr -	kr -
11002	Abonement		kr -	kr -
11151	Servering på møta		kr 2 000	kr 3 000
11207	Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl.		kr -	kr -
11500	Kurs/konferanse		kr 10 000	kr 10 000
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet		kr 25 000	kr -
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.		kr 10 000	kr 10 000
11601	Køyregodtgjersle.tilsette		kr -	kr -
11951	Kontingentar		kr 4 000	kr 4 000
13300	Kjøp av sekretariatstenester		kr 152 600	kr 157 640
13750	Ekstra tiltaksmidler		kr 20 000	kr 20 000
	Delsum		kr 268 470	kr 249 510
14290	Meirverdiavgift		kr 54 650	kr 49 810
17290	Moms-kompensasjon		kr -54 650	kr -49 810
13750	Vestlandsrevisjon IKS		kr 677 353	kr 696 306
13750	Pensjon tidlegare tilsette i IHR		kr -	kr -
14500	Overført til andre kommunar			
	Total budsjettramme		kr 945 823	kr 945 816

Merknad
5 medlemmer i kontrollutvalet
Erfaringstal

Kurs og konferanse
Reise ifm. konferanser
Forum for Kontroll og Tilsyn
Konsumprisregulert
Konsumprisregulert med 2,8 %



Saksframlegg

Saksnr: 2023/503-6
Saksbehandlar: Kjartan Haugsnes

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Ulvik herad, Kontrollutvalet	20/24	05.09.2024

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det er lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Denne saka er å sjå på som ei formalisering av kommunelova § 11-2 siste avsnitt som seier:
«Alle medlemmer kan stille spørsmål til lederen, også om saker som ikke står på sakslisten».

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsama sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare utgreiing av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt få ei orientering frå kommunedirektøren eller andre i eit seinare møte.